

RAPPORT

DSB årsrapport 2017



Direktoratet for
samfunnstryggleik
og beredskap

DSB årsrapport 2017

| | | |
|----------|--|-----------|
| 1 | Årsmelding frå leiaren..... | 5 |
| 1.1 | Saman blir vi førebudde!..... | 6 |
| 2 | Introduksjon til verksemda og hovudtal..... | 9 |
| 2.1 | Rollene våre..... | 10 |
| 2.2 | Ansvarsområda våre..... | 10 |
| 2.3 | Vår visjon, verksemde- side, verdiar og mål..... | 11 |
| 2.4 | Organisasjon og økonomiske nøkkeltal..... | 12 |
| 3 | Aktivitetar og resultat dette året..... | 15 |
| 3.1 | Redusere sårbarheit i samfunnet..... | 16 |
| 3.2 | Kunnskapsbasert førebygging..... | 28 |
| 3.3 | Styrke samhandling i beredskap og krisehandtering - og betre leiing og styrkt leiingskultur..... | 42 |
| 3.4 | Ressursbruk og effektiviseringstiltak..... | 58 |
| 4 | Styring og kontroll i versemada..... | 63 |
| 4.1 | DSBs overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda..... | 64 |
| 4.2 | Riskostyring og internkontroll..... | 64 |
| 4.3 | Nærare omtale av forhold knytte til styring og kontroll i direktoratet..... | 64 |
| 4.4 | Økonomistyring..... | 65 |
| 4.5 | Oppfølging av revisjonsmerknadene frå riksrevisjonen..... | 65 |
| 4.6 | Personalpolitikk og likestilling..... | 66 |
| 5 | Vurdering av framtidsutsikter..... | 69 |
| 6 | Årsrekneskap..... | 73 |
| 6.1 | Leiingskommentatar..... | 74 |
| 6.2 | Prinsippnote til rekneskapen..... | 76 |
| 6.3 | Løyvingsrapportering..... | 78 |
| 6.4 | Notar til løyvings-rapportering..... | 79 |
| 6.5 | Artskontorrapportering..... | 84 |
| 6.6 | Notar til artskontorrapportering..... | 85 |
| 7 | Vedlegg..... | 91 |
| | Årsrekneskap 2017 for DSB v/avdeling for naud- og beredskapskommunikasjon..... | 92 |

01

Årsmelding frå
leiaren



1.1

SAMAN BLIR VI FØREBUDDE!

Noreg er eit trygt land å bu i. Men ikkje heile tida, sjølv i trygge land skjer både store og små ulukker, kriser og andre uønskte hendingar. DSB si hovudoppgåve er å førebyggje slike hendingar, og bidra til at beredskapen er god og at ressursane finn kvarandre og samarbeider effektivt når ulukker og kriser oppstår. Ei anna viktig oppgåve er å sikre evaluering og læring etter hendingar og øvingar, og implementere nødvendige tiltak.

Dei siste åra har utfordringsbiletet endra seg mykje og raskt på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. Dessverre i negativ retning. Klimaendringar, sårbarheit knytt til teknologi, helseutfordringar, migrasjon, terror, tryggingspolitiske utfordringar og hybride hendingar er døme på område som utfordrar oss lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Samfunnstryggleiks- og beredskapsutfordringane er grenselause – i alle tydingar av omgrepet

For å sikre god og truverdig samfunnstryggleik og beredskap er vi i Noreg avhengige av at ei rekke aktørar – både innan privat, offentleg og frivillig sektor – tek ansvar og samarbeider. DSB har som oppdrag å stø opp om Justis- og beredskapsdepartementet si samordningsrolle.

Det er inga enkel oppgåve. Samordning og koordinering krev kontinuerleg og langsiktig satsing, utover dei enkelte beredskapshendingane. I 2017 har vi gjennomført ei større omstilling – nettopp for å bidra til at vi saman finn dei beste løysingane og kan ta ut synergiar både på kryss og tvers. Men også for å verke meir forstædelege utanfrå.

Resultata av godt samarbeid på tvers må kunne målast i samfunnseffektar. Som nasjonal brannmyndigkeit er det gledeleg at det aldri har omkome færre i brann i Noreg enn det gjorde i 2017. Nedgangen i talet på døde i brann er ein del av ein langsiktig trend som har bakgrunn i godt førebyggjande arbeid – utført av ei rekke ulike aktørar. Men sjølv om nedgangen er positiv, er 25 omkomne i brann – og samtlige i erkjente risikogrupper – 25 personer for mange. Visjonen må være at ingen menneskeliv går tapt i brann!



Cecilie Daae. Foto: Yann Aker.

Godt samarbeid gjev også resultat på andre område. DSB er ansvarleg for forskrifta om kommunal beredskapsplikt, og det er Fylkesmennene som er den viktigaste samordningskanalen for DSB ut mot kommunane. Føresegnene om kommunal beredskapsplikt skal bidra til at kommunen – som er den aller viktigaste aktøren i Noreg for å skape trygge, uthaldande og motstandsdyktige lokalsamfunn – står betre rusta til å førebyggje og handtere uønskte hendingar. Ifølgje kommuneundersøkinga (februar 2017) er det ein markant auke av kommunar som tilfredsstiller minimumskrava til ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, fra 48 prosent i 2016 til 67 prosent i 2017. Det er bra at samarbeidet mellom dei ulike nivåa i forvaltinga gjev resultat. Men resultatet er framleis ikkje godt nok. Målet må vere at alle kommunar oppfyller minimumskrava. DSB ønskjer å stø opp alt vi kan, slik at vi kjem dit. Dette er viktig fordi klimaet er i endring, og vi merkar ein auke i talet på, og styrken i, værrelaterte hendingar. Flaum i sidevassdrag og i urbane strøk er blant dei største utfordringane. Nedbøren fører også til auka skredfare. Kommunane har ei nøkkelrolle i arbeidet med å redusere klimarisikoene.

Også den tryggingspolitiske situasjonen er i endring. Tett og godt samarbeid med både private, frivillige og andre offentlege aktørar er heilt essensielt også i arbeidet med totalforsvarsprogrammet – å vidareutvikle totalforsvaret og å auke motstandskrafta i kritiske samfunnsfunksjonar. DSB har gjennom året hjelpt til i Forsvaret sitt planarbeid og etablering av planar for sivil støtte til Forsvaret. Fokuset har vore å sikre at relevante samarbeids- og beredskapsorgan blir tilpassa utfordringar i samband med tryggingspolitiske kriser og væpna konflikt. DSB har også hjelpt til med å sikre at sivil støtte til Forsvaret i større grad blir integrert i øvingsverksemد og teke inn i sivile og militære øvingsprogram. Øving Trident Javlin vart gjennomført i november og gav oss viktig læringspunkt på vegen mot Øving Trident Juncture i 2018. Trident Juncture vil teste evna vår til å ta mot alliert støtte i ei tryggingspolitisk krisa. Den sivile deltakinga i denne øvinga er omfattande og blir ein viktig milepåle i arbeidet med å vidareutvikle totalforsvaret.

1. mars 2017 fekk DSB ansvaret for naud- og beredskapskommunikasjon og Naudnett overført fra tidlegare Direktoratet for naudkommunikasjon. Verksemdsoverdraginga kravde mykje av organisasjonane, men i løpet av året har vi også byrja å sjå samordningsvinstane. I 2017 har DSB prioritert å halde oppe ei sikker og robust naudnett-tjeneste. Det har også vore mykje fokus på tryggleik i Naudnett i 2017, blant anna knytt til tilsyn frå NSM i samarbeid med NKOM og etterforskning av PST. Det er avdekt alvorlege avvik når det gjeld tryggleik og Naudnett. Det tek vi på største alvor, og har utarbeidd ein heilskapleg handlingsplan og starta arbeidet med å lukke tryggleiksavvika.

I Sivilforsvaret er det spanande tider. I 2017 vart ytterlegare to mobile forsterkingseininger operative, i Bergen og Kristiansand. Forsterkingseiningane styrker den operative evna til Sivilforsvaret, og har alt vorte brukt både i innsats og som førebyggjande beredskap i hendingar. I løpet av 2017 har til saman 4 502 personar frå Sivilforsvaret vore i innsats i totalt 45 148 timer, noko som er ein auke på 15 000 timer frå same periode i 2016. Utfasing av FM-nettet i 2017 medførte at nytt styringssystem for Sivilforsvaret sine lydberarar måtte innførast. Naudnett blir no brukt for å utløyse varslingsanlegga, og resultata frå varslingsprøven i januar 2018 var svært gode.

Sjølv om leveransane frå Sivilforsvaret er etterspurde, er det ingen tvil om at budsjettituasjonen for Sivilforsvaret er utfordrande. Det bidreg blant anna til at materiellsituasjonen er krevjande innanfor fleire område, og at det er utfordrande å oppretthalde eit godt nok kompetansenivå hjå dei tenestepliktige. Situasjonen i dag, medrekna endringar i det tryggingspolitiske biletet og omverda sine forventningar til Sivilforsvaret, gjer det nødvendig å tenkje nytt. På oppdrag frå JD leverte DSB 1. desember 2017 rapporten "Framtidens sivilforsvar – DSBs anbefaling til ny organisering og sivile beskyttelsestiltak."

2017 har også vore eit spanande og innhaldsrikt år for fagområda eltryggleik, produkttryggleik, kjemikaltryggleik og brann og redning. På alle desse områda har vi føreslege og sett i verk endringar som skal gjere oss best mogleg førebudde på framtida. I 2018 vil vi halde fram arbeidet for å lage betre og enklare regelverk og tenester for alle målgruppene våre – ikkje minst befolkninga. Brukarorientering, digitalisering og effektivisering er høgt på DSB sin agenda, og mykje skal og må skje.

Befolkinga er den viktigaste målgruppa for DSB. Å spreie kunnskap om korleis alle som bur i Noreg kan vareta eigen tryggleik og beredskap, har vore viktig i 2017. Det arbeidet vil bli endå meir synleg i 2018. Samfunnstryggleik og beredskap handlar nemleg om å bygge uthald og motstandskraft i personar, system og funksjonar – både lokalt, regionalt og nasjonalt. Og i fred, krise og krig. Det vil krevje både investeringar og prioriteringar for å møte dette heilskaplege krevjande utfordringsbiletet så vi kan realisere vår felles ambisjon:

Saman er vi førebudde!

Tønsberg, 15. mars 2018



Cecilie Daae
Direktør
Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

ÅRSMELDING FRÅ LEIAREN

02

Introduksjon til
verksemda og
hovudtal

2.1 ROLLENE VÅRE

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (heretter omtalt som DSB eller direktoratet) er underlagt Justis- og beredskapsdepartementet (heretter omtalt som JD eller departementet).

Ifølgje DIFI¹ kan direktorata ha tre roller, den iverksetjande, den faglege og etatsleiing. Den faglege rolla omfattar å vere fagleg rådgjevar for departementet og å vere eit kompetanseorgan utetter for sektoren, andre offentlege organ og årmenta. Den iverksetjande rolla omfattar myndighetsutøving (medrekna forvaltning av regelverk og tilskot), jamt å setje i verk vedteken politikk (tiltak/prosjekt, handlingsplanar, kjøp av tenester osv.) og tenesteytande rolle overfor innbyggjarane, næringsliv, organisasjonar. Etatsleiing omfattar å styre, organisere og utvikle underliggjande/ytre etat. DSB er eit direktorat som varetok alle desse rollene.



Foto: Kai Myhre.

2.2 ANSVARSMRÅDA VÅRE

DSB er på vegner av departementet eit fag- og tilsynsorgan på samfunnstryggleiks- og beredskapsområdet. Direktoratet skal ha oversikt over risiko og sårbarheit i samfunnet, vere pådrivar i arbeidet med å forebyggje ulykker, kriser og andre uønskte hendingar, og syte for god beredskap og effektiv ulukkes- og krisehandtering. DSB står opp om Justis- og beredskapsdepartementet si samordningsrolle og fører tilsyn med beredskapsarbeidet i departementa.

Direktoratet varetok embetsstyringa av fylkesmennene på samfunnstryggleiksområdet, og samarbeider med andre fagetatar for å bidra til at fylkesmennene følgjer opp samfunnstryggleiksarbeidet på ein heilskapleg måte innan førebygging og beredskap.

DSB arbeider for eit heilskapleg og systematisk samfunnstryggleksarbeid i kommunen, og gjev føringer for fylkesmennene si rettleiing og tilsyn med kommunal beredskapsplikt og for bruk av fylkesmannen si motsegnsmyndigheit på samfunnstryggleksområdet.

Brann- og redningsvesenet i Noreg er eit kommunalt ansvar. DSB er nasjonal brannmyndighet, sentral tilsynsmyndighet, og gjev føringer for brannvern overfor befolkninga, verksemder og kommunane. Direktoratet har det faglege og administrative ansvaret for Norges brannskole. DSB organiserer nasjonale støtteressursar på brannområdet, slik som skogbrannhelikopter, leiarstøtte ved store skogbrannar og ordninga med redningsinnsats til sjøs.

DSB er forvaltningsmyndighet for tryggleiken ved elektriske anlegg og elektrisk utstyr.

¹ DIFI rapport 2008:14 Direktoratenes faglige rolle. En rolle under økende press?

Ansvaret gjeld også elektromedisinsk utstyr ved sjukehus, elektriske anlegg på skip under norsk flagg og innretningar til havs som kan flyttast. DSB sitt tilsyn med eltryggleiken omfattar både installasjon og drift av elektriske anlegg. DSB gjev føringer for det lokale elektrisitetstilsynet (DLE). DSB har også ansvar for marknadstilsyn av elektriske produkter.

DSB er forvaltningsmyndighet for all handtering av brannfarlege, reaksjonsfarlege, trykksette og eksplosjonsfarlege stoff og for transport av farleg gods på veg og jernbane. Direktoratet fører tilsyn med industri og næringsverksemder/næringsaktørar som handterer desse farlege stoffa, og legg til rette for kommunane sitt tilsyn med anlegg som handterer farlege stoff.

DSB er etatsleiar for Sivilforsvaret, som er ein statleg tenestepliktbasert forsterkingsressurs med hovudoppgåve å stø naudetatane (politi, brann- og redningsvesen, helsevesen) og andre myndigheter i bl.a. redningsaksjonar og katastrofeinnsatsar ved behov. Sivilforsvaret er ein del av atomberedskapen i landet. Det har ansvar for anskaffing, drift og vedlikehald av offentleg varslingssystem, forvaltning og tilsyn med tilfluktsrom, og skal vareta oppgåver som vernar befolkninga i krig. Sivilforsvaret deltek i redningssamvirket, og skal bidra til å styrke samvirke mellom naudetatane, kommunane og andre aktørar i beredskapsarbeidet. DSB er også etatsleiar for Sivilforsvaret sin styrke på 8 000 tenestepliktige, fordelt i operative avdelingar over heile landet.

DSB er JD sitt kompetanseorgan for naud- og beredskapskommunikasjon og skal ha eit sektorovergripande nasjonalt perspektiv. DSB forvaltar staten sin eigarskap til infrastrukturen i Naudnett og har ansvar for drift og forvaltning av nettet, medrekna kontraktsoppfølging overfor leverandørar i Naudnett. DSB skal tilby tenester i Naudnett til naud- og beredskapsorgan isasjonar og til retteleggje for effektiv og riktig bruk av sys temet. DSB har ansvaret for å vareta driftsstøttetenester til Naudnettutstyret ved brann- og redningsvesenets naudmeldesentralar og brann- og redningsvesenet ell es, og for andre brukarar utover naudetatane.

Gjennom rolla som forvaltningsmyndighet for tryggleik ved produkt og forbrukarteenester, arbeider DSB for at tilbydarar av produkt og forbrukarteenester etterlever dei tryggleikskrava

som er sette i regelverket. Direktoratet arbeider også for å tydeleggjere ansvaret den enkelte borgaren har når det gjeld brann- og eltryggleik i eigen heim, risikoene ved bruk av ulike produkt og sikre at den enkelte har god informasjon om risikoforhold i samfunnet, og om korleis ein skal te seg før, under og etter ei krise.

Gjennom arbeid i internasjonale organ varetek DSB, på vegner av Justis- og beredskapsdepartementet, norske interesser i regelverksutviklinga innanfor eige ansvarsområde. DSB varetek også norske interesser og forpliktingar på samfunnstryggleiksområdet i internasjonale samarbeidsorgan i Norden, EU, NATO og FN. DSB yter bistand internasjonalt ved katastrofar. Direktoratet har rolla som nasjonalt kontaktpunkt opp mot NATO, EU og SN sine sivile krisehandteringsmekanismar. I samarbeid med Utanriksdepartementet har DSB ståande beredskap for operativ humanitær innsats, blant anna gjennom Norwegian support team (NST) og Norwegian Undac Support (NUS).

2.3

VÅR VISJON, VERKSEMD-SIDE, VERDIAR OG MÅL

DSB sin visjon:

Eit trygt og robust samfunn – der alle tek ansvar.

Verksemdside:

DSB skal ha oversikt over risiko og sårbarheit i samfunnet. Vi skal vere pådrivar i arbeidet med å førebygge ulykker, kriser og andre uønskte hendingar. Vi skal syte for god beredskap og effektiv ulukkes- og krisehandtering.

DSB sine verdiar er:

Kompetent, resultat, tillit, lagånd og nysgjerrig.

Direktoratet skal bidra til å nå desse måla for justis- og beredskapssektoren:

1. Redusere sårbarheit i samfunnet.
2. Kunnskapsbasert førebygging.
3. Styrke samhandlinga i beredskap og krisehandtering.
4. Betre leiing og styrkt leiingskultur.

2.4

ORGANISASJON OG ØKONOMISKE NØKKELTALL

Verksemda til DSB er lokalisert i heile landet og har i 2017 hatt totalt 610 gjennomsnittlige årsverk².


Hovudkontoret er lokalisert i Tønsberg i Vestfold.

DSB har 5 tilsynsregionar for eltilsyn i høvesvis Harstad, Trondheim, Bergen, Kristiansand og Oslo.

Sivilforsvaret er organisert med ei nasjonal leiring i Tønsberg og 20 sivilforsvarsdistrikt, hovudsakleg inndelte etter fylkesgrensene. Avdeling for naud- og beredskapskommunikasjon (NBK) er lokalisert i Nydalen i Oslo, og i Moss.

DSB har skuleverksemdu ved Norges brannskole (NBSK) i Tjeldsund i Nordland, Nasjonalt utdanningssenter for samfunnstryggleik og beredskap (NUSB) i Asker i Akershus og Sivilforsvarets nasjonale kompetansesenter på Starum i Oppland.

Direktoratet sitt organisasjonskart og leiring per 31.12.2017 var som følgjer:



² Årsverksdefinisjon (DFØ): Talet på årsverk er definert som ein person i 100 % stilling i eit heilt år. Talet på årsverk blir berekna som sum av månadsverk delt på talet på månader. Årsverksberekinga blir ikkje redusert av ferieuttag eller avspasering av fleksitid og reisetid, men blir redusert for alt anna fråveret ≥ 1 dag. Om fråveret/permisjonen er med eller utan løn, har ikkje noko å seie for berekninga.

Leiinga i DSB per 31.12.2017:

- Direktør: Cecilie Daae
- Assisterende direktør: Kristin Cordt-Hansen
- Assisterende direktør: Per Kristen Brekke
- Avdelingsdirektør Analyse og nasjonal beredskap (fungerande): Elisabeth Longva
- Avdelingsdirektør Sivilforsvar (fungerande): Arnstein Pedersen
- Avdelingsdirektør Brann og redning (fungerande): Hans Kristian Madsen

- Avdelingsdirektør Naud- og beredskapskommunikasjon (fungerande): Nina Myren
- Avdelingsdirektør Eltryggleik: Torbjørn Hoffstad
- Avdelingsdirektør Næringsliv, produkt og farlege stoff: Anne Rygh Pedersen
- Avdelingsdirektør Administrasjon: Elisabeth Askim
- Avdelingsdirektør Kommunikasjon: Eva Honningsvåg
- Avdelingsdirektør HR: Kirsten Agerup

| NØKKELTAL | 2017 | 2016 ³ |
|---|-----------|-------------------|
| Samlet tildeling (i tusen kroner) | 2 015 587 | 778 498 |
| Utnyttingsgrad | 98,2 % | 97,2 % |
| Driftsutgifter (i tusen kroner) | 1 344 493 | 676 105 |
| Lønsdel av driftsutgifter | 41,9 % | 61,8 % |
| Talet på årsverk | 610,2 | 536,6 |
| Lønsutgifter per årsverk (i kroner) | 922 531 | 778 156 |
| Talet på tenestepliktige i Sivilforsvaret | 8 000 | 7 855 |
| I samsvar med vedtak i DFØ skal ikke DNK inkluderast i tala for 2016 | | |

Definisjoner for nøkkeltall:

- *Samla tildeling* er sum summen av "Samla tildeling" for post 01–99, jf. oppstilling av løvvingsrapporteringa.³
- *Utnyttesgrad* er berekna slik: Brukte midlar post 01–29 i prosent av tilgjengelige midlar post 01–29. Brukte midlar blir berekna slik: Rekneskap post 01–29 pluss brukte belastningsfullmakter post 01–29, jf. oppstilling av løvvingsrapporteringa og Note B. Tilgjengelege midlar blir berekna slik: Samla tildeling post 01–29 pluss mottekne belastningsfullmakter post 01–29 minus avgjevne belastningsfullmakter post 01–29 pluss disponibel meirinntekt i samsvar med meirinntektsfullmakt, jf. oppstilling av løvvingsrapporteringa og note A og B.
- *Driftsutgifter* er "Sum utbetalingar til drift" i samsvar med oppstilling av artskontorrapporteringa.

- *Antall årsverk*: Ett årsverk er definert som ein person i 100 % stilling i eit heilt år. Talet på årsverk blir berekna som sum av månadsverk delt på talet på månader. Årsverksberekinga blir ikkje redusert av ferieuttak eller avspasering av fleksitid og reisetid, men blir redusert for alt anna fråvær ≥ 1 dag. Om fråværet/permisjonen er med eller utan løn, har ikkje noko å seie for berekninga.
- *Lønsutgifter per årsverk* er "Utbetalingar til løn", delt på talet på årsverk, jf. oppstilling av artskontorrapporteringa og note 2.
- *Antall tjenestepliktige i Sivilforsvaret* har auka til 8 000 i samsvar med Stortinget sitt mål om total styrke i Sivilforsvaret. Styrken er fordelt i operative avdelingar over heile landet.

³ I samsvar med vedtak i DFO skal ikke DNK inkluderast i tala for 2016.

03

Aktivitetar og
resultat dette året



3.1

REDUSERE SÅRBARHEIT I SAMFUNNET

Delmål 1 - tildelingsbrev 2017:

Auka evne hjå brann- og redningsvesenet til å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar.


3.1.1 BRANN- OG REDNINGSOMRÅDET I ENDRING – STYRKTE BRANNTRYGGLEIK

DSB er nasjonal brannmyndighet overfor dei kommunale brann- og redningsvesena.

Brann- og redningsvesenet er den viktigaste kommunale beredskapsressursen og handterer ei lang rekke type oppdrag. Figuren under viser fordelinga av oppdraga til tenesta i 2017.

| | |
|--------|--|
| 16 | Naudmeldesentralar |
| 268 | Brann- og redningsvesen |
| 11 500 | Tilsette i brann- og redningsvesen (ca.) |
| 1 300 | Tilsette i førebyggjande inkludert feiarar |
| 4,1 | Mrd. kroner i kommunale nettoutgifter til brann- og redning |
| 618 | Brannstasjonar |
| 95 | Prosent av befolkninga når ein innan 10 minutt |
| 4,7 | Mrd. kroner i utbetalte erstatningar til brann (BraSK) |
| 50 | Prosent der brann og redning er første naudetat på staden |
| 94 | Prosent av befolkninga har stor tillit til brann- og redningsvesenet |
| 57 | Prosent uthyrkingar til unødig meldingar og alarmar |
| 4 | Prosent kvinner i brann- og redningsvesenet |

TABELL 1. Tal om brann.



FIGUR 1. Brann- og redningsvesenet sine reelle oppdrag 2017 fordelt på hovudkategoriar⁴

Målt i talet på omkomne er branngryggleiken i Noreg vorten betre dei siste 10 åra. Figur 2 nedanfor viser utviklinga i talet på omkomne sidan 1979, målt i både tal og per 100 000 innbyggjarar.


25 personar omkom i brann i 2017, 14 menn og 11 kvinner. Dette er det lågaste talet som nokosinne er registrert. Av desse omkom 21 i eigen bustad. Vidare døydde 8 i bustad tildelt av kommunen, medan 7 fekk heimetenester.

RISE Fire Research AS gjennomførte i 2017 på oppdrag frå JD og DSB ein analyse av dødsbrannar i Noreg i perioden 2005 til 2014. Ved å kombinere informasjon frå både brann- og redningsvesenet si hendingsrapportering, politiet sine etterforskningsrapportar, pasientjournalar og

Dødsårsaksregisteret vart det avdekt ny informasjon om kva risikofaktorar som er forbunde med dei som omkjem i brannar i Noreg. For dei som har nådd pensjonsalder, er det i hovudsak fire risikofaktorar som går att: Nedsett førlegheit, nedsett kognitiv evne, psykiske lidingar og røyking. For dei som er omkomne før pensjonsalder, er det risikofaktorane kjend rusmisbruk, psykiske lidingar, alkoholpåverknad og røyking som utmerkar seg, anten åleine eller i kombinasjon med kvarandre. Samtidig blir det avdekt i analysen at det er aukande risiko for å omkome i brann med aukande alder og at det er risiko knytt til det å vere åleine.

⁴ Kjelde: BRIS. Berre godkjende oppdrag. Unødige og falske alarmar og meldingar er ikkje inkluderte.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET



FIGUR 2. Talet på omkomne i brann 1979–2017.

Utdanning av brann- og redningspersonell

Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen definerer krava til utdanning for brann- og redningsvesenet, og Norges brannskole er ansvarleg for å tilby utdanning til brann- og redningspersonell. Delen som tilfredsstiller krava til utdanning er over 90 prosent for brannkonstablar, utrykkingsleiarar som har heiltidsstilling, og for brannsjefar. Også for førebyggjande personell, avdelingsleiarar og feiarar er delen som tilfredsstiller dagens krav rundt eller over 80 prosent⁵. For desse stillingstypene er delen med utdanning relativt stabil fra 2015–2016.

Mange kommunale brann- og redningsvesen har framleis deltidspersonell utan forskriftsfesta kompetanse. Ved utgangen av 2016 mangla om lag 1/3 av deltidsutrykkingsleiarar og brannkonstablar utdanning i samsvar med utdanningskrava. Delen som ikkje tilfredsstiller krava har likevel vorte redusert frå 2015. *Talet som gjennomførte "beredskapsleiring trinn 1 for deltid (utrykkingsleiarar)" auka frå 117 i 2016 til 195 i 2017, og talet på deltidsbrannfolk på konstabelnivå som har gjennomført utdanning, har auka frå 426 til 502.*

Hovudgrunnen til auken i talet på utdanna deltidsbrannfolk er at fleire av de praktiske kursa er gjennomførte regionalt med fagleg støtte og tilrettelegging for det enkelte brann- og redningsvesenet. *At fleire blir utdanna, får auka kunnskap og fagleg innsikt, bidreg til auka kvalitet på tenesta.*

Program Brannstigen

DSB skal vere pådrivar for utvikling av brann- og redningsvesenet. Brannstigen vart etablert som program i 2016 for utvikling av brann- og redningsvesenet for framtida, med områda "Framtidens brann og redningsvesen", "Forbedret nødmeldetjeneste", "Risikobasert forebygging" og "Ny utdanning". *Programmet vil gje meir effektiv organisering, styrkt kompetanse og auka handteringsevne for å stø opp under redusert sårbarheit i samfunnet. Brannstigen har gjeve meir merksemd ute i fagmiljøa og i kommunane om behovet for å endre og tilpasse tenesta til nye utfordringar.* Dette ser vi blant anna gjennom at det blir etterspurt meir informasjon om komande regelverksendringar, korleis oppgåver kan varetakast framover, og at det er nødvendig å samarbeide breiare.

⁵ Kjelde: Melding om brannvernet. 2016-tal. 2017-tal ligg ikkje føre pr. 15. februar 2018.

Ny utdanning for brann- og redningspersonell

Det blir gjort omfattande endringar i utdanningssystemet for brann og redningspersonell. *Endringane skal auke kvaliteten i opplæringa, sikre jamnare kompetanse og dermed bidra til meir effektiv førebygging og betre beredskap. Ein annan forventa effekt er auka mangfold i brann- og redningsvesenet.* Alle endringane blir gjorde i nært samarbeid med brann- og redningsvesenet, og med innspel frå samvirkeaktørar og andre samarbeidspartnarar.

Regeringa har vedteke å etablere fagskuleutdanning for brann- og redningspersonell som skal jobbe i heiltidsstillingar. Utdanninga vil vere open og tilgjengeleg ved at ho blir ein del av det ordinære utdanningssystemet, og vil ta inn 160 studentar årleg. *Den to-årige utdanninga vil gje kompetanse innan førebygging, beredskap og naudalarmering. Dette vil sikre brann- og redningsvesenet personell med ei heilskapleg forståing som kan nyttast i heile oppgåve- og krisespekteret.* Arbeidet med fagskulen er organisert som eit prosjekt i tett samarbeid med fagmiljøet. Prosjektet blir leidd av ei styringsgruppe der både brann- og redningsvesen og Hovudredningssentralen er representerte.

DSB fekk i desember tildelt til saman 42 millionar kroner frå gåva frå Gjensidigestiftelsen til det norske folk, "Det store brannløftet". Midlane skal gå til 3 ulike prosjekt som skal bidra til å utvikle brann- og redningsvesenet og styrke branngryggleiken i Noreg:


- Digital læringsarena for brann- og redningsvesenet.
- Forsterking av arbeidet mot risikoutsette grupper.
- Tilgjengeleggjering av BrIS-data.

DSB har i 2017 lagt mykje kapasitet i å utgreie nytt opplæringskonsept for deltidspersonell. Framtidig løysing skal gje eit meir fleksibelt opplæringsløp og høgare kvalitet. I tillegg til at fagmiljøet deltek i sjølv utgreiingsarbeidet, er det etablert ei brei referansegruppe for å sikre innspel frå fagmiljøet. Utgreiinga blir ferdigstilt første kvartal 2018. I 2017 ferdigstilte DSB ei konseptutgreiing for å etablere ein digital læringsarena som skal bidra til auka kvalitet i grunnutdanning, etterutdanning og erfaringslæring for alt brann- og redningspersonell. Gjensidigestiftelsen finansierer gjennom "Det store Brannløftet" det som skal bli ein fleksibel læringsarena tilpassa behova brann- og redningsvesenet har.

Risikobasert førebygging og arbeid mot risikoutsette grupper

Risikobiletet på brannområdet er endra. Medan kommunane tidlegare har brukt store ressursar på oppfølging av særskilte brannobjekt, viser statistikken no at om lag 90 prosent av dei som omkjem i brann, omkjem i bustad. 75 prosent tilhører ei risikoutsett gruppe. Dei siste åra har det for dei risikoutsette gruppene vore omtrent like mange omkomne i aldersgruppene over og under 67 år.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET



FIGUR 3. Omkomne i brann – risikoutsette grupper.

Mange av dei som har ein høgare risiko for å omkomme i brann, tek mot heimetenester og oppfølging frå eit kommunalt tenesteapparat. Tverrsektorielt samarbeid har dei seinare åra vore framheva som ein viktig føresetnad for god branngjørgleik. *Effekten av denne formidlinga byrjar å vise seg ved at stadig fleire kommunar set i verk systematisk arbeid og samarbeid om dei risikoutsette gruppane.* Dette gjeld særleg samarbeid mellom helse- og omsorgstenesta og brann- og redningsvesenet. For å få fleire kommunar til å setje i verk samarbeid, har direktoratet i 2017 arbeidd med å auke merksemda frå og kunnskapen i kommunane om branngjørgleik for risikoutsette grupper, og har saman med Helsedirektoratet laga ein rettleiar om samarbeid mellom kommunale tenesteytarar. Det er løyvd midlar frå Gjensidigestiftelsen gjennom "Det store brannløftet" til å forsterke rettleiingsarbeidet DSB gjer overfor kommunane.

Det er utarbeidd ein rettleiar til private og offentlege verksemder som eig bygningar. Rettleiaren skal styrke det systematiske tryggingsarbeidet i verksemndene slik at den positive utviklinga med få brannar i særskilte brannobjekt blir halden ved lag. Det er også gjennomført formidlingsaktivitetar overfor eigarar av bygverk i samarbeid med Norsk kommunalteknisk forening (NKF).

Direktoratet har også revidert ein rettleiar for saksbehandling og varetaking av brann- og eltryggleik i jernbane- og banetunnelar.

Det gode førebyggjande arbeidet som blir gjort ute i kommunane, viser seg i nedgangen i talet på dødsbrannar dei siste åra. Målretta kommunikasjonsaktivitetar og branngjøringskampanjar er utført av brann- og redningsvesen, Det lokale eltilsynet, forsikringsbransjen, Norsk branngjøringsforening og DSB er også medverkande årsaker til desse gode tala.

Forbetra naudmeldeteneste

Arbeidet for ei forbetra naudmeldeteneste skal sikre betre innsats overfor naudstilte, legge til rette for god samordning mellom naudetatane og skape sterke fagmiljø med høg kompetanse. DSB har i 2017 hatt fleire aktivitetar som står opp under forbetring av naudmeldetenesta.

Samlokalisering av naudmeldingssentralar

DSB samarbeider med Politidirektoratet om arbeidet med samlokalisering av 110-sentralane og politiet sine operasjonssentralar. I mars 2017 vart samlokaliseringa i Innlandet 110-region (Hamar) ferdigstilt. I mai 2017 vart 110-sentralen, politiets operasjonssentral og AMK-sentralen i Nordland (Bodø) samlokaliserte.

I desember 2017 vart samlokaliseringa i Møre og Romsdal (Ålesund) ferdigstilt. Det er pågåande aktivitetar for gjennomføring av samlokalisering i Aust og Sør-Aust (blir sluttført mars/april 2018). Prosjekteringsarbeid er sett i gang i Troms med estimert ferdigstilling mot slutten av 2018/byrjinga av 2019.

Dei tidlege røynslene frå dei samlokaliserte sentralane viser alt at *samlokaliseringa har bidrige til auka kjennskap til og forståing for korleis dei/den andre sentralen handterer hendingar. Sentralane kan melde om at dei har nytte av kvarandre når det gjeld nærliek, kunnskap og informasjon i både små og store hendingar.* Fordelen ved at sentralane no til saman utgjer eit større fagmiljø regionalt, blir blant anna drege fram som omgående positive effektar.

Vinstar av samlokalisering er forventa i form av kvalitetsforbetringar over tid på forhold som kjennskap på tvers, informasjonsdeling, felles hendingshandtering og samvirke. Det er utarbeidd ein felles vinstrealiseringsplan for alle dei samlokaliserte sentralane. Dei samlokaliserte sentralane skal fortløpende gjennomføre ei rekke samvirkefremjande aktivitetar, og verknaden av desse vil bli målt jamleg over fleire år framover. Figuren under viser tidspunkt og type måling av samvirkefremjande aktivitetar ved dei samlokaliserte sentralane. I tillegg til dette vil Helsedirektoratet setje i gang følgjeforsking av arbeidet med samlokalisering av naudmeldingssentralane i Drammen og Bodø.

| Region | Tilstandsmåling | Aktivitetsmåling* |
|-----------------|------------------|-------------------|
| Innlandet | Juni-august 2017 | ✓ → |
| Nordlandet | Juni-august 2017 | ✓ → |
| Møre og Romsdal | November 2017 | ✓ ○ |
| Aust | Februar 2018 | → ○ |
| Sør-Aust | Juni 2018 | ○ ○ |

✓ Gjennomført

→ Sett i gang

○ Planlagt

*Aktivitetsmåling blir teken opp att to gonger åleg i tre år etter samlokaliseringstidspunktet.

FIGUR 4. Status måling av vinstar av samlokalisering i naudmeldingstenesta.

Forvaltning av brann- og redningsvesenet sitt utstyr tilknytt Naudnett

DSB eit brann sine radioterminalar og IKT-løysingar på 110-sentralane som er tilknytte Naudnett. Dette inneber at DSB også har ansvaret for å forvalte utstyret. For å kunne hjelpe naudstilte på ein tilfredsstillande måte er 110-sentralane avhengige av tidsriktnige kommunikasjonsløysingar. Dagens oppdragshandteringssystem for brann treng å fornyast, derfor sende DSB ut ein RFI (request for information) for oppdragshandteringssystem for brann i siste halvdel 2017. Som ei følgje av nærpoltireforma og nye 110-regionar blir no alle brann sine radioterminalar reprogrammerte for å sikre framleis samhandling og kommunikasjon mellom naudetatane og andre beredskapsbrukarar.

Det at DSB no også eit og forvaltar Naudnett gjer at fag- og kompetanserolla DSB har på brann- og redningsområdet no har tilgang til eit teknologisk miljø som kan bidra til å auke forståinga om tekniske løysingar og utviklingsområde.

eCall

eCall⁶ skal gje befolkninga i heile EU ein ny og rask måte til å kunne kommunisere med naudmeldetenesta ved trafikkulukker. Føremålet med eCall er å auke tryggleiken og redusere talet på skadde og omkomne. I tillegg skal det også bidra til å redusere tap av verdiar. Dette er eit døme på korleis den teknologiske utviklinga treffer naudetatane og naudmeldesentralane. I Noreg skal 110-sentralane som ei prøveordning ta mot meldingane. Ordninga blir evaluert fortløpende, og ho skal avsluttast etter to år. DSB har starta arbeidet med å skaffe utstyr til sentralane og implementere løysingane.

Brann- og redningsvesen for framtida – revidert forskrift

Ein viktig del av DSB sitt arbeid i 2017 med å leggje til rette for at kommunane skal ha brann- og redningsvesen med god evne til å førebyggje og handtere også større og krevjande hendingar, har vore revidering av dimensjoneringsforskrifta. Forslaget vart levert til JD 1. november. Forskrifta fastset sentrale premissar for korleis arbeidet til dei kommunale brann- og redningsvesena skal drivast, og det har derfor vore viktig for DSB å utarbeide

henne i tett samarbeid med representantar frå brann- og redningsvesenet og andre relevante partar.

I forslaget held ein fast på viktige føresegner i forskriftera av i dag, særleg krava knytte til bemanning, tidskrav og vaktordningar for beredskap og bemanning for førebygging. Det er viktig å vidareføre desse krava for å halde ved lag den desentraliserte beredskapen vi har i Noreg og sikre at vi beheld dei førebyggjande ressursane. Samtidig har vi lagt til rette for nødvendige endringar for at brann- og redningsvesenet skal kunne yte endå betre tenester til innbyggjarane i framtida. Nokre av dei viktigaste forslaga til endringar er krav om tre heiltidsleiarar i alle brann- og redningsvesen og tydelegare krav til ROS-analysar, beredskapsanalysar og nytt krav til ein førebyggjande analyse. DSB meiner at krav om heiltidsleiing vil bidra til profesjonelle og slagkraftige brann- og redningsvesen og dermed betre tenester for innbyggjarane og næringsliv i kommunane.

Det er også foreslege nye og tydelegare føresegner om ansvaret kommunane har for naudkommunikasjon i brann- og redningsvesenet, blant anna plikt til å nytte Naudnett, samlokalisering av naudmeldesentralane med politiet sine operasjonssentralar og krav til minste bemanning i operatørrommet på naudmeldesentralane.

Kapasitetar knytte til beredskap

DSB har overordna ansvar for nokre kapasitetar som skal bidra til betre beredskap ved større hendingar; skogbrannhelikopterberedskap og redningsinnsats til sjøs (RITS).

Skogbrannhelikopterberedskap

Å syte for skogbrannhelikopterberedskap er ei kostbar og ressurskrevjande teneste for kvart enkelt brann- og redningsvesen. DSB har derfor sidan midten av 1980-talet administrert ein nasjonal beredskap med skogbrannhelikopter som ein ressurs, og sytt for ein beredskap med helikopter som hjelper brann- og redningsvesen i handtering av brannar i skog og anna utmark.

Skogbrannhelikopteret har hjelpt brann- og redningsvesen 16 gonger i 2017, 14 brannar relaterte til skog og utmark, ein bygningsbrann og eit barkfyllingsdeponi.

⁶ Utstyr som gjer at det ved trafikkulukker automatisk blir gjort ei oppringing til eit naudnummer frå køyretøyet.

Det har vore sett ekstra beredskap i 49 døgn i 2017. Den faste beredskapen vart avslutta 15. august 2017. Helitrans AS har i 2017 selt begge tungløfthelikoptera sine ut av Noreg, og DSB har derfor starta ein anskaffingsprosess for å kunne teikne ny kontrakt for denne tenesta for 2018.

Tilgangen på helikopter med tung løftekapasitet, 3 tonn eller meir, er frå 2018 redusert. Ny fast skogbrannhelikopterberedskap vil ikkje kunne baserast på helikopter med tilsvarende løfteevne som den skogbrannhelikopterberedskapen hadde ut 2017.

RITS

RITS er ein spissa nasjonal kapasitet som utviklar seg godt fagleg i dei deltagande brann- og redningsvesena. Vi ser at kjennskapen til tenesta er aukande blant aktørane i redningstenesta. Døme på dette er at RITS er eit tema i MARPART-prosjektet – eit internasjonalt samansett FoU-prosjekt i regi av Nord universitet i Bodø. Det er også ein del av det nordiske samarbeidet innan redning, og følger som tema i øvingar og i diskusjon rundt utvikling av NORDRED-avtalen. RITS vart også omtalt i Stortinget sin granskingskommisjon som gjekk gjennom brannen på Scandinavian Star og som leverte sluttrapporten sin hausten 2017.

DSB held oppe beredskapen gjennom særskilte avtalar. Samtidig er det eit ønske om å kunne dreie RITS-tenesta frå å vere ein lokal og regional beredskapsressurs til også å vere ein nasjonal kapasitet som kan nyttast som innsatsstyrke på andre typar hendingar. RITS kjemikal er eit døme, der Kystverket har vidareutvikla kunnskap og tildelt meir utstyr til to utvalde brann- og redningsvesen i RITS-ordninga.

RITS har såleis gjeve auka medvit i brann- og redningsvesena om behovet for utvikling av spissa redningstekniske kapasitetar og samarbeidsutsikter også på tvers for ulike rednings- og beredskapsaktørar.

3.1.2 OPPFØLGING AV FUNN OG IMPLEMENTERING AV FORBETRINGS- OG LÆRINGSPUNKT ETTER HENDINGAR, ØVINGAR, OG TILSYN

Delmål 2 - tildelingsbrev 2017:

Auka evne til implementering av forbettings- og læringspunkt etter hendingar, øvingar, tilsyn og funn i samband med annan verkemiddelbruk.

Arbeidet med samfunnstryggleik i departementa

Difi og FFI gjennomførte i 2017 ei evaluering av tilsyna med departementa. Parallelt med dette har DSB ferdigstilt ei intern evaluering av den tredje runden av tilsyn med departementa. Funn i evalueringane viser at det er behov for endringar i ordninga.

Slik tilsyna har vore gjennomført til no, er dette ein lite effektiv måte å skaffe oversikt over det samla arbeidet med samfunnstryggleik. Evalueringane peikar også på behovet for å endre ordninga frå frekvensbasert til risikobasert tilsyn. Begge desse endringane er følgde opp i ny samfunnstryggleksinstruks, og DSB har utarbeidd forslag til ny tilsynsordning. Forslaget til ny tilsynsordning vart sendt over til JD hausten 2017.

JD fastsette i 2017 ny samfunnstryggleksinstruks⁷ for departementa. Bakgrunnen var blant anna påpeiking frå Riksrevisjonen om at krava til departementa i kgl.res. 15. juni 2012 har vore for uklare. Helsetilsynet peika på det same i sitt tilsyn med JD. Også funn frå evalueringane av tilsynsordninga dannar bakgrunnen for innhaldet i ny instruks. Krava til departementa er tydelegare ved blant anna eksplisitt å vere knytte opp til trinna i risikostyringsprosessen. Dei tidlegare detaljerte krava til øvingsfrekvens er erstatta med eit funksjonskrav om at øvingsaktiviteten skal vere tilstrekkeleg til at departementet kan vareta ansvaret for krisehandtering.

⁷ Instruks for departementa sitt arbeid med samfunnstryggleik (samfunnstryggleksinstruksen). Fastsett av Justis- og beredskapsdepartementet 1. september 2017.

DSB bidrog med innspel til arbeidet med instruksen. På bakgrunn av den nye instruksen fekk DSB i oppdrag av JD å revidere rettleiaren for samfunnstryggleiksarbeidet i departementa. Rettleiaren er forventa å bli ferdigstilt 1. kvartal 2018.

DSB har hjelpt JD og andre departement i arbeidet med status- og tilstandsvurderingar. Arbeidet er nært knytt opp mot Totalforsvarsprogrammet sine satsingsområde, også medrekna rapporteringa til NATO på "Seven Baseline Requirements".

Gjennomføring av øvingar og samordningsrolla
Øving Trident Javelin 2017 vart gjennomført 8.–17. november. DSB hadde ei koordinerande rolle for dei sivile aktørane som deltok i øvinga. DSB leidde også planleggingsarbeidet på sivil side. Scenario for øvinga var ein høgintensiv NATO artikkel 5-operasjon⁸ på norsk territorium, der Noreg skal ta mot allierte forsterkingar.

Evalueringsprosessen etter øving Trident Javelin vil halde fram ut i 2018, men nokre funn er tydelege. Øvinga viste utfordringar med kommunikasjon på gradert samband mellom aktørane i Totalforsvaret. Mangel på graderte kommunikasjonslinjer utfordrar informasjonsflyten. Vidare såg ein eit behov for eit samanstilt situasjonsbilete og ein avklaring av kven som skal lage dette.

Øvinga er tett knytt saman med øving Trident Juncture som blir gjennomført 2018, og er ei førebuing til denne. Øvingsmåla for 2017 fokuserte i hovudsak på å få på plass og prøve ut rutinar for kommunikasjon og kommunikasjonsplattformer. Dette er rutinar som må vere på plass for øvinga i 2018. Funn og læringspunkt frå øvinga i 2017 skal nyttast i førebuingane til øvinga i 2018, og i arbeidet med å revidere planverk.

Som ei oppfølging av HarbourEx (2015) har ei breitt samansett arbeidsgruppe utarbeidd ein tiltaksplan. Desse tiltaka rettar seg spesielt mot utvikling av samordning, samvirke og kommunikasjon, og er meinte å ta nasjonal beredskap eit skritt vidare. Eitt av tiltaka var å utarbeide ein nasjonal rettleiar for liaisonfunksjonen. Føremålet med rettleiaren er å bidra til auka medvit om potensialet i liaisonfunksjonen i samband med krisehandtering og andre krevjande situasjoner. Målgruppa er alle

offentlege, private og frivillige organisasjonar som kan gje eller ta mot liaison. Rettleiaren vart ferdig i 2017.

Noreg har eit godt samarbeid med SNS Høgkommissær for flyktningar (UNHCR), og Sivilforsvaret sitt nasjonale kompetansesenter på Starum har i ei årrekke vore vertskap for "Workshop on Emergency Management" øvingane (WEM). Norwegian Support Team (NST), bidreg i desse øvingane saman med Sivilforsvarets sentrallager og nasjonal leiing. Øvinga gjev kunnskap om arbeid i felt, evaluering av camp-struktur, materiellet som blir brukt og behovet for ressursar. Gjennomføringa av kursa gjev god øving og erfaringsslæring med tanke på stabsarbeid. Vertskapsrolla tilfører SFK læring blant anna gjennom førebuing og utarbeiding av ulike scenario, gjennomføring av øvinga og leveranse av avanserte markørar. Tilbakemeldingane er svært gode og erfaringane bidreg i utvikling av SFK.

Vidare har Sivilforsvaret delteke med mannskap og materiell i øvinga SCOPE 2017 (Skagerak Chemical Oilspill Prevention Excercise), den største øvinga av sitt slag som har vorte arrangert i Noreg. Øvinga hadde 600 deltakarar frå 30 ulike organisasjonar, og representantar frå 44 var land var til stades. I tillegg deltok 18 store fartøy, 11 små fartøy, to fly, og eit helikopter. Sivilforsvaret har ved fleire høve hjelpt Kystverket med både mannskap og materiell ved tidlegare oljeutslepp langs kysten.

Nye krav til oppfølging av evalueringar
Sidan 2016 har DSB arbeidd med å utvikle rettleiingsmateriell knytt til planlegging, gjennomføring og evaluering av øvingar. Rettleiingsmateriell består av ei grunnbok og fleire metodehefte, blant anna for ulike type øvingar. I 2017 vart det ferdigstilt eit metodehefte for evaluering av øvingar. Dette skal publiseraast i 2018. I tillegg er det under utarbeiding eit metodehefte for kontrollerfunksjonen / lokal øvingsleiar. *Ei sams tilnærming til arbeidet med øvingar vil bidra til at det blir enklare å øve saman, både på lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå.*

I 2017 utarbeidde DSB også ein rettleiar for departementa om oppfølging av læringspunkt etter øvingar og hendingar.

⁸ Artikkel 5 i Atlanterhavspakta, som skår fast at "eit åtak på eit medlemsland er eit åtak på heile alliansen".

Rettleiaren tek utgangspunkt i dei nye krava til oppfølging av læring etter hendingar og øvingar som blant anna er omtalte i Meld. St. 10 (2016–2017). Den nye samfunnstryggleiksinstruksen stiller også krav om at det enkelte departementet skal kunne dokumentere at det "evaluerer hendelser og øvelser, og sørger for at funn og læringspunkter følges opp gjennom en ledelsesforankret vurdering og tiltaksplan". Rettleiaren kan sjåast på som ei utdjuping av reglane i instruksen.

DSB har ansvar for dei tverrsektorielle evalueringane av øvingane Trident Javelin og Trident Juncture. Evalueringane ser ein i samanheng med føremålet om å vurdere korleis totalforsvaret kan stø opp om NATO i ein artikkel 5-situasjon. *Øvingane og evalueringane skal bidra til å utvikle totalforsvaret og i tillegg DSB-prosjektet "Sivil støtte til Forsvaret".*

Gjennom Nasjonalt øvings- og evaluatingsforum har DSB ansvar for å vere ein pådrivar for samhandling slik at oppfølging av tverrsektorielle læringspunkt etter øvingar og hendingar blir følgd opp og implementert på ein god måte. DSB arrangerte i desember 2017 eit erfaringsseminar i Nasjonalt øvings- og evaluatingsforum der sentrale aktørar presenterte implementerte tiltak, og gav ei vurdering av effekten av tiltaka

Oppfølging av forslaga til forbetingstiltak frå øvingsevalueringar dei siste åra vil etter DSB si vurdering styrke den nasjonale beredskapen, særleg med tanke på samordning, samvirke og kommunikasjon.

3.1.3 INTERNASJONALT SAMARBEID OG BEREDSKAP MED VEKT PÅ NATO, SN, EU OG NORDEN

DSB har også i 2017 delteke i internasjonalt samarbeid, særleg i regi av NATO, SN og EU. Direktoratet har også delteke i regionale samarbeidsforum i Norden, Austersjørådet og under Barents-samarbeidet.

EU

EU er framleis rekna som den største og viktigaste internasjonale aktøren DSB samarbeider med. EU si Ordning for sivil beredskap (Union Civil Protection Mechanism - UCPM)⁹, som DSB forvaltar deltakinga

i, har vore gjennom ein evaluatingsprosess i 2017. Hovudkonklusjonen frå evalueringa er at EU ønskjer ei endå sterkare og meir handlekraftig ordning for framtida. Bakgrunnen er blant anna dei mange og kraftige skogbrannane i Europa gjennom året, men også erfaringane EU har gjort seg frå dei siste åra med flyktning- og migrasjonskrise. DSB deltek i forum og arbeidsgrupper under EU si Ordning for sivil beredskap, faste møte i Civil Protection Comitte (CPC), og på generaldirektormøta.

I 2017 vart det levert tre prosjektsøknader frå DSB til EU si Ordning for sivil beredskap. Eit av prosjekta fekk tilsegn, med ei støtte på 650.000 Euro. Prosjektet skal studere sårbarheit ved straumbortfall i byar, og er eit samarbeid mellom DSB, Oslo, Bergen og Stavanger og i tillegg Nederland og Latvia.

EU-kommisjonen lanserte rett før årsskiftet eit nytt ambisiøst lovforslag, RescEU. Arbeidet med dette forslaget og innverknad på Noreg si deltaking i eksisterande Ordning for sivil beredskap vil ha stor merksemd frå DSB inn i 2018.

Eit hovudtema for samarbeidet og forholdet mellom EU og NATO har vore oppfølginga av felleserklæringar som skal auke samarbeidet mot hybride trugslar gjennom operasjonelt samarbeid for cybertryggleik. Eit av tiltaka er opprettinga av eit kompetansesenter innan hybride trugslar (CoE) i Helsingfors.

I 2016 vart Helsedirektoratet og DSB bedne om å etablere eit pilotprosjekt med ei tverrsektoriell beredskapsordning i form av eit norsk Emergency Medical Team (NOR-EMT). I løpet av 2017 er pilotprosjektet utvikla i samarbeid med Forsvaret, Folkehelseinstituttet og dei regionale helseføretaka, og planlagt sertifisert av FN og EU i februar 2018.

Ny risiko blir introdusert knytt til produksjon og lagring av alternative drivstoff, og ved fyllestasjonar for skip, personbilar og tungtransport. For å sjå til at tryggleiken er vareteken når nødvendig infrastruktur blir etablert, har DSB som fagetat for farleg stoff det siste året prioritert å følgje utviklinga på området. Internasjonalt har DSB delteke i møte i regi av ESSF Sub-Group on LNG (European Sustainable Shipping Forum) og EMSA (European Maritime Safety Agency).

⁹ Prop. 105 S (2013–2014) av 23. mai 2014 – Norsk deltagelse i EUs ordning for sivil beredskap (2014–2020).

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

Begge organisasjonane er å rekne som rådgjevarar for EU blant anna i samband med EU sitt arbeid med implementeringa av direktivet for "alternative fuel infrastructure" (DAFI). I Noreg blir arbeidet med implementering leidd av dette direktivet av Samferdselsdepartementet, og også her er DSB involvert.

DSB har som fagansvarleg sektoretat for eksplosiv og utgangsstoff for eksplosiv teke del i EU-kommisjonens "Standing Committee on Precursors". EU-kommisjonen reviderer no forordninga for utgangsstoff for eksplosiv. På bakgrunn av det engasjementet og dei røynslene DSB har på området, vart DSB bede om å leie ei eiga arbeidsgruppe for å fremje konkrete forslag til endring av forordninga slik at berre profesjonelle brukarar skal få tilgang til utgangsstoff. *Arbeidet med å hindre utgangsstoff frå å kome ut av den loylege handteringskjeda er ein del av det terrorførebyggjande arbeidet i Europa, og bidreg til å auke tryggleiken til befolkninga.*

SN

SN speler ei nøkkelrolle i koordinering av humanitær respons til naturkatastrofar og komplekse kriser, hovudsakleg gjennom SN sitt kontor for koordinering av humanitær innsats (UN OCHA). DSB deltek i fleire ordningar og nettverk under OCHA og innanfor samarbeidsområde som beredskap, miljø og humanitære innsatsoperasjonar.

I 2016 vart det sett i gang ein prosess med å operasjonalisere alt eksisterande retningslinjer for sivilt-militær koordinering. I 2017 har DSB teke ei meir aktiv rolle i denne prosessen, blant anna ved å delta i den rådgjevande gruppa i tillegg til at direktoratet har hatt ein person sekondert til OCHAs seksjon for sivilt-militært samarbeid (CMCS) knytt til standardiseringsarbeid.

UNDAC (United Nation Disaster Assessment and Coordination) er SN sitt krisehandteringsteam ved katastrofar, spesielt naturkatastrofar. Gjennom året har norske UNDAC-medlemer delteke på obligatoriske treningar i regi av SN, og på ulike opplæringstiltak. Noreg har bidrige med monaleg instruktørstøtte ved kurs og treningsverksemid i regi av SN OCHA, og støtte til konseptutviklingsarbeid.

SN arrangerer jamleg møte innanfor transport av farleg gods på veg og jernbane der DSB er fagetat og representerer Noreg. Etter 2010 har talet på køyretøy med såkalla krokløft for å frakte komprimert naturgass og biogass, auka. Etter fleire uhell i Noreg med krokløft-løysingar knytte til transport av avfall, starta DSB i 2015 arbeidet med å få til endringar i regelverket internasjonalt for transportar med farleg gods. Etter fem behandlingar i ulike SN-forum vart forslaget frå DSB behandla i mai, og DSB fekk gjennomslag. *Endringane i farleg gods-regelverket vil føre til ein betre transporttryggleik og skal gjelde frå 2019.*

Sivilforsvaret sitt nasjonale kompetansesenter blir brukt jamleg av SN til gjennomføring av kurs, samlinger og øvingar. Dette er ein viktig og synleg del av DSB sitt UD-finansierte bidrag til SN. I 2017 har det vore arrangert fire kurs: OCHA – FIRST training, 2 UNHCR-kurs, og OCHA – IMPACT training i november, alle med gode tilbakemeldingar.

NATO

I 2017 var arbeidet med sivil beredskap konsentrert om å skape motstandsdyktigheit og robustheit i sivile samfunnsfunksjonar og kritisk infrastruktur. Noreg har markert seg som eit føregangsland på mange av desse områda, og er ein pådrivar i eit arbeid med motstandsdyktigheit, jf. arbeidet med å utvikle totalforsvaret.

Fleire nordiske forum og møte følgde opp NATO sitt fokus på auka motstandsdyktigheit og trugselen frå hybride åtak. Det er etablert eit godt nordisk samarbeid på dette grunnlaget i 2017.

NATOs militære myndigheter er særleg opptekne av eit godt sivilt beredskapsarbeid som ein viktig faktor for å stø opp om militære operasjonar. Komiteen for sivil beredskapsplanlegging har i samarbeid med sivile ekspertar og faggrupper konkretisert mål for kvar av dei sju krava og utarbeidd retningslinjer som skal bidra til at medlemslanda set i verk tiltak for å oppnå dette. DSB har teke del inn i dette arbeidet.

Noreg har teke på seg å vere vertsnasjon for den store NATO-øvinga Trident Juncture i 2018. DSB har fått oppgåva med å koordinere norsk sivil deltaking.

Planlegging for øvelsen har foregått i 2017. At Norge har påtatt seg vertskapet for øvelsen, har fått mye positiv oppmerksomhet også i det sivile beredskapsmiljøet i NATO.

Norden

DSB har eit godt samarbeid med dei nordiske søsterorganisasjonane. Mykje av samarbeidet går føre seg innan veletablerte og kjende rammer, og særleg under dei såkalla «Haga-erklæringane». Haga I-erklæringa dreidde seg om samarbeid om å førebygge og redusere konsekvensane av større ulukker, natur- og menneskeskapte katastrofar og andre fredstidskriser.

Haga II-erklæringa frå 2013 har mål om eit meir robust Norden gjennom blant anna førebygging, handtering og gjenoppretting etter alvorlege hendingar. I den samanhengen er eit nordisk samarbeid innan sivil beredskap ved tryggingspolitiske kriser og utviklinga av nasjonale totalforsvar særleg viktig.

Grenseoverskridande kommunikasjon

Noreg og Sverige er dei første landa i verda som har laga bru mellom dei nasjonale naudnetta sine. Dette gjer at norske og svenske naud- og beredskapsaktørar kan samvirke i felles talegrupper på tvers av landa og ved innsats i nabolandet. Naudetataane og andre brukarar førebuar seg til å ta tenesta i bruk, men er blant anna avhengig av reprogrammering av radioterminalar. DSB og vår svenske samarbeidspartner, Myndigheten för samhällsskydd och beredskap (MSB), har felles forvaltning av avtaleverk, retningslinjer og talegrupper.

DSB arbeider no saman med Erillisverket, eigar av det finske Virve-nettet, for tilsvarande teneste mellom Noreg og Finland. Testing av den tekniske løysinga i gang, og DSB samarbeider med naudetatar og andre brukarar det vedkjem i begge land. Første offisielle samtale mellom Naudnett og Virve fann stad 8. desember 2017.

Austersjørådet og Barents-samarbeidet

Under generaldirektormøtet på Island i mai 2017 vart ei ny felleserklæring og handlingsplan vedtekne. Kor viktig det er å styrkje eigenberedskap og risikomedvit i befolkninga vart framheva som viktige satsingsområde. DSB har styrkt aktivitetene i

Austersjørådet i 2017, og vil også framover legge vekt på samarbeidet i dette rådet.

Øving Barents Rescue vart gjennomført i Russland i byrjinga av september, og DSB deltok i øvingsplanlegginga.

Internasjonal innsats og bistand

Direktoratet er nasjonalt kontaktpunkt innan sivil krisehandtering opp mot NATO, EU og SN sine sivile krisehandteringsmekanismar. DSB fekk 35 førespurnader om bistand via EU sitt Emergency Response Coordinaton centre (ERCC) i 2017.

DSB har ei gruppe med norske ekspertar som enkeltvis kan nominerast til oppdrag for SN eller EU. I 2017 vart ein norsk UNDAC-ekspert sendt på oppdrag til Madagaskar og ein norsk EUCP (EU Civil Protection)-ekspert sendt til Dominica, begge etter øydeleggingar frå tropiske stormar.

DSB bidreg med utstyr ved humanitære kriser. I januar sende Noreg 47 tonn med medisinsk utstyr til Mosul i Irak for ein verdi av om lag 10 mill. kroner. Materiellet gjekk inn i SN sin humanitære respons i området. Bidraget vart finansiert av Utanriksdepartementet, og transportkostnadene vart i stor grad dekte av EU.

I samarbeid med Utanriksdepartementet har DSB ståande beredskap for humanitær innsats, blant anna gjennom Norwegian support team (NST) og Norwegian Undac Support (NUS). Norwegian Support Team (NST) leverer komplette teltleirløysingar for hjelpearbeidarar i felt, anten åleine eller saman med DSB sine søsterorganisasjonar i International Humanitarian Partnership (IHP). Det har i 2017 vore utført tryggleiksopplæring av personellet. NUS består av små team som leverer feltmessige IKT-/sambandsressursar, hovudsakleg for SN og krisevurderingsteamet deira. NUS har leidd den sentrale IKT-arbeidsgruppa innan IHP, og ressursen blir brukt ved internasjonale kurs og øvingar.

I 2017 har NUS hjelpt til med to IKT-ekspertar og utstyr til Karibia i september, på oppdrag for UN Office for the Coordination of Humanitarian Affairs (OCHA), som del av eit UNDAC-oppdrag i samband med orkanen Irma.

Teamet gav støtte til SN sitt krisevurderingsarbeid på Barbados, Antigua, Anguilla og British Virgin Islands.

Samarbeidet med Høgskolen i Søraust-Noreg materialiserte seg i 2017 blant anna i eit seminar om Tillit og samfunnstryggleik. Seminaret vart svært godt motteke.

3.2 KUNNSKAPSBASEERT FØREBYGGING

Delmål 3 - tildelingsbrev 2017:

Betre kunnskapsgrunnlag innan eige forvalningsområde som skal ligge til grunn for eigen verkemiddelbruk og fagleg støtte til politikkutforminga i departementet.

3.2.1 KUNNSKAPSUTVIKLING OG FELLES PLANLEGGINGSGRUNNLAG

Forsknings- og utviklingsarbeid i DSB

DSB sin FoU-strategi ligg til grunn for FoU-arbeidet i DSB. Det blir arbeidd systematisk for å følge opp satsingsområda i strategien: God kunnskap om risiko og risikostyring, god kunnskap om effekt av verkemiddelbruk, og synleg og systematisk FoU-arbeid.

Systematisering av FoU-arbeidet er vorte vesentleg styrkt i 2017. Det er laga ei oversikt over utvalde relevante tema og eit notat om publiseringsindikatorar, som gjev ei orientering om ulike mål for vurdering av prestisjen tidsskrifta har. Det er også laga ei oversikt over institutt/senter, universitet/høgskular, program/prosjekt mv. med relevans for DSB. Oversikta omfattar nær 40 institutt/senter, over 20 forskingsmiljø og tilhørande utdanningstilbod tilknytte høgare utdanning og i tillegg ei rekke relevante forskingsprosjekt. Ei oversikt over ulike omgrep og definisjonane deira er utarbeidd og gjord tilgjengeleg som ein internressurs. Samtidig gjev arbeidet med målretta kunnskapsformidling, gjennom FoU-arrangement, auka rom for å ta i bruk forskingsbasert kunnskap inn i DSB sitt arbeid. Desse FoU-seminara bidreg til å skape relasjonar mellom ulike FoU-miljø og DSB.

Som ein del av Gjensidigestiftelsen si gavé til det norske folk, prosjektet "Det store brannløftet", er det sett av om lag 35 mill. kroner til forsking. Gjensidigestiftelsen har gjeve Noregs Forskningsråd oppgåva med å forvalte desse midlane gjennom etablering av ein sentermodell. DSB har bidrege i planlegginga og er med i satsingsstyret.


Analyse av krisescenarioer (AKS)

Fram til 2017 har DSB analysert 23 ulike krisescenario. To nye risikoanalysar er gjennomførde i 2017: "Hybrid åtak mot Noreg" og "Antibiotikaresistens: MRSA-utbrot i Vestfold". Det analyserte hybride åtaket består av eit cyberåtak mot straumforsyninga og informasjonsåtak mot legemiddelforsyninga. Analysen er gjennomført i nært samarbeid med sentrale fagmiljø som PST, NSM, Forsvarets stabsskule, Helsedirektoratet, Legemiddelverket og NVE. Folkehelseinstituttet, Veterinærinstituttet og Mattilsynet har spelt ei sentral rolle i arbeidet med krisescenarioet om antibiotikaresistens.

Bruk av analysar av krisescenario

I Kommuneundersøkinga 2017 var det formulert eit spørsmål knytt til kor nyttig kommunane opplevde AKS-rapportane å vere for eige arbeid. Det same spørsmålet vart stilt til fylkesberedskapssjefane i ei undersøking i 2016. Resultata er oppsummerte på neste side.

Resultat spørjeundersøking i embeta om DSB sine verkemiddel oktober 2016




Gjennomsnittleg skår for nytta av nasjonalt risikobilete (NRB, no kalla AKS) blant fylkesberedskapsjefane var 4,3 på skalaen frå 1 til 5. NRB skårar høgast av dei 13 DSB-tenestene

og -produkta det vart spurt om nytteverdien av. Alle fylkesberedskapsjefane meinte at NRB var nyttig (skår 3-5), medan 50 prosent meinte at NRB var svært nyttig.

Nytta kommunane har av DSB sine verkemiddel KU17

Spørsmål om DSB sine verkemiddel i kommuneundersøkinga 2017

DSB står bak ei rekke produkt og tenester som skal bidra til å styrke arbeidet i kommunane med samfunnstryggleik og beredskap. Kor nyttig meiner du dei følgjande er for å styrke arbeidet med samfunnstryggleik i kommunen din?



AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

Gjennomsnittleg skår for nytta av NRB blant kommunane var 3,6 på skalaen frå 1 til 5. NRB ligg på 5. plass av dei ti DSB-tenestene og -produkta det vart spurt om nytteverdien av.

62 prosent av fylkesberedskapssjefane meinte at NRB var nyttig, medan 18 prosent meinte at NRB var svært nyttig.

Frå ei brukarundersøking om NRB gjennomført oktober 2014, veit vi at nesten alle departement og fylkesmannsembete brukte NRB i eige arbeid, medan halvparten av kommunane gjorde det. Også mange av dei underliggjande etatane til departementa brukte NRB (83 prosent).

Desse undersøkingane stadfester at NRB/AKS i stor grad blir brukt i eige arbeid med samfunnstryggleik av aktørar både på sentralt, regionalt og lokalt nivå. I tillegg bidreg prosessen med analysane til viktige arenaer for utveksling av informasjon og forståing mellom aktørar.

Kunnskapsbanken

Kunnskapsbanken er arbeidstittelen på ei løysing som skal bidra til auka kunnskap på samfunnstryggleiksfeltet. Løysinga skal levere nye kunnskapsprodukt, metodestøtte og teknologistøtte for samanstilling, tilgjengeleggjering og publisering av data, og støtte til analyseprosessar.

Kunnskapsbanken skal bidra med systematisk oversikt over risiko og sårbarheit, og legge til rette for gode falege analysar innan samfunnstryggleiksfeltet.

Effektmålet for prosjektet "Redusere samfunnet sitt tap av verdiar som følge av uønskte naturhendingar" står opp om målet JD har for samfunnstryggleikskjeda.

DSB starta planlegginga av prosjektet Kunnskapsbanken i andre halvår 2017. DSB sine samarbeidspartnarar i Naturfareforum er også sentrale i arbeidet. Prosjektet er støtta gjennom medfinansieringsordninga DIFI har for digitaliseringaprosjekt med 15 mill. kroner.

Resultatmåla for Kunnskapsbanken er presiseringar av DSB sine mål om at DSB skal ha kunnskap og oversikt, levere tenester med høg kvalitet og utnytte ressursane innovativt og effektivt. *Resultatmålene til prosjektet er:*

- Betre oversikt over risikoområde.
- Samanstille data om uønskte hendingar og konsekvensar av desse.
- Styrkt kunnskapsgrunnlag for risiko- og sårbarheitsanalysar.
- Betre analysar av naturhendingar og konsekvensane deira for samfunnsverdiane.
- Styrkt samarbeid mellom styresmakter om formidling av informasjon om risiko og sårbarheit.
- Styrkt kunnskapsgrunnlag for samfunnsøkonomiske analysar av førebyggingsstiltak.
- Styrkt førebyggjande samfunnstryggleiksarbeid lokalt, regionalt og nasjonalt.

Dei viktigaste brukarane av Kunnskapsbanken skal vere fylkesmenn og kommunar. Løysinga vil likevel også kunne gje vinstar for fleire brukarar og knytt til flere typar uønskte hendingar.

Prosjektet er kompetansehevande og relasjonsbyggjande og er vorte godt motteke av eksterne og interne samarbeidspartnarar.

Kunnskapsbaserte brann- og redningsvesen

Rapporteringsløysinga BRIS (Brann, Redning, Innrapportering og Statistikk) vart teken i bruk av alle brann- og redningsvesen i landet i 2016, for å skape eit kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling av brann- og redningsområdet i Noreg. Hausten 2017 vart det gjennomført ei brukarundersøking blant alle brann- og redningsvesen for å vurdere brukarane si oppfatning og effektar av BRIS. Undersøkinga viser blant anna følgjande:

- 83 prosent er alt i alt svært godt eller godt nøgd med rapporteringsløysinga BRIS.
- 88 prosent er heilt eller delvis samd i at BRIS er ei brukarvenleg løysing.
- 87 prosent er heilt eller delvis samd i at tidsbruken ved registrering av hendingar og oppdrag er akseptabel.

Når det gjeld effektar av BRIS på kunnskapsutvikling, er dette som venta ein langsiglig prosess, som også er avhengig av mange andre faktorar enn BRIS. Mange brann- og redningsvesen synest det er krevjande å bruke data frå løysinga, og data derfrå er ikkje tilgjengelege for andre enn DSB og brann- og redningsvesena. Delen brann- og redningsvesen som har teke i bruk statistikk som grunnlag for utvikling

av eigne oppgåver har likevel auka mykje etter at BRIS vart innført.

DSB fekk i 2017 midlar av Gjensidigestiftelsen til å gjere data frå BRIS enklare tilgjengelege for analyse og formidling for brukarane. Data skal presenterast på ein måte som gjer at brann- og redningsvesenet kan bruke dei direkte som grunnlag for sentrale arbeidsprosessar knytte til førebygging, beredskap og avgjerdssprosessar. I tillegg skal data frå BRIS leggjast betre til rette for eksterne brukarar. Det er forventa at dette vil gje monaleg auke i bruken av BRIS, og dermed bidra til samfunnseffektar som eit tryggare samfunn og redusert tap av verdiar. Arbeidet med vidareutvikling av BRIS vil gjennomførast i 2018 og 2019.

BRIS vart valt ut som ein av fire finalistar til Direktoratet for økonomistyring (DFØ) sin konkurranse om effektive tiltak i staten, Betre statprisen 2017, der løysinga fekk heiderleg omtale.

3.2.2 SAMFUNNSTRYGGLEIKS- OG BEREDSKAPSARBEID PÅ SENTRALT, REGIONALT OG LOKALT NIVÅ

Fylkesmannen sitt arbeid med samfunnstryggleik
Fylkesmennene er DSBs viktigste kanal ut mot kommunane og mot andre regionale aktørar. DSB følger opp fylkesmennene gjennom styrende dokumenter, årsrapportering, styringsmøter og gjennom ulike møtefora.

Fylkesmennene er den viktigaste kanalen DSB har ut mot kommunane og mot andre regionale aktørar. DSB følger opp fylkesmennene gjennom styrende dokument, årsrapportering, styringsmøte og gjennom ulike møteforum.

I 2017 vart det gjennomført to fagsamlingar for fylkesberedskapssjefane, og erfaringsseminar for planområdet og tilsynsseminar. Frå 2017 har også Sysselmannen på Svalbard teke del på samlingane.

Det vart også gjennomført styringsmøte med fylkesmennene i Buskerud, Agder, Østfold og Troms.

DSB har skrive til fylkesmennene om behovet for at samfunnstryggleik og beredskap blir godt vareteke og gjeve ei tydeleg plassering i organisering av fylkesmannsembeta i samband med regionreforma. Dette er også formidla gjennom

felles etatsstyringsmøte med fylkesmennene og i styringsmøta. DSB har sendt ut brev som klargjer forventninga vår til embeta med tanke på tilgjenge, og om den vidare utviklinga av totalforsvaret.

DSB ser at fylkesmennene jobbar godt og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap, både i oppfølginga av kommunane og overfor andre regionale aktørar. Dette gjev seg blant anna utslag i stadig betre resultat i den årlege kommuneundersøkinga frå DSB. Vi ser også at fylkesmannen i større grad enn tidlegare tek den regionale samordningsrolla si og at fylkesberedskapsråda er vorte ein viktig samordningsarena på regionalt nivå.

Kommunal beredskapsplikt

Forskrift til kommunal beredskapsplikt stiller nokre minimumskrav til den heilskaplege ROS-analysen i kommunane. Kommuneundersøkinga (februar 2017) viser at 96 prosent av kommunane har gjennomført heilskapleg ROS. Undersøkinga viser også ein markant auke av kommunar som tilfredsstiller fleire av minimumskrava, frå 48 prosent i 2016 til 67 prosent i 2017.

Heile 98 prosent av kommunane har ein overordna beredskapsplan. Når vi sjekkar for utvalde krav, fell likevel prosentdelen monaleg. 53 prosent har ein overordna beredskapsplan som tilfredsstiller utvalde krav. *Resultata i år viser ein auke av kommunar som tilfredsstiller fleire av minimumskrava til overordna beredskapsplan, frå 41 prosent i 2016 til 53 prosent i år, men det er stadig rom for forbetring.*

Ny rettleiar for forskrift om kommunal beredskapsplikt er utarbeidd, med planlagd publisering første halvår 2018. Han legg til rette for sams rammer og forståing av dei enkelte føresegnene til kommunal beredskapsplikt. Gjennom rettleiaren, og formidling av denne, er det forventa at kommunane får ei betre forståing av ansvaret dei har for å sjå heilskapen i samfunnstryggleiksarbeidet, blir betre i stand til å jobbe systematisk med samfunnstryggleik og beredskap, og ser samanhengen mellom det heilskaplege ansvaret kommunen har og det ansvaret som ligg hos ulike verksemder og lokale aktørar.

Beredskapsplanverk og Sivilt beredskapssystem

DSB, Sivilforsvaret og fylkesmennene er omfatta av det nasjonale beredskapsplanverket, Nasjonalt beredskapssystem. Den sivile delen av planverket er Sivilt beredskapssystem (SBS). Både DSB og fylkesmennene har ansvarsområde som er omtalte i planverket. Planverket er overordna, og styresmakter som er omfatta, bør ha eigne underliggjande planverk som operasjonaliserer og konkretiserer eige ansvar slik det er formulert i SBS.

Planverket er endra dei siste åra, og det har vore behov for å revidere underliggjande planverk i ei rekke sektorar. DSB har i 2017 leidd eit prosjekt som har revidert underliggjande planverk til SBS i DSB for Sivilforsvaret. Vidare er det utarbeidd malar for underliggjande planverk hos fylkesmennene. *Revisjonen styrker evna til å kunne vareta eige ansvar og oppgåver dersom det skulle oppstå ein situasjon der SBS blir teke i bruk*

Fylkesmennene har som følgje av prosjektet fått eit godt utgangspunkt for utarbeidning av eigne underliggjande planverk, og bruk av felles mal gjer også at desse planverka blir heilskapleg utarbeidde på tvers av fylkes- og regionsgrenser.

I tillegg til å auke kvaliteten på SBS-planverket, har prosjektet bidrige til kompetanseheving hos DSB og fylkesmennene om det nasjonale beredskapssystemet. DSB har avdekt behov for justeringar i det overordna SBS-planverket. Forslag til justeringar er sende JD.

Det er som ei forlenging av dokumenta frå DSB utarbeidd terrorberedskapsplan og tryggingsinstruks for sivilforsvarsdistrikta. Trugselsituasjonen og trugselvurderinga frå PST blir følgd opp i dialog med politiet.

Vidare er det utarbeidd mal for SikringsROS til bruk i sivilforsvarsdistrikta på bakgrunn av trugselvurderingane frå PST.

Sivilforsvaret har teke del i revisjon av ny rettleiar for redningstenesta (LRS mønsterplan) og ny handbok for redningstenesta i samarbeid med andre nasjonale samvirkeaktørar.

3.2.3 EØS-MIDLANE – KLIMATILPASSING OG CBRNE

Gjennom EØS-midlane bidreg Noreg til sosial og økonomisk utjamning i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS). Støtta styrker også samarbeidet mellom Noreg og mottakarlanda. Arbeidet er organisert gjennom ei rekke program, der norske etatar deltek som programpartner.

Førre programperiode (2009–2014), der DSB har delteke på programområdet *Climate Change Adaptation*, vart avslutta i 2017. DSB har vore programpartner (DPP) i Slovakia (saman med NVE), Ungarn, Portugal og Latvia (saman med Miljødirektoratet). Sluttrapport er sendt over til Financial Mechanism Office med kopi til JD. *Gjennom samarbeidet har DSB opparbeidd eit omfattande kontaktnett i mottakarlanda, fått mykje innsikt i relevant arbeid i mottakarlanda, og mykje internasjonal erfaring.*

CBRNE-prosjekt med Polen

Med finansiering gjennom Norway Grants 2009–2014, deltok DSB saman med FFI i eit CBRNE- prosjekt. Prosjektet var ledd i utvikling av ein nasjonal strategi for CBRNE-beredskap i Polen. Erfaringsutveksling og kunnskapsdeling var viktige element i prosjektet, som var eit forprosjekt til eit større CBRNE-prosjekt som skal gjennomførast mellom Polen og Noreg under EØS-midlane 2014–2021. Prosjektet med Polen vil mest sannsynleg bli sett i gang i 2019 med ei finansieringsramme på 6 mill. euro.

3.2.4 ELTRYGGLEIK

Noreg er eit av dei mest gjennomelektrifiserte landa i verda og der energibehovet blir dekt gjennom eigenprodusert "grøn energi". Eltryggleiksnivået er høgt, men nye forventningar og ei rekke endringar i samfunnet vil påverke behov og utsikter innanfor eltryggleiksarbeidet framover. At eit moderne samfunn i stadig aukande grad er avhengig av stabil og sikker straumforsyning, vil stille store krav til eltryggleik og teknisk tryggleik i anlegg og utstyr.

Når det kjem til tryggleik, står enkelte verksemder på staden kvil medan det hos andre er observert monalege forbetringar i tryggingsnivået og haldninger til tryggingsarbeidet.

Uvær medfører ofte omfattande lokale feilsituasjonar som resulterer i relativt lange bortfall av straum. Slike hendingar dannar grunnlag for regelverksendringar.

Det vart i 2017 rapportert inn 462 ulukker med elektrisk årsak, der 123 medførte personskade og ein person døydde. Talet på registrerte ulukker har vore stigande dei siste åra, og tendensen synest å vere at eit aukande tal ulukker får større konsekvensar. Talet på dødsulukker vik også frå trenden dei seinare åra sjølv om talet er lite.

Sterke trendar av relevans for eltryggleiken

Høgt investeringsnivå innan energiforsyninga
Noreg står overfor eit historisk høgt investeringsnivå innan energiforsyninga. Frå byrjinga av 1990-talet og fram til i dag har det vore ein lang periode med låge investeringar. Dette har snudd, og det er no sett i gang og planlagt store investeringar og rehabiliteringar av både produksjonsanlegg og straumnett. Det er estimert at nettselskapa skal investere for nær 140 mrd. kroner fram til 2025.¹⁰ Statnett åleine planlegg å investere 40–50 mrd. kroner i nettanlegg fram til 2020.¹¹ Vi vil også i aukande grad få straumkundar (konsumentar) som også sjølv vil produsere energi – såkalla prosumentar. Dette styrkjer tilbodet av energi, samtidig som uregulert elektrisitetsproduksjon kan gje utfordringar for den primære energiforsyninga.

Elektrifisering av transportsektoren

Det er i gang ei omfattande elektrifisering av transportsektoren. God eltryggleik er ein føresetnad for at *det grøne skiftet* skal bli ein realitet. Dei siste åra har det vore ein sterk vekst i talet på elektriske køyretøy på norske vegar.¹² Ved utgangen av 2017 var det registrert nesten 140 000 elbilar og 9 000 ladepunkt i Noreg. Veksten kjem til å halde fram, og elektrifiseringa innan transportsektoren omfattar også andre transportmiddel som bussar og ferjer. Regjeringa har varsla at ein vil legge til rette for bruk av landstraum i norske hamner¹³, og Statens vegvesen, som sentral kravstiller til ferjer, har teke opp behov for større grad av standardisering av landtilkoplingar. Det er no vedteke landtilkoping også for Hurtigruten.

Digitalisering av energiforsyninga

Ei raskt tiltakande digitalisering av energiforsyninga inneber effektivisering og betre overvaking av nett og anlegg, men gjev også nye former for risiko for uønskte hendingar.

Dei siste åra har digitaliseringa i energiforsyninga auka ytterlegare, og med den pågående utrullinga av 2,5 mill. Smarte straummålarar (AMS)¹⁴ gjev dette energiforsyninga nye, store utsikter til å analysere, effektivisere, planleggje og vedlikehalde drifta av straumnettet. Det gjev også nettselskapa høve til å lokalisere og reparere feil raskare, og med det auke både eltryggleiken og forsyningstryggleiken.

Strukturendringar i elektrobransjen

Strukturendringar i energibransjen og andre sektorar har noko å seie for DSB si oppfølging av eltryggleiken. Auka konkurranse om oppdrag og internasjonalisering medfører at nye verksemder vil kome inn i marknaden. Dette vil kunne verke inn på risikonivå og valet av tilnærming direktoratet gjør. Som ei særleg problemstilling kjem auka risiko for arbeidslivs- og økonomisk kriminalitet, som også verkar inn på eltryggleiken.

Utanlandsk arbeidskraft og kompetanse

Det er eit høgt innslag av utanlandsk arbeidskraft også innanfor elektroarbeid. Det er behov for å ha like god oppfølging av kvalifikasjonar og kompetanse hos desse som for fagfolk med utdanning frå Noreg. Utfordringar er knytte til arbeidstakrarar som er vane med ein annan type arbeids- og tryggleikskultur, og med tekniske løysingar som ikkje tilfredsstiller norske krav. Vidare er det utfordringar med kontroll på dokumenterte kvalifikasjonar og risiko for dokumentfalsk. Dette kan føre til auka risiko for ukvalifisert arbeid på elektriske anlegg.

Viktige forhold på forbrukarsida er blant anna risiko for auka privat import av utstyr som ikkje tilfredsstiller europeiske tryggleikskrav, integrasjon av kommunikasjonsløysingar i elektrisk utstyr, høgare effektforbruk, gamle elektriske anlegg som ikkje nødvendigvis er dimensjonert for nye bruksmønster og "Smarte hus"-løysingar.

¹⁰ <http://ssb.no/energi-og-industri/artikler-og-publikasjoner/kraftinvesteringer-i-støtet> (Statistisk sentralbyrå, publisert 8. desember 2016.)

¹¹ <http://statnett.no/Media/Nyheter/Nyhsarkiv-2016/Statnett-opprettholder-investeringsnivaet-i-stromnettet/>

¹² Meld. St. 25 (2015-2016): *Kraft til endring*.

¹³ Meld. St. 25 (2015-2016): *Kraft til endring*, side 204-205.

¹⁴ Alle straumkundar i landet skal få AMS-målarar innan 1. januar 2019.

Klimaendringar og ekstremvår

Klimaendringane vil sannsynlegvis føre til "eit varmare og villare vær" i Noreg.¹⁵ Det er forventa eit auka tal tilfelle av ekstremvær.¹⁶ Ekstremvind, mykje nedbør på kort tid, havnivåstiging og stormflod, ising på linjenettet, tørkeperiodar og lynnedsLAG vil påverke eltryggleiken ved at ein både kan forvente direkte skadar på anlegg og potensielt fleire indirekte skadar gjennom auka belastning på elektriske anlegg og utstyr.

Samfunnsendringar

Ei rekke endringar i samfunnet vil i vesentleg grad påverke behov og utsikter innan eltryggleiksarbeidet framover. Dette omfattar restruktureringar innanfor industri og anna næringsliv, men også omorganiseringar innan offentleg sektor. Til dømes vil organisering, ressursrammer og retnings-linjer til naudetatane, samanslåing av fylka (regionalisering) og meir samarbeid/ samanslåingar av kommunar ha mykje å seie.

Samhandlingsreforma

Fleire eldre og pleietrengande blir buande heime, både fordi vi lever lengre enn før og fordi det er eit politisk ønske om å leggje til rette for dette (samhandlingsreforma). Det er positivt å sjå ein fallande tendens i talet på dødsbrannar. Det er samtidig viktig å vere proaktiv til den vidare utviklinga, medrekna overvake og påverke tryggleiken knytt til avansert elektromedisinsk utstyr innan pleie- og omsorgssektoren generelt og hos heimebuande sjuke/gamle spesielt.

Kritiske samfunnsfunksjonar og behov for stabil straumforsyning

Feil i elektriske anlegg i objekt eller system som varetak kritiske samfunnsfunksjonar kan direkte eller indirekte medføre fare for liv og helse, og få store økonomiske konsekvensar. Samtidig som dei fleste funksjonar i samfunnet er sterkt avhengige av energiforsyning, er det også peika på mangefull eigenberedskap hos enkelte samfunnsfunksjonar ved bortfall av ordinær straumforsyning.

Ein konsekvens av den teknologiske utviklinga er at kritiske samfunnsfunksjonar i stadig større grad vil vere heilt avhengige av robust og sikker

straumforsyning og sikre og stabile ekomtenester. Samtidig vil det vere ein gjensidig avhengnad mellom energiforsyning og ekom, og vi ser ein teknologikonvergens som inneber at dei same anlegga og det same utstyret vil vere underlagde både el-tilsynslova¹⁷ og ekomlova.

Eltryggleik - tilpassing til utfordringane for framtida

Sluttrapporten frå den heilskaplege gjennomgangen av DSB sitt arbeid med eltryggleik (Eltryggleiksrapporten) stiller opp 15 tilrådde tiltak for å setje direktoratet i stand til å møte utfordringane for framtida fram mot 2030. Fire av desse er sett i gang i 2017.

Handlingsrom for gjennomføring av tiltak – forslag til lov- og forskriftsendring

Eltryggleiksrapporten viser at ein stor del av ressursane blir brukte på tilsyn og i liten grad på kompetanse, analyse og utgreiingar, regelverk (forskrifter og standardar), saksbehandling, informasjon og rettleiing. Ein grunnleggjande føresetnad for å kunne endre dette er å få handlingsrom med tanke på bruk av verkemiddel innanfor dei ulike sektorane. Dette vil krevje eit nytt finansieringssystem med sektoravgifter som ikkje blir knytte direkte til bruk av eitt verkemiddel slik som dagens tilsynsavgift. Forslag til lov- og forskriftsendringar vart sende over til departementet 29. juni 2017. Det er også foreslege innført gebyr for saksbehandling av søknader frå utanlandske elektrofagfolk.

Elektronisk søknadsportal for utlendingar

Lov om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar, som gjennomfører Direktiv 2013/55/EC¹⁸, stiller krav til at ein elektronisk søknadsportal skal vere tilgjengeleg for andre EØS-borgarar. DSB har som første direktorat og godkjenningsmyndighet for 28 lovregulerte yrke, skrive kontrakt om bruk av elektronisk søknadsportal for søker om anerkjenning av yrkeskvalifikasjonar som er utvikla

¹⁵ Sjå NOU (2015:16): *Overvann i byer og tettsteder*.

¹⁶ Sjå bl.a. NVE-rapport 89/2015: *Vil klimaendringene ta frå oss lyset i lampa?*

¹⁷ Lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr (el-tilsynslova)

¹⁸ Europaparlaments- og rådsdirektiv 2013/55/EU av 20. november 2013 som endrar direktiv 2005/36/EF om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar og forordning (EU) nr. 1024/2012 om administrativt samarbeid gjennom informasjonssystemet for den indre marknaden (IMI-forordninga).

for Kunnskapsdepartementet. Behandlinga av søknadene som kjem til DSB, vil halde fram på same måte som i dag.

Utvikling av eit saksbehandlingsverktøy for godkjenning av yrkeskvalifikasjonar som kan effektivisere saksbehandlinga og i nokon grad automatisere denne, vil bli starta på i 2018 og omfatte alle yrke DSB regulerer.

Teknologisk utvikling og oppdatert forvaltningskompetanse

Den teknologiske utviklinga på el-området er i rask utvikling og dette krev auka fokus på FoU og standardisering. Som nasjonal elsikkerheitsmyndighet må DSB følgje med i denne utviklinga og påverke arbeidet. Eltryggleik blir skapt i standardiseringskomiteane. Vi må bidra til at nasjonale behov blir varetekne og at vi tileignar nødvendig kompetanse.

DSB deltek derfor i prioriterte normkomitear under Norsk Elektroteknisk Komité og i ulike forum som elbilforum, batteriforum og arbeidsgrupper for elektrifisering av skipsfarten i tillegg til forsking knytt til smarte straumnett (CINELDI).

Tiltak mot arbeidskriminalitet (akrim)

DSB sitt regelverk stiller kvalifikasjonskrav for kven som kan bygge og vedlikehalde elektriske anlegg i Noreg, og vi ser at det i aukande grad er aktørar som opererer utanfor lovverket også på elektrosida. Det er derfor føremålstenleg å samarbeide med andre styresmakter i akrim-grupper.

Skatt Vest har stipulert at den ulovlege aktiviteten innan bygg- og anleggsbransjen i Hordaland tilsvarer mellom 4–11 mrd. kroner årleg. Dette skulle tilseie at den ulovlege aktiviteten innanfor elbransjen i same område, utgjer 300–600 mill. kroner. DSB reknar dette arbeidet som viktig for eltryggleiken og ønskjer å viderautvikle dette gjennom at fleire DLE¹⁹ samarbeider med etablert akrim-gruppe innanfor sitt geografiske område.

Inntektsstyrta tilsyn

Tilsyn er eit viktig verkemiddel for å sjekke ut at reguleringa av eltrygginga fungerer som forventa og å avdekke trendar. Det blir i dag gjennomført eit stort tal tilsyn kvart år, men val av tilsynsobjekt blir i større grad styrt av krav til oppnåing av inntektskrav og ikkje kva som gjev størst effekt. Ein eventuell overgang til meir risikobasert tilsyn føreset ei endring av finansieringa i samsvar med dei forslaga som er sende over til departementet, og at det blir tilført ressursar for analyse og kartlegging på eltryggleksområdet. Kunnskap om objekta er svært viktig i ei risikobasert utveljing av kva for nokre som skal underleggjast tilsyn.

Tabellen nedanfor viser utviklinga for dei ulike tilsynsområda sidan 2010. Det kjem fram at tilsyn på maritimt område er stabilt høgt, og dette er grunngjeve i at skipet må ha ei tilsynserklæring frå DSB for å kunne segle. Tilsyn er basert på DSB si forskrift om maritime elektriske anlegg og er heimla i el-tilsynslova.

¹⁹ Det lokale elektrisitetstilsynet hos nettselskapa.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

| Tilsynsområde | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|---|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|-------------------|
| Nett- og kraftselskap | 183 | 185 | 183 | 191 | 152 | 141 | 122 | 66 |
| Industriverksemder | 84 | 69 | 67 | 73 | 45 | 42 | 26 | 3 |
| DLE | 143 | 118 | 74 | 69 | 72 | 68 | 54 | 21 |
| Skip | 298 | 285 | 252 | 253 | 282 | 270 | 252 | 308 ²⁰ |
| Andre objekt (småkraftverk, vindkraftverk, installatørar, havbruksanlegg m.fl) | 35 | 25 | 35 | 17 | 17 | 20 | 13 | 6 |
| Offshore, einingar som kan flyttast (MoU), inkl. oljeplattformer under bygging | 24 | 31 | 39 | 58 | 39 | 47 | 22 | 24 |
| Jernbane og sporveg | 5 | 2 | 6 | 4 | 3 | 8 | 2 | 2 |
| Sum ELS | 772 | 715 | 656 | 665 | 610 | 596 | 491 | 430 |

TABELL 4. Utførte tilsyn 2010–2017 fordelt på tilsynsområde.

Avtakring av grenseflater – konvergerande teknologi
DSB si forvaltning av el-tilsynslova har grenseflater mot ei rekkje andre etatar sine forvaltningsområde, bl.a. Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM), Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), Sjøfartsdirektoratet (SD), Petroleumstilsynet (Ptil), Direktoratet for byggkvalitet (DiBK), Arbeidstilsynet (AT). Eltryggleiksrapporten tilrår spesielt at grenseflatene mot NKOM og NVE blir avklarte. Dette har bakgrunn i at desse tre etatane til dels regulerer dei same anlegga og det same utstyret. DSB har på bakgrunn av dette starta ein dialog med NKOM hausten 2017 og vil på tilsvarende måte følgje opp grenseflatene mot NVE våren 2018.

Forventa effektar av føreslegne tiltak innan eltryggleiksområdet

Nytt finansieringssystem – forslag til lov- og forskriftsendring

Innføring av eit nytt finansieringssystem vil kunne gje ei føreseileg finansiering og handlingsrom for endringar, val av verkemiddel og risikobasert tilsyn. Fleire sentrale aktørar i bransjen etterlyser ei meir transparent ordning med tilsynsavgifta og oversikt over kva ho blir brukt til i DSB.

Ei ny finansieringsordning vil kunne opne moglegheiter for å ta inn etterslepet innan heile forvaltninga av eltryggleiksområdet, der det i dag er budsjettmessig underdekking av viktige oppgåver som til dømes regelverksutvikling og saksbehandling.

Effekten for sluttbrukar/befolkinga vil vere høgare eltryggleik gjennom ein meir risikobasert bruk av verkemiddel og større fleksibilitet i forvaltninga av fagområdet for å møte endringar i risikobiletet. Ordninga vil dessutan innebere at kostnadene knytte til ei teneste, blir belasta dei denne kjem ved.

²⁰DSB sitt tilsyn ligg til grunn for Sjøfartsdirektoratet si utferding av sertifikat. Dersom eit maritimt tilsyn blir prioritert bort, vil konsekvensen vere at fartøyet ikkje får forlate hamn.

**FIGUR 5.** Verkemiddel i arbeidet med eltryggleik.**Elektronisk søknadsportal for utlendingar**

Innføring av ein elektronisk søknadsportal for dei som ønskjer å søkje om godkjenning til å vidareføre eit lovregulert yrke i Noreg på bakgrunn av utdanning og praksis i eit anna land, vil imøtekome krav gjeve i Direktiv 2013/55/EC, men vil også kunne bidra til at søkerne som blir mottekte, blir meir komplette enn det ein erfarer i dag. Eit elektronisk saksbehandlingsverktøy vil kunne effektivisere saksbehandlinga og redusere saksbehandlingstida. Utvikling av ei slik løysing vil starte opp i 2018.

Godkjenningsordninga skal bidra til at forbrukaren får sikre elektriske anlegg og elektrisk utstyr som tilfredsstiller norske krav og som dekkjer kunden sine behov.



Foto: DSB.

vere klar sommaren 2018, med ei lansering på seinsommaren.

3.2.5 PRODUKTTRYGGLEIK**Nasjonalt samarbeid om produkttryggleik**

Digitaliseringssprosjektet "Nasjonal løsning for farlige produkter (NLFP)" starta opp hausten 2017 og er planlagt ferdigstilt hausten 2018.

Prosjektet hadde oppstartsmøte 9. november 2017 og fleire myndigheter var representerte.

Løysinga er ei vidareutvikling av nettstaden farligeprodukter.no som DSB lanserte i 2015. Den nye fellesløysinga skal gje den norske befolkninga ein nettstad å rette seg etter for kvalitetssikra faktainformasjon om produkt som er definerte med ein alvorleg risiko av marknadsaktør eller av myndighetene. Nettstaden skal etter planen

Prosjektet har medfinansiering frå Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) på tilsaman 4,3 mill. kroner. DSB har rolla som nasjonalt kontaktpunkt for farlege produkt mot EU-kommisjonen og leier eit nasjonalt nettverk bestående av 12 produktmyndigheter i Noreg. Av desse myndighetene er fleire aktivt med i prosjektet frå starten av; Mattilsynet, Arbeidstilsynet, Vegdirektoratet og Sjøfartsdirektoratet stiller med sentrale ressursar inn i prosjektet.

Prosjektet har gått gjennom ein forenkla samfunnsøkonomisk analyse, og det viser seg å ha god lønnsemi. *Hovudvinsten ved prosjektet vil vere reduksjon av antall ulukker og hendingar med bruk eller innehav av eit farleg produkt.*

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

| Vinstar | For kven, og korleis kjem vinsten fram? |
|-----------------------|--|
| Færre ulukker | Vinsten vil først og fremst kome norske forbrukarar og befolkning til gode, ved at tiltaket førebyggjer skadar grunna tilgang på informasjon. |
| prissett nytteverknad | Færre ulukker vil også gje lågare behandlingskostnader i helsevesenet, færre utrykkingar for brann- og redningsvesenet, lågare produksjonstap som følgje av sjukefråvær og færre krav retta mot forsikringsbransjen. |

Prosjektgruppa meiner det er grunnlag for å gå ut frå ein reduksjon i talet på ulukker på minimum 0,3 prosent, noko som inneber ca. 30 færre ulukker per år. Vinst målt i kroner på 25 mill. kroner per år og dette representerer ein vinstfaktor på 17,7 mill. kroner. Ifølgje Difi er dette å rekne som ein høg vinstfaktor for eit digitaliseringsprosjekt i staten.

Andre ikkje-talfesta positive konsekvensar

- Meir målretta rettleiing på produkttryggleiksområdet.
- Meir risikobasert tilsyn og kontroll med farlege produkt.
- Auka tillit hos forbrukarane.
- Konkurranse på meir like vilkår.
- Næringsutvikling som følgje av delte data.

Prosjekt "Éi Produkteining"

Prosjektet hadde oppstart i desember 2016, og i løpet av 2017 fullførte prosjektet desse tre hovudoppdragata:

- Slå saman Eining for elektriske produkt og Eining for forbrukartryggleik til ei ny felles Eining for produkttryggleik (PRO) i DSB.

Den nye eininga vart oppretta 1. mars 2017. *Intert er det forventa effektiviseringsvinstar, eit meir robust fagmiljø, betre leveransar som følgje av faglege synergiar og at DSB vil stå fram som ei tydelegare produkttryggleiksmyndigkeit. I forlenging av dette er forventa samfunnseffektar ein reduksjon i talet på ulukker og skadar med produkt og forbrukartenester, som følgje av betre oppfølging av dei ansvarlege marknadsaktørane og betre informasjon til både dei og forbrukarar.*

- Vurdere dokumentasjon som ligg føre og utarbeide eit avgjerdsgrunnlag for DSB si direktørgruppe med tilråding om forvaltningsansvaret for elektromedisinsk utstyr bør overførast til helsemyndigkeitene eller ikkje.




Foto: DSB.

På bakgrunn av tilrådinga frå prosjektgruppa vart det avgjort å overføre området, og det går føre seg ein prosess om detaljane rundt overføringa. *Å flytte ansvaret for elektromedisinsk utstyr til Helsedirektoratet, er forventa å ha positive effektar i form av tydelegare myndigheitsansvar og frigjering av ressursar hos DSB.*

- Vurdere og tilrå om andre produkt i DSB bør innlemmast i produkteininga, og kva slags produkttryggleiksmyndigkeit DSB skal representere. Dette oppdraget munna ut i ein omfattende rapport om produktområdet i DSB.

Prosjektgruppa rådde til at ansvar for oppfølging av gassflasker til forbrukarar og ikkje-elektriske ATEX-produkt blir sentralisert i produkteininga. I tillegg kom prosjektgruppa med 48 tilrådingar om kva slags fag-, forvaltnings- og tilsynsmyndigkeit eininga skal vere, og korleis det skal jobbast på produkt- og forbrukartenesteområdet. Tilrådingane tek sikte på både effektivisering og kvalitetssheving. *Målet er at dei føreslegne grepene fører til færre skadar og ulukker med produkt og forbrukartenester i det norske samfunnet.*

3.2.6 KJEMIKALTRYGGLEIK


Farlege kjemikal og eksplosiv: eit utgangspunkt for eit ønskt tryggingsnivå i Noreg

Målsetnaden på kjemikal- og eksplosivområdet er å ha eit riktig tryggingsnivå i samfunnet. Tryggleiken til befolkninga skal vere vareteken ved at den lovlege handteringa av kjemikal og eksplosiv skal skje utan uhell, og slik at dei ikkje kjem ut av den lovlege handteringskjeda og blir misbrukte til kriminelle handlingar.

DSB har utarbeidd rapporten "Farlige kjemikalier og eksplosiver: et utgangspunkt for et ønsket sikkerhetsnivå i Norge", som eit svar på korleis DSB skal møte forventninga om å vere ein pådrivar for å etablere eit akseptabelt tryggingsnivå for befolkninga for aktivitetar med kjemikal og eksplosiv. Dette følger opp forventningane i tildelingsbreva fra 2016 og 2017, og Meld. St. nr.10 (2016–17).

Aktørane på området varierer mellom alt frå privatpersonar til små verksemder og store internasjonale konsern i mange ulike bransjar og sektorar. Den teknologiske utviklinga går raskt og kjemikal og eksplosiv blir brukte i nye produkt, arbeidsprosessar og bruksområde. Kjemikal som finst i varehandelen kan brukast til å lage eksplosiv. Det er ei utfordring å vurdere risikoene som denne utviklinga representerer.

Det kjem fram av rapporten at det per i dag ikkje er mogleg å gje eit kunnskapsbasert svar på kva tryggingsnivå det er på kjemikal- og eksplosivområdet. Ei av hovudtilrådingane i rapporten, som DSB har vedteke å innføre, er å utvikle ein modell eller eit verktøy som gjer at ein kan følgje tryggleiksutviklinga innanfor heile og delar av kjemikal- og eksplosivområdet, for å vurdere om tryggingsnivået er forsvarleg eller ikkje. Tilstrekkinga er basert på litteratur om tryggleiksindikatorar, dei ulike ordningane dei andre myndighetene bruker og ei behovsvurdering.



FIGUR 6. Tryggingsnivå på kjemikal- og eksplosivområdet.

Hovudprinsippet for modellen er at det nasjonale tryggingsnivået på kjemikal- og eksplosivområdet er avhengig av både kva DSB gjer internt som fagforvaltnings- og tilsynsmyndighet og kva som skjer eksternt ute i samfunnet hos aktørane. Modellen skal utviklast med eit sett med indikatorar, og ved å bruke modellen kontinuerleg kan DSB følgje utviklinga over tid, noko som vil vere nyttig for å prioritere, utvikle nye mål og risikobasere det førebyggjande arbeidet på området.

For å oppnå det ønskete tryggingsnivået er det laga ein handlingsplan for korleis modellen kan innførast, samtidig som det skjer ei endring i korleis DSB skal utøve myndigheten si, ha ei effektiv og digital forvaltning, vere ei tydeleg og synleg tilsynsmyndighet og vere ei oppdatert, aktiv og kompetent fagmyndighet.

Det er per i dag ikkje gjennomført ein samfunnsøkonomisk analyse av den samla handlingsplanen. Grunnen til det er at det før gjennomføring av mange av tilrådingane, er behov å gjennomføre konseptanalysar med tilhøyrande samfunnsøkonomiske analysar. Dette kan resultere i andre tilrådingar enn dei som per i dag synest mest nærliggjande.

Nytteverknadene av å setje i verk dei prioriterte tilrådingane er likevel vurderte på eit overordna nivå. Innføringa av modellen forventar å gje:

- *eit betre grunnlag for politikkutforming og satsingar*
- *auka risikoforståing i samfunnet og i dei ulike bransjane*
- *auka kvalitet i det førebyggjande arbeidet i verksemndene og bransjane*
- *eit høgare tryggingsnivå som leier til auka tryggleik for befolkninga*

For DSB vil modellen gje ei betre oversikt over tryggleiken og tryggleiksutviklinga, og eit grunnlag for å vurdere om den er forsvarleg eller ikkje. Han vil gje betre grunnlag for prioriteringar av det førebyggjande arbeidet, og det vil bli lettare å kommunisere tilstanden på området.

3.2.7 KVALITETSSIKRING AV JURIDISK ARBEID OG STANDARDISERING

DSB har i 2017 prioritert å utarbeide fleire verktøy for å heve kvaliteten på det juridiske arbeidet, i tillegg til rutinar og handbøker for regelverksarbeid. For å leggje til rette for betre prioritering, planlegging og gjennomføring av regelverksarbeid i DSB er eit nytt system for regelverksplanlegging utarbeidd og teke i bruk. Ei ny løysing for elektroniske høyringar på www.dsbs.no er også teken i bruk for å effektivisere saksbehandlinga og stimulere til auka deltakingar ved høyringar hos DSB.

For å heve den juridiske kompetansen i DSB er det arrangert kurs om offentleglova saman med lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet og Sivilombodsmannen, kurs om sivilvernlova og folkerett saman med Forsvarets høgskole og Generaladvokaten og kurs om ny personvernlovgjeving saman med Datatilsynet.

Standardisering

DSB deltek på fleire område i standardiseringsarbeid. Standardar bidreg til utvikling av føremålstenlege og sikre produkt, prosessar og tenester, og gjev utfyllande skildringar av direktiv, nasjonale lover og forskrifter. DSB forvaltar eit omfattande teknisk og funksjonsbasert regelverk der tryggleikskrava i ulike forskrifter kan oppfyllast gjennom bruk av standardar. Å delta i standardiseringsarbeid er på enkelte av DSB sine fagområde sentralt for å vareta rolla som fagmyndighet og for å kunne vareta norske interesser i internasjonal regelverksutvikling. På produkttryggleiksområdet er standardisering særleg aktuelt fordi dei vesentlege tryggleikskrava i mange forskrifter kan oppfyllast ved å oppfylle dei tekniske spesifikasjonane i harmoniserte standardar.

DSB har gjennom fleire år arbeidd for blant anna å få til regelverksendringar knytte til små steikeapparat inn mot EU sin standardiseringskomité. DSB tok til slutt initiativet til å sende inn ei formell innvending mot den gjeldande standarden. Behandlinga av innvendinga enda med at det vart innført strengare tryggleikskrav. Resultatet av dette arbeidet er *auka forbrukartryggleik*.

DSB vil i 2018 vurdere moglege nye satsingsområde innan standardisering på samfunntryggleksområdet. Som grunnlag for framtidig prioritering av DSB sitt engasjement i nasjonal og internasjonal standardisering, er det utarbeidd ei oversikt over DSB si deltaking i standardiseringsarbeid. Det er inngått ny samarbeidsavtale med Standard Norge som vil gje DSB betre høve til å samordne, prioritere og delta aktivt i standardiseringsprosjekt som er av spesiell interesse og strategisk viktige.

3.2.8 KOMMUNIKASJON OG KAMPANJAR

Kampanjar retta mot risikogrupper og eldre

Komfyrvaktkampanjen

DSB gjennomfører årlege kampanjar på fleire område, blant anna fleire kampanjar med tema brannførebygging.

Komfyrvaktkampanjen blir gjennomført med målsetnad om å bidra til reduksjon i talet på brannar som startar på komfyren. At flest mogleg skal skaffe seg og installere komfyrvakter. Lokalt og nasjonalt samarbeid på tvers av fag, blant anna gjennom koordinert kommunikasjonsinnsats. Komfyrvakter skulle bli selde i butikk. Det vart følgt opp gjennom aktivitetar i regi av brannvesen og DLE over heile landet. Konseptet i 2017 vart endra samanlikna med tidlegare år, og innretta meir mot risikogrupper samla sett, der fokus tidlegare har vore eldre.

I etterkant av komfyrvaktkampanjen vart det utført ei undersøking i befolkninga, der halvparten av alle spurde hadde hørt om kampanjen, og eit auka tal hadde hørt om komfyrvakt. Komfyrvakt vart for første gong seld i vanleg kjedebutikk, og totalt sett vart salet femdobla i kampanjeperioden.

Kampanjefilmen fekk to sølvmedaljar då The International Content Marketing Awards gjekk av stabelen i London, og var ein av fem nominerte til European Excellence Awards.

Kjøkenpraten

Målet med kampanjen er å *auke medvitet om branngryggleik hos eldre og deira pårørande, og slik bidra til reduksjon av talet på brannar og omkomne.*

Det blir fokusert på å få til eit breitt samarbeid med ulike aktørar som arbeider mot risikogruppa eldre og bidra til merksemrd om temaet i veka rundt den internasjonale eldredagen til SN 1.oktober. Facebook vart brukt som kanal for å nå ut til blant anna pårørande. Konseptet "Ta kjøkenpraten" går ut på at pårørande skal ta ein prat om branngryggleik med ein eldre slekting. Det er laga ein film "Kjøkkenpraten" og utvikla ei sjekkliste som ligg på sikkerhverdag.no med tema for ein slik samtale. Brannvesen, DLE og andre samarbeidspartnarar blir oppmota om å dele det DSB legg på Facebook, og til å samarbeide med andre lokale aktørar om aktivitetar retta mot eldre denne dagen.

Kommunikasjonskanalar

www.dsbn.no

DSB si nettside vart lansert i ny versjon i 2016 som ein oppgåveorientert "verktøykasse" retta mot fagfolk. Dei nye nettsidene la opp til at målgruppene våre lettare kunne gje oss tilbakemeldingar via nettsida. I løpet av 2017 har vi fått og svart på over 1000 slike tilbakemeldingar. I 2017 vart dsb.no utvida med ein ny modul for digital presentasjon av reportasjar, rapportar og andre redaksjonelle historier som tidlegare vart presenterte i det trykte magasinet "Samfunnssikkerhet". Sidevisinger i 2017 var på rundt 1,5 millionar.

www.sikkerhverdag.no

DSB si nettside for privatpersonar, sikkerhverdag.no, har sidan lanseringa i 2013 opplevd ein jamn auke i talet på besøkjande. Talet på besøk frå 2016 til 2017 er auka med over 30 prosent. Informasjon og rettleiing er viktig i det førebyggjande arbeidet DSB gjer med blant anna produkt-, brann- og eltryggleik. Sikkerhverdag.no er ein effektiv kanal i dette informasjonsarbeidet, og artiklar innan nemnde tema er blant dei mest besøkte. Statistikken viser også auka interesse for eigenberedskap i heimen. Delen journalistar/ media som hentar innhald frå og/eller viser til sikkerhverdag.no har auka med nær 30 prosent sidan året før. Sidevisinger i 2017 var på rundt 320 000.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

www.kriseinfo.no

DSB har gjennom 2017 halde fram drifta av styresmaktene sin felles nettportal for informasjon til befolkninga før, under og etter kriser. Besøkstala var i 2017 på rundt 90 000. Dette er ein liten nedgang frå føregåande år. Nettstaden vart lansert i januar 2012 og har ikkje hatt større oppgraderingar sidan. Nettstaden ber derfor preg av å vere utdatert, både teknisk og med tanke på å vere brukarvenleg.

www.sivilforsvaret.no

DSB si nettside for Sivilforsvaret. Nettstaden vart lansert 2009 og har ikkje hatt større oppgraderingar sidan, han heng derfor etter både teknisk og med tanke på å vere brukarvenleg. Det vart i 2017 starta på eit arbeid med å sjå på korleis vi kan oppgradere nettsida med ny versjon og gjere ho meir brukarvenleg og målgruppetilpassa. Sidevisingar i 2017 var på rundt 420 000.

www.nodnett.no

DSB si nettside retta mot Naudnett-brukarar. Her kan brukarane finne informasjon om produkt og tenester, bestille og endre på abonnementa sine, og oppdatere seg om det siste om Naudnett. Visingar i 2017 var på cirka 64 000.

Sosiale medier

DSB sine aktivitetar i sosiale medium er primært på Facebook (som DSB, Sikkerhverdag.no og Kriseinfo), og Twitter (som DSB, Kriseinfo og Nødnett). Sivilforsvarsdistrikta nyttar også Facebook som ein del av sin kommunikasjon med dei tenestepliktige og til deling av uformell informasjon. Sosiale kanalar blir brukte til å dele nyhende og kronikkar frå fagområda våre, og betalt eksponering på Facebook har vorte ein viktig del av kampanjearbeidet. I tillegg har nettseminar på Youtube vorte ein kostnadseffektiv kanal for å nå ut til ulike målgrupper, til dømes ved opplæring av brukarar av DSB sitt brannstatistikk-verktøy (BRIS).

Omtale i media og presseførespurnader

DSB er i ferd med å bli tydelegare og synlegare i norske medium. Årsakene er nok fleire, men vi

registerer at sikkerhverdag.no blir brukt meir og meir aktivt av mange journalistar. DSB har dessutan fått langt meir kronikk-plass i store norske aviser i 2017 samanlikna med tidlegare år.

- Talet på medieførespurnader i 2017: 504 registrerte i CIM.
- Talet på medieoppslag der DSB er nemnt i 2017: 4566.
- Talet på medieoppslag der Sivilforsvaret er nemnt i 2017: 4850

3.3

STYRKJE SAMHANDLING I BEREDSKAP OG KRISEHANDTERING – OG BETRE LEIING OG STYRKT LEIINGSKULTUR

Delmål 4 - tildelingsbrev 2017:

Forbetre samhandlinga på samfunnstryggleiksarbeidet på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå

Delmål 8 - Styrke leiingskulturen i beredskaps- og krisehandteringssituasjonar (styrking av samhandlinga mellom aktørane).

3.3.1 SAMHANDLING MELLOM NAUDETATANE OG BEREDSKAPS-AKTØRAR

Forbetra samvirke i naudmeldingstenesta

I samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), utgreidde JD i 2014 behovet for forbetringar i den norske naudmeldingstenesta. Utgreiinga viste at det var behov for å forbetre naudmeldingstenesta innanfor fleire område. Program for forbetring av naudmeldingstenesta (PFN) vart etablert i 2015 med føremål om å bidra til ei nasjonal og tverretatleg koordinert forbetring av naudmeldingstenesta.

For å styrke DSB si koordineringsrolle innanfor samfunnstryggleik og beredskap, og spesielt det førebyggjande arbeidet innanfor samfunnskritisk verksemd, vart det vedteke å overføre ansvaret for oppfølging av programmet til DSB frå april 2017. DSB har i løpet av 2017 reorganisert PFN og etablert ein

tverretatleg programorganisasjon med deltaking fra Helsedirektoratet, POD og DSB.

I perioden 2014 til 2018 er det gjennomført ei rekke tiltak for å forbetre naudmeldingstenesta, både i og på tvers av naudetatane. PFN samanstiller no desse forbetingane, og vil i løpet av våren 2018 tilrå korleis det vidare forbettingsarbeidet i naudmeldingstenesta bør gjennomførast. *Det er forventa at samhandlinga på tvers mellom etatane si naudmeldingstenesta blir meir effektiv og at brukarettinga av tenesta mot publikum blir forbra.*

Naud-SMS

På oppdrag fra JD leier DSB pilotprosjektet for tekstbasert kommunikasjon mellom naudmeldesentralane og døve, høyrselhemma og talehemma i naudsituasjonar. Meldingar frå naudstilte i heile landet blir mottekne av naudmeldesentralane for brann, politi og helse i Bodø. Målet for piloten er å opparbeide erfaring med tekstbasert kommunikasjon mellom naudstilte og naudmeldestenesta for å få kunnskapsgrunnlag for å vurdere korleis ei slik teneste eventuelt kan innrettast i framtida. Tenesta vart opna for tidleg bruk 18. oktober 2017 for eit utval av innmelde brukarar frå dei to interesseorganisasjonane Hørselhemmedes landsforbund og Norges Døveforbund. Naud-SMS blir lansert som ei teneste over heile landet i første kvartal 2018, og piloten vil vere i drift mesteparten av 2019.

Samvirke på operativt nivå

Sivilforsvaret som forsterkingsressurs og samvirkeaktør

Sivilforsvaret har som forsterkingsressurs og samvirkepart eit ansvar for å bidra til auka samvirke. Samvirke er eit av grunnprinsippa i norsk samfunnstryggleiks – og beredskapsarbeid og eit viktig fokusområde ved Sivilforsvarets nasjonale kompetansesenter på Starum. Kompetansesenteret har utvikla eit nært samarbeid med naudetatane. Det blir i løpet av året gjennomført fleire samvirkeøvingar i regi av LRS (Lokal redningssentral), der Sivilforsvaret har ei sentral rolle både i planlegging og gjennomføring. Kompetansesenteret på Starum gjennomfører kursa "Samvirke på skadested" og "Samvirke på foreurensset skadested", der målgruppa er innsatsleiarar og andre representantar frå naudetatane, forsvaret, frivillige organisasjonar og Sivilforsvaret.



Foto: DSB.

I regi av Øvingsutvalget i LRS Agder er det for ellevte år gjennomført lokalt samvirkeseminar. Gjennom åra har over 200 leiarar frå naudetatane, FORF²¹ og Sivilforsvaret gjennomført dette seminaret, der Sivilforsvaret har rolla som pådrivar og teknisk arrangør. Vidare vart "Kristiansandskonferansen",

ein nettverkskonferanse for samfunnstryggleik på Sørlandet, arrangert for femte gong. Den er eit samarbeid mellom Sivilforsvaret, Fylkesmannen og Kristiansand kommune, med 180 deltakarar frå naud- og beredskapssetatar, kommunar, offentleg og privat sektor og frivillige. *Samvirkeseminar og konferanser har som mål å auka kjennskapen deltakarane har til kompetanse og ressursar hos kvarandre, som vil gje auka beredskap og sikre betre utnytting av dei totale beredskapsressursane i samfunnet ved større hendingar.* Sivilforsvarsdistrikta deltek jamleg i planlegging, gjennomføring og evaluering av øvingar lokalt og regionalt.

På regionalt og lokalt nivå fungerer samarbeidet mellom fylkesmannsembata og sivilforsvarsdistrikta godt gjennom etablerte forum og fylkesberedskapsråd. Sivilforsvaret er etterspurt av fylkesmannen som bidragsytar knytt til beredskap i framkant av varsla storm og uvêr. Sivilforsvaret har på nasjonalt nivå kontaktmøte med samvirkeaktørar, som POD, Hdir, Kystverket, UDI, Mattilsynet, Statens strålevern og FORF. Det er gjennomført samvirkeaktivitetar på øvings- og kompetanseområdet, og Sivilforsvaret har bistått både kommunar, fylkesmannen og høgskular i opplæring i beredskapsplanlegging, krisehandtering og bruk av krisestøtteverktøyet CIM.

²¹ Frivillige organisasjoner redningsfaglige forum.

Brann- og redningsvesenet – operativ kapasitet og samvirkeaktør

Brann- og redningsvesenet er ein operativ ressurs som er tilgjengeleg i alle kommunar. Med å vere til stades lokalt er dei etterspurde av mange aktørar. Brann- og redningsvesenet samarbeider med politi og helse for å kunne gjere ein innsats ved hendingar med pågående livstrugande vald (PLIVO). Bistand til helse gjennom å utføre akutte helseoppdrag er ei viktig oppgåve som Brann- og redningsvesen utfører. Delen ikkje brannrelatert oppdrag viser eit spekter av hendingar der brann og redningsvesen er ein føretrekt ressurs.

Samfunnstryggleikskonferansen 2017

Samfunnstryggleikskonferansen er viktig arena og møteplass for aktørar innan samfunnstryggleik og beredskap. Samfunnstryggleikskonferansen 2017 vart gjennomført 6. og 7. februar med rekordstor deltaking på ca. 550 personar. Tema for konferansen var samvirke og ressursar. Konferansen retta merksemda mot heilskapen i samfunnstryggleksarbeidet, med fokus på samvirke mellom ulike aktørar, så vel internasjonalt og nasjonalt som regionalt og lokalt. I tillegg til justis- og beredskapsministeren og direktøren ved DSB, var det ei rekke innlegg frå inn- og utland, bl.a. NATOs visegeneralsekretær Patrick Turner, generaldirektør for DG ECHO (EU) Monique Pariat, sjef for brann- og redningsstyrken i Paris General Philippe Boutinaud, forsvarssjef Haakon Bruun- Hansen, konsernsjef i SINTEF Alexandra Bech Gjørv m.fl.

3.3.2 TOTALFORSVARET – SIVIL SIDE

Den fornya merksemda på å vidareutvikle totalforsvaret, og auke motstandsdyktigheita i kritiske samfunnsfunksjonar, må ein sjå i lys av at dei tryggingspolitiske utfordringane har endra seg mykje dei seinare åra. DSB har i 2017 hatt ansvaret for å koordinere og leie Program for vidareutvikling av totalforsvaret og auka motstandsdyktigheit i samfunnskritiske samfunnsfunksjonar (Totalforsvarsprogrammet) på etatsnivå. *Målet med programmet er todelt: (i) å vidareutvikle eit totalforsvar som er tilpassa nye utfordringar, rammevilkår og føresetnader innan utgangen av 2020, og (ii) å styrke kor robuste vi er i samfunnskritiske funksjonar mot trugslar i heile krisespekteret for å gjere samfunnet meir motstandsdyktig mot kriser, både tilskjeda og utilsikta.*

DSB har i 2017 blant anna vore til hjelp i Forsvaret sitt planarbeid og etablering av planar for sivil støtte til Forsvaret, sikra at relevante samarbeids- og beredskapsorgan er tilpassa utfordringar i samband med tryggingspolitiske kriser og væpna konflikt, og vurdert om eksisterande prioriteringsmekanismar mellom militære og sivile behov er tilstrekkelege. Direktoratet har også hjelpt til med å sikre at sivil støtte til Forsvaret i større grad blir integrert i øvingsverksemد og blir teke inn i sivile og militære øvingsprogram.

DSB har i 2017 koordinert planlegginga av sivil deltaking i NATO- øvinga Trident Javelin 2017 og skal gjere det same i Trident Juncture 2018. DSB har også leidd og koordinert Prosjektforum (tverretatleg forum for informasjonsutveksling i ramma av Totalforsvarsprogrammet) og vore sekretariat for den interdepartementale styringsgruppa til Totalforsvarsprogrammet, som er leidd av JD. Etaten har også bidrige med å koordinere og samanstille sivil del av NATO sin forsvarsplanleggingsprosess. Gjennom styringsdialogen med fylkesmennene har DSB gjeve føringar for deira arbeid med totalforsvaret. Fylkesmennene har ei viktig rolle i å sikre totalforsvarsarbeidet regionalt og å følgje opp areidet kommunane gjer på området.

Sivile vernetiltak

Føremålet med sivile vernetiltak er å verne sivilbefolkninga mot farar frå fiendtlege handlingar eller katastrofar, og tiltak for at befolkninga kan overleve. I rapporten "Vurdering av samfunnets behov for sivile beskyttelsetiltak" konkluderer FFI at sivile vernetiltak som varsling, evakuering og tilfluktsrom framleis er relevante og nødvendige tiltak for vern av sivilbefolkninga under ein væpna konflikt.

I juli 2017 gav JD DSB i oppdrag å gjere nærmare vurderingar av aktuelle sivile vernetiltak, som ein del av samanstillinga av høyringsfråsegnene knytte til "Konseptutredning Sivilforsvaret". Som sivilt vernetiltak tilrår DSB eit sonekonsept omkring definerte nøkkelmål og strategisk viktige område. Tyfonanlegga blir tilrådde bygde ut tilpassa busetnad og risiko, i kombinasjon med ei nasjonal løysing for utsending av SMS. Vidare skal ei tverrsektoriell arbeidsgruppe gå gjennom den sivile delen av luftvarslingskjeda.

Sivilforsvaret blir dimensjonert, og det blir utvikla planverk for å vareta evakuering med bistand frå politiet og kommunane. DSB rår til at eksisterande tilfluktsrom blir rusta opp, saman med eit styrkt tilsyn og at nybygg blir dreidd frå store offentlege rom mot dekningsrom der befolkninga bur/jobbar. I tillegg blir det utarbeidd råd til befolkninga om eigenvernetiltak i samråd med relevante fagmiljø og etatar.

3.3.3 BEREDSKAP FARLEGE STOFF OG EKSPLOSIV

CBRNE strategien

Den nasjonale strategien for CBRNE-beredskap er eit element i det heilskaplege samfunnstryggleiksarbeidet, og skal bidra til at Noreg vil ha eit velfungerande system for å førebyggje, handtere og lære av CBRNE-hendingar i fred, krise, væpna konflikt og krig.

Gjennom 2017 har det i fleire sektorar vore auka merksemld på dette området ved at CBRNE har vore på dagsorden ved møte, samlingar og i det daglege beredskapsarbeidet på lokalt, regionalt og sentralt nivå. Strategien rettar seg mot sentralt myndighetsnivå, men han har også innverknad på regionalt og lokalt nivå. Dette vart synleggjort ved CBRNE-konferansen i 2017, der fleire aktørar rapporterte korleis dei jobba for å styrke dette arbeidet. Også fylkesmennene og kommunane lyfter fram relevante problemstillingar på CBRNE-området ved møtearenaene sine. Dette bidreg til auka merksemld, og CBRNE blir ein del av fylkes- og kommunale ROS-analysar, beredskaps- og krisehandteringsplanar, og inngår i tillegg i øvingar og læring etter større og mindre hendingar. I sum gjev dette viktige bidrag til ein god beredskap ved t-hendingar.

DSB har identifisert tiltak som er relevante for etaten og som kan integrerast i alt pågående arbeid og program. Det gjeld blant anna arbeida med brann- og redningsvesen for framtida og DSB sine tilrådingar til ny organisering for Sivilforsvaret og sivile vernetiltak. Formalisering av Forsvarets Forskningsinstitutt (FFI) sin funksjon som beredskapslaboratorium for CBRE-prøver også for sivil sektor, gjer at naud- og beredskapsetatane får rask tilgang til rådgjeving og analyse av CBRE-stoff og -agens. Avtalen som er inngått mellom



Foto: DSB.

FFI og dei tre departementa JD, HOD og FD er ei konkretisering av sivilt-/militært samarbeid i tråd med totalforsvarskonseptet.

Etablering av samvirkeområdet for C- og E- beredskap

Samvirkeområdet for kjemikal- og eksplosivberedskap er etablert med ei myndighetsgruppe der leiinga frå sju etatar²² deltek. *Føremålet til Samvirkeområdet er å stø opp om samordningsrolla til JD på kjemikal- og eksplosivområdet.* Samvirkeområdet skal også utvikle fagleg ekspertise og eit beredskapsnettverk for rådgjeving til ansvarlege beredskapsaktørar i handterings- og normaliseringsfasen. Samvirkeområdet skal også bidra til at fagleg rådgjeving og ekspertise til sentralt, regionalt og lokalt nivå blir vareteke ved uønskte hendingar, ulukker og tilslukta handlingar i heile krisespekeret, og at dette blir inkludert i planverk og øvd. DSB leier møta i Samvirkeområdet for CE-beredskap og har sekretariatet. Ein toårig handlingsplan for Samvirkeområdet its arbeid i 2018–2019 vart oversendt JD i desember 2017, med desse fire prioriterte områda:

1. Auka erkjenning og tverrsektoriell forståing av trugslar, risikoar og sårbarheiter på CE-området.
2. Etablering og vedlikehald av eit nettverk for fagleg rådgjeving til lokalt, regionalt og sentralt nivå i handterings- og normaliseringsfasen av ei hending, og etablering av nødvendige rutinar.
3. Etablering av rutinar for god kommunikasjon med befolkninga under kriser, og som er basert på fagleg spisskompetanse og forsking.

²²Direktoratet for Samfunnstryggleik og beredskap, Helsedirektoratet, Politidirektoratet, Kystverket, Forsvaret, Miljødirektoratet og Mattilsynet.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

4. Avklare grensesnitt generelt, og spesielt mot beredskapen som er etablert for akutt forurensning i regi av Samferdselsdepartementet og Kystverket, samt bidra til et funksjonelt samarbeid med andre tverrsektorielle beredskapsordninger.

Gjennom handlingsplanen blir merksemda retta mot ein styrkt beredskap ved hendingar på kjemikal- og eksplosivområdet. I arbeidet med dei fire prosjekta blir det lagt opp til å få til ei best og breast mogleg involvering av dei ulike aktørane i Samvirkeområdet si rådgjevingsgruppe.



Foto: DSB.

3.3.4 NAUD- OG BEREDSKAPSKOMMUNIKASJON

Delmål 5 - tildelingsbrev 2017:

Nødnett med tilhørende infrastruktur skal oppleves som effektivt, sikkert og robust.

Eit robust og sikkert Naudnett

Gode kommunikasjonsløysingar for naud- og beredskapsaktørar er ein grunnleggjande føresetnader for at aktørane skal kunne løyse samfunnssoppgåvene sine. Den 1. mars 2017 overtok DSB ansvaret for naud- og beredskapskommunikasjon og Naudnett. Hovudfokus i 2017 har vore å halde oppe den gode Naudnett-tenesta til brukarar over heile landet. Tryggleik er vigt mykje merksem i 2017, blant anna ved at DSB og Naudnett har vore gjenstand for tilsyn.

DSB starta i 2017 også arbeidet med å sjå på kva alternativ staten har for å sikre eit neste generasjon naudnett basert på kommersielle mobilnett.

Stabilt god drift av Naudnett

DSB har eit hovudansvar for at Naudnett er og blir verande eit trygt, robust og tidsmessig kommunikasjonssystem for leiring og samhandling. Det føreset ei forsvarleg drift og vidareutvikling av Naudnett. Dei daglege drifts- og operatørroppgåvene er sett ut til Motorola Solutions Norge, medan DSB varetok driftskontrakten med leverandøren på vegner av JD, og har fullmakt til å opptre som kontraktspart overfor leverandøren. I 2017 har DSB hatt ei tett oppfølging og godt samarbeid med Motorola Solutions for å sikre god og stabil drift av Naudnett.

Gjennomsnittleg tilgjenge i Naudnett for 2017 var 99,83 %. Dette er under måltalet på 99,95 %.

Tabell 5 viser at det i størst grad var i dei første månadene av 2017 at oppetida var lågare enn måltalet. Dei vanlegaste årsakene til utfall i Naudnett i 2017 var straumbrot og brot på telelinjer (transmisjon). Dei fleste utfalla var korte og utan konsekvensar for brukarane. Nokre større utfall skjedde i periodar med ekstremvær og tilhøyrande straumutfall i større geografiske område.

Organiseringa med eit samvirkesenter gjorde det enklare for ressursane å finne kvarandre. Brukarane vart kontinuerleg oppdaterte av DSB via samvirkesenteret.

I framkant av arrangementet vart det utarbeidd planar for samband, bruk og prioritering av Naudnett. Dette, kombinert med god informasjon ut til brukarane,

| Nøkkeltal | Jan | Feb | Mar | Apr | Mai | Jun | Jul | Aug | Sep | Okt | Nov | Des |
|--------------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Naudnett tilgjenge | 99,39 % | 99,71 % | 99,74 % | 99,83 % | 99,92 % | 99,92 % | 99,94 % | 99,95 % | 99,95 % | 99,94 % | 99,85 % | 99,80 % |

TABELL 5. Tilgjenge i Naudnett/oppetid fordelt pr. md. 2017 med måltal 99,95 %.

I løpet av året vart det sett i verk fleire tiltak for å utbetre oppetida, blant anna basert på driftserfaringar. Tiltaka blir nærmere skildra under avsnittet "Auka robustheit i Naudnett". Ytterlegare tiltak kan setjast i verk dersom det blir løyvd midlar til forbetingstiltak i Naudnett.

Nøgde brukarar

Brukarane er i stor grad nøgde med Naudnett. I brukarundersøkinga²³ publisert i 2017 svarte nærmere 79 % at dei er samde i at det er positivt at dei har gått over til Naudnett. Brukarundersøkingar blant brukarane av Naudnett synleggjer både vinstante av Naudnettinvesteringa samfunnet har gjort og område med forbettingspotensial. Brukarane nemner bl.a. forhold knytte til dekning, lydkvalitet og bruk av Naudnett for deltidsbrannmenn. Dette er relevante tilbakemeldingar som DSB tek med i det vidare arbeidet med forvaltning av Naudnett.

God utnytting av Naudnett under Sykkel-VM

I 2017 har DSB hatt fokus på å sikre at Naudnett blir brukt riktig under større planlagde hendingar. I samband med Sykkel-VM, som vart arrangert i Bergen i september 2017, tok DSB fleire grep for å sikre ein optimal bruk av Naudnett under dette arrangementet.

DSB hadde eit godt og tett samarbeid med arrangørane, Bergen kommune, Fylkesmannen i Hordaland, dei tre naudetatane og andre aktørar det vedkom.

bidrog til riktig og disiplinert bruk av Naudnett under Sykkel-VM. På bakgrunn av gjennomførte trafikkanalysar vart Naudnett-kapasiteten i nokre utvalde område auka. Kapasitetsauken er varig og vil kome alle brukarar av Naudnett i området til gode også i etterkant av Sykkel-VM. Det vart også utplassert ein transportabel basestasjon for auka helikopterdekning, kapasitet og reserveløysing i området. Arrangementet vart avvikla utan store uønskte hendingar når det gjaldt Naudnett. Erfaringane som DSB opparbeidde seg vil bli brukte i vidare arbeid med større planlagde hendingar i Naudnett, som NATO-øvinga i Noreg i 2018.

Auka robustheit i Naudnett

Teknologien Naudnett er basert på, i kombinasjon med eit robust design, gjev generelt godt tilgjenge. Trass i innebygde mekanismar for å sikre robustheit har vi også i 2017 fått erfare at straumbrot og veikskapar i transmisjonslinjer kan medføre utfall i Naudnett. Ei anna utfordring har vore basestasjonar utan fast straumtilkopling. Av om lag 2100 basestasjonar i Naudnett er 31 basestasjonar ikkje tilkopla fast straum, då desse er lokaliserete på stader der dette ikkje er mogleg. Utfall ved desse stasjonane gjev derfor merkbare utslag på oppetidstala sjølv om det berre gjeld ein liten del av basestasjonane. DSB har det siste året fokusert på forbettingar i tekniske løysingar og i rutinar for drift og vedlikehald ved slike basestasjonar. Leverandøren har oppgradert 9 basestasjonar i nasjonalparkar ved å erstatte brenselcelle med ein ny type med høgare yting.

²³<http://nodnett.no/Nodnett/Erfaringer-med-Nodnett/Brukerundersokelser/>

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

Også for dei andre basestasjonane utan fast straumtilkopling er det gjennomført forbetringar, bl.a. forlenga pipe for eksosutslepp (for å unngå at det blir dekt med snø) og forbetra monitorering og kontroll.

I 2017 har driftsovervaking og rutinar vorte forbetra, blant anna for å sikre at problem ved radiolineutstyr som kjem av sterk vind, raskt blir oppdaga. Det er gjort forbetringar i vedlikehaldsprogrammet for Naudnett, rutinar mellom driftsoperatør og feltmannskap er betra, og bemanning under ekstremvær blir styrkt.

Det vart i desember 2016 vedteke eit forbetningsprogram for fjerning av fellesføringar i transmisjonsnettet (såkalla Single Point of Failure) innan utgangen av 2018. Arbeidet er gjennomført i samsvar med plan, og 60 transmisjonslinjer er utbeta i 2017. Ytterlegare 41 linjer skal utbetrast i 2018.

Då Naudnett vart teke i bruk i heile landet i 2015, hadde nettet naudstraum på 8 timer for 85 % av basestasjonane og 48 timer for resterande 15 %. Gjennom samarbeid med kraftselskap har 166 basestasjonar i Midt-Noreg fått auka naudstraum til 20 timer. I tillegg er 4 basestasjonar vedtekne oppgraderte til 48 timer. I same område er rutinar for prioritert feilretting av straumutfall forbetra. Det er inngått avtalar med ytterlegare seks kraftselskap i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Nordland. Det er forventa bestillingar om auka behov for naudstraum i desse områda. Forsterkingane kjem alle brukarar av Naudnett til gode.

Dekning i Naudnett

Naudnett har god dekning i heile landet. Erfaringsmessig vil dekninga opplevast som mangelfull i enkelte område, sjølv etter utbygging og test, og dette oppdagar ein gjerne etter ei tids bruk. DSB får førespurnader frå enkelte brukarorganisasjonar med lokale dekningsutfordringar, og det har vore fleire saker i media om mangelfull dekning hausten 2017. Arbeidet med å handtere dekningsførespurnader og å avdekkje om dette kjem av teknisk feil, kontraktsbot eller behov for tilleggsinvesteringar er ei kontinuerleg oppgåve for DSB. DSB (v/tidlegare DNK) oversende 03.02.2017 ei oversikt over dekningsutfordringar til JD basert på ein systematisk gjennomgang i heile landet i 2016.

Oversikta viser at det er eit kontinuerleg behov for utviding og utbetring av dekning i Naudnett. DSB har forbetra prosessen for registrering av avdekte dekningsutfordringar og har ein pågående dialog med naudetatane. Innmelde dekningsutfordringar frå brukarar vil føre til endringar i oversikta oversend departementet. På grunn av manglande finansiering har det ikkje vore høve til å setje i gang forbetringstiltak på dekning i 2017.

Auka tryggleik i Naudnett

Nasjonal sikkerheitsmyndighet (NSM) har ført tilsyn med DSB og Naudnett i 2017. DSB fekk tilsynsrapport frå NSM med pålegg 29.09.2017. DSB oversende handlingsplanen for lukking av avvika til NSM 27.11.2017. Handlingsplanen adresserer avvik og observasjonar frå tilsynet. Tiltak for å lukke avvik og gjennomføre forbetringar vil gjerast fortløpende. DSB vil rapportere tertialvis til NSM på framdrift. Som hovudleverandør av Naudnett er Motorola tett involvert i relevante delar av handlingsplanen.

DSB arbeider proaktivt for å auke tryggleiken i Naudnett. Fleire av aktivitetane knytte til tryggleik var sette i gang før tilsynet vart gjennomført, deriblant påbyrja oppdatering av verdivurdering, risiko- vurderingar og nye sikringsrisikoanalyser. Tryggleiksorganisasjonen og tryggleiksstyringa er styrkt. Vi har implementert og teke i bruk sikrare løysingar i Naudnett og sett i gang tiltak for logisk og fysisk sikring. Det er likevel behov for å auke tryggleiken ytterlegare, blant anna for å imøtekome krav til objektsikring. DSB er i dialog med JD om dei budsjettmessige konsekvensane av nødvendige tiltak.

Drift og eigarskap av brukarane sitt utstyr

God kundeoppfølging og effektiv drift av utstyret som er kopla opp mot Naudnett påverkar brukaropplevelinga. DSB sitt Brukartenestesenter/ Branns driftsorganisasjon (BTS/BDO) har ansvaret for å vareta driftstenester for brannvesenet og for andre brukarar utover naudetatane. Gjennom BTS/ BDO sin servicedesk er DSB i dagleg kontakt med organisasjonar som utgjer over 50 % av alle brukarane i Naudnett. Brukarførespurnadene kjem frå heile landet og inkluderer brukarmelde feil og meldingar frå leverandørar om planlagde arbeid, feilretting og oppgraderinger. Talet på brukarførespurnader har hatt ein stadig auke sidan 2015 på grunn av at Naudnett no er landsdekkjande, samtidig som stadig fleire andre beredskapsaktørar også tek Naudnett i bruk.

| | 2015 | 2016 | 2017 |
|------------------------------|-------|-------|-------|
| Talet på brukarførespurnader | 1 759 | 5 250 | 7 232 |

TABELL 6. Talet på brukarførespurnader BtS/ BDo.

I 2017 har to 110-sentralar, Oslo og Rogaland, i periodar teke i bruk BTS/BDO sin testbed for operativ bruk. Ved å ta i bruk testbed sikrar den aktuelle 110-sentralen at tenestene deira framleis blir ytte i ein periode der utstyr blir flytt frå ein gammal til ein ny sentral. Dei aktuelle 110-sentralane har vore godt nøgde med bistanden frå DSB.

I 2016 vart det vedteke at eigarskapen til utstyret tilknytt Naudnett levert gjennom Naudnett-prosjektet skulle overførast til eigarmiljø i helse- og justissektoren. Overføringa av eigarskapen vart vedteken under føresetnad av at oppgåver knytte til fellesløysingar for naudetatane skulle varetakast sentralt. DSB er i 2017 vorte tillagd denne oppgåva og er i dialog med JD om finansiering og mandat. Samtidig varetek alt DSB ei rekke oppgåver som ein slik funksjon vil omfatte. Men på grunn av utskifting av personell, knappe ressursar og manglande finansiering har DSB i 2017 blant anna prioritert arbeidet med driftsoppfølging av kontrollromsaker på vegner av naudetatane og arbeid med forlenging av supportavtale på eksisterande kontrollromsutstyr. Arbeid med førebyggjande og langsiktige oppgåver for å vareta Naudnett-infrastrukturen, som t.d. planlegging og gjennomføring av øvingar, ROS-analysar og prosessforbetringar, og fasilitering av ein felles strategi for vidareutvikling og teknologi for naudmeldingstenesta har vorte nedprioritert.

Avslutning av Naudnettprosjektet

Gjennom heile året har DSB jobba målretta for å sikre at alle uteståande element frå utbyggingsprosjektet for Naudnett, blir leverte. Enkelte leveransar frå leverandør vil ikkje fullførast før i 2018. Arbeidet med å skrive sluttrapport for landsdekkjande utbygging av Naudnett (trinn 2) er i gang. Rapporten skal ligge føre tre månader etter passering av sluttmilepålen til prosjektet.

Brei utnytting av Naudnett

Delmål 6 - tildelingsbrev 2017:

Naudnett har brei utnytting og blir brukt riktig.

Nye naud- og beredskapsaktørar i Naudnett

DSB arbeider målretta for å få inn fleire brukarar i Naudnett og på den måten leggje til rette for auka beredskap i heile landet. I 2017 har vi inngått 91 avtalar med naud- og beredskapsaktørar om bruk av Naudnett. Helse sitt innføringsprosjekt vart ferdigstilt i november 2017 då Nordkapp legevaktsentral tok i bruk Naudnett. Avinor og Statens vegvesen har i løpet av 2017 teke i bruk Naudnett i deira organisasjonar, det same gjeld ei rekke aktørar innan kommunale tenester, kraftselskap og industrivern. Totalt er det no registrert 939 brukarorganisasjonar i Naudnett.

| Brukarsegment | Tal per 31.12.2015 | Tal per 31.12.2016 | Tal per 31.12.2017 |
|---------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Brann | 16 214 | 17 035 | 17 405 |
| Politi | 14 432 | 14 767 | 15 076 |
| Helse | 2 909 | 6 697 | 7 304 |
| Frivillige organisasjonar | 5 885 | 5 913 | 5 924 |
| Andre beredskapsbrukarar | 1 576 | 3 951 | 7 009 |
| Totalt | 41 016 | 48 363 | 52 718 |

TABELL 7. Radioterminalar i bruk i Naudnett.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

DSB har utført ei kartlegging og identifisering av dei viktigaste samvirkeaktørane for naudetatane. På bakgrunn av dette har DSB etablert eit samarbeid med fylkesberedskapssjefane i dei enkelte fylka for å gje blant anna industrivernbedrifter, kommunal kriseleiing, kommunale tenester og fylkesmenn høve til å ta i bruk Naudnett. Fylkesmannen i Vestfold og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i 2016 og 2017 delteke i eit pilotprosjekt for å ta i bruk Naudnett i fylka deira. Piloten vart avslutta i desember 2017, og arbeidet med evaluering av piloten er påbyrja. Informasjonsmøte om bruk av Naudnett for samvirkeaktørar er gjennomført i alle fylka i landet. Desse møta gjev samvirkeaktørane informasjon om kva som skal til for at dei kan ta i bruk Naudnett. I etterkant av informasjonsmøta er det opp til den enkelte aktøren å avgjere om dei ønskjer å ta i bruk Naudnett. DSB hjelper den enkelte organisasjonen med innføring av Naudnett.

Riktig bruk av Naudnett

Med fleire brukarar er riktig bruk av Naudnett viktig for at alle skal ha ei god brukaroppleveling og for at Naudnett skal fungere optimalt. Riktig bruk av Naudnett føreset at brukarane kjenner systemet godt, klarer å utnytte opningane og forstå avgrensingane i nettet. DSB har i 2017 utarbeidd dokumentet "Nødnett i bruk: En oversikt over tekniske løsninger og funksjoner i Nødnett, samt retningslinjer for bruk"²⁴. Dokumentet forklarer kva Naudnett er, korleis det verkar og kva funksjonar som er tilgjengelege.

Opplæring i bruk av tenestene i Naudnett, funksjonalitet og utstyr er avgjeraende for å sikre riktig bruk og trygge brukarar i Naudnett. DSB har derfor utarbeidd retningslinjer for opplæring²⁵ i Naudnett som gjeld for alle brukarar av Naudnett, med unntak av naudetatane som har eigne retningslinjer. I løpet av 2017 har DSB også etablert Nasjonalt råd for opplæring i Nødnett, og utvikla ei e-læringsløysing som skal sikre at kvar enkelt brukar av Naudnett opparbeider eit minimum av grunnkompetanse om Naudnett.

For å sikre riktig og lik bruk av Naudnett er det viktig med eintydige og einskaplege prosedyrar og rutinar for kommunikasjon ved intern og ekstern samhandling.

Sambandsreglement og talegruppestruktur (fleetmap) er med på å sikre dette, og er noko som DSB arbeider med kontinuerleg. I 2017 har DSB revidert og standardisert "Sambandsreglement for organisasjoner tilknyttet Nødnett"²⁶ og tilhøyrande vedlegg.

DSB arbeider for at samband og kommunikasjon er eit øvingsmål ved øvingar. I 2017 har DSB vore til hjelp ved fleire øvingar der Naudnett har vore teke i bruk. Erfaringar fra øvingar med Naudnett viser at informasjonsdeling gjennom bruk av talegrupper i Naudnett gjev ei langt betre felles situasjonsforståing under øvingane enn under tidlegare øvingar der Naudnett ikkje har vore brukt.

Reformer og andre endringar hos organisasjonar som bruker Naudnett kan medføre geografiske og organisatoriske endringar som påverkar bruken av Naudnett. I 2017 har derfor DSB hatt fokus på kva konsekvensar Nærpolitireforma og samlokalisering av politiet sine operasjonsentralar og brann- og redningsvesenet sine 110-sentralar har på bruken av Naudnett. Utstyr tilknytt Naudnett må flyttast eller eventuelt destruerast, talegruppestrukturar må endrast og radioterminalar omprogrammerast for å sikre framleis kommunikasjon i Naudnett mellom brukarane over nye geografiske grenser. DSB har, i samarbeid med dei tre naudetatane, oppretta eit koordineringsforum for å sikre flyt av informasjon og synkronisering av aktivitetar mellom naudetatane og andre beredskapsbrukarar i samband med etablering av nye felles talegruppestrukturar i politidistrikta som følgje av Nærpolitireforma.

Finansieringsmodell for Naudnett

Etter oppdrag frå JD har DSB i 2017 vurdert dagens finansieringsmodell av Naudnett. Målet er å utvikle ein finansieringsmodell for Naudnett som sikrar balanse mellom kostnader og inntekter, og som skaper handlingsrom og ei føreseileg drift. DSB er i prosess med å vurdere eksisterande finansiering av forvaltning av Naudnett. Det er i tillegg starta eit arbeid på ein langtidsplan for naud- og beredskapskommunikasjon som viser framtidig investeringsbehov.

²⁴<http://nodnett.no/Documents/N%c3%b8dnett%20i%20bruk.pdf>

²⁵http://nodnett.no/Documents/Retningslinjer_for_opplaring_i_Nodnett.pdf

²⁶<http://nodnett.no/Tjenester/Opplaring/Sambandsreglement/>

Fleire tenester i Naudnett

Brukarane sitt behov for sikker kommunikasjon er i utvikling, og DSB arbeider kontinuerleg med å tilby tenester som kjem desse i møte. I 2017 har DSB arbeidd med å utvikle eit grensesnitt som gjer det mogleg at andre brukarar enn naudetataane og Hovudredningssentralane kan knyte kontrollromma sine til Naudnett. Fleire organisasjonar har alt bestilt eit slikt grensesnitt. Løysinga var opphavleg planlagd levert og lansert siste halvdel av 2017. Ved test vart det avdekt behov for forbeteringar i den leverte løysinga, og lansering er no planlagd til 2018.

I 2017 har DSB også gjennomført ei rekke standardiseringstiltak innan avtaleverk, produktksildringar og driftstenester for å tilby meir føreseielege og effektive tenester til våre brukarar av Naudnett. Døme på dette er automatisering av bestillingsskjema og utvida bruk av kundebehandlingssystem (CRM).

Datatenester

I samråd med etatane er det i 2017 vedteke å avslutte TEDS (TETRA Enhanced Data Services) som generell datateneste i Naudnett. DSB tilbyr likevel datatenester med lågare fart, ei teneste som blant anna Sivilforsvaret nyttar då Naudnett er signalberar for varslingsanlegga deira. DSB jobbar med fleire andre beredskapsaktørar for å sjå på vidare bruk av slike tenester.

DSB jobbar også med å realisere ei løysing som gjev tilgang til talegrupper i Naudnett via vanlege smarttelefonar i dei kommersielle mobilnetta.

Føremålet med dette er både å kunne tilby meir fleksible Naudnett-tenester på kort sikt, og å teste ut moglege framtidige tenester.

Neste generasjon naudnett

Regjeringa vedtok i desember 2017 at radiofrekvensane i 700 MHz-bandet skal gjerast tilgjengelege for kommersielle ekomtilbydarar. Utan tilgang til desse frekvensane er det i praksis ikkje mogleg å realisere eit dedikert naudnett med breibandstenester i Noreg. Det vart lagt til grunn for avgjerda at framtidige kommunikasjonsløysingar for naud- og beredskapsetatar og Forsvaret vil kunne leverast av dei kommersielle mobiltilbydarane. Regjeringa uttalte samtidig at det vil gjennomførast tiltak

for å leggje til rette for at desse samfunnsviktige brukarane sine behov kan varetakast gjennom ein kombinasjon av myndigheitspålegg og kommersielle anskaffingar. Dette var i tråd med Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) si innstilling, som også DSB har stilt seg bak.

DSB har gjennom 2017 arbeidd tett saman med bl.a. Nkom og Forsvarsmateriell for å undersøkje kva utsikter staten har for å sikre at eit " neste generasjon naudnett", basert på kommersielle mobilnett, kan gje tilstrekkeleg grad av robustheit, tryggleik, dekning og statleg kontroll. DSB og Nkom har utarbeidd eit felles dokument der framgangsmåten for vidare arbeid med saka blir skissert. DSB har også vore i dialog med søsterorganisasjonar i andre land, spesielt Storbritannia og USA, der slike løysingar er i ferd med å bli realiserte.

Dagens Naudnett vil vere berebjelken for kritisk talekommunikasjon i det minste fram til utløpet av Naudnett-kontrakten i 2026. Ved dette tidspunktet trur vi det vil finnast gode, tekniske løysingar for gruppetale over breiband, med tilsvarande funksjonalitet som i Naudnett. Vi reknar likevel med at det vil vere nødvendig å tilby robuste datatenester til kritisk bruk i parallel med taletenestene i Naudnett før dette blir fasa ut.

For mobiloperatørane vil det å få ansvar for å leve samfunnskritiske kommunikasjonstenester kunne innebere stor inngripen i den operasjonelle verksemda deira. Like eins vil ei slik løysing for staten innebere at ein får mindre grad av statleg kontroll. For å undersøkje desse forholda, og få synspunkt på kva konkrete tiltak som kan gjennomførast på kort og lang sikt, sende DSB i desember 2017 ut ein informasjonsførespurnad til dei norske mobiloperatørane.

3.3.5 SIVILFORSVARET

Delmål 7 - tildelingsbrev 2017:

Styrke Sivilforsvaret si evne til å forsterke naudetatane og andre myndigheter sitt arbeid med å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot ulike typar hendingar.

Sivilforsvaret er ein del av totalforsvaret og har som primær oppgåve å verne sivilbefolkinga i krig. Etaten er også statens beredskapsressurs og gjev støtte til naud- og beredskapsetatane i heile kriespekteret. Sivilforsvaret er ein sentral samvirkeaktør i det norske redningskonseptet. Naudetatane og særleg politiet, fylkesmenn og kommunar ber i aukande grad om bistand, og Sivilforsvaret sine kapasitetar og leveransar innan forsterking og samvirke er relevante og etterspurde.



Forsterking – beredskap

Statistikken over innsatsane frå Sivilforsvaret viser at behovet for forsterking frå Sivilforsvaret er aukande. I løpet av 2017 har Sivilforsvaret vore til hjelp ved totalt 202 hendingar. Til saman har 4 502 personar vore i innsats totalt 45 148 timer, noko som er ein auke på 15 000 timer frå same periode i 2016 og 20 000 timer meir enn i 2013 (24 466).




Foto: DSB.

Sett tilbake til 2013 er trenden ein jamm auke i Sivilforsvaret si deltaking ved hendingar. Talet på innsatsar varierer frå år til år, og ressursbruk avheng av omfanget av hendinga. Dette er naturleg årlege variasjonar då Sivilforsvaret sitt forsterkingsoppdrag er i eit breitt spekter av hendingstypar, blant anna som følgje av klima. Sivilforsvaret hjelper til ved handtering av store nedbørsmengder, flaum og uvêr, og også i sløkking av skogbrann ved tørt klima.



FIGUR 7. Sivilforsvaret sine innsatsar siste sju år.



FIGUR 8. Breidda i innsatsane til Sivilforsvaret.

Sivilforsvaret hjelpte også til i 2017 i handtering av mange ulike hendingar: Ved utfallet av EKOM i delar av Finnmark deltok Sivilforsvaret i Fylkesmannen sin beredskap. Både Telenor, Telia og kystradioen vart ramma og mange kommunar stod utan mobilnett, telefon og internett. Vidare hjelpte Sivilforsvaret brannvesenet både i samband med industribrann i Vestby, då eit av hovudlagera til ASKO vart ramma av brann og ved brann i eit større hageavfallsdeponi i Vestfold. Sivilforsvaret har vore til hjelp ved større gras/ lyngbrannar bl.a. i Rogaland og Nord-Trøndelag. På Lillehammer deltok Sivilforsvaret saman med brannvesenet då det brann i trehusbusetnaden i sentrum. I samband

med funn av bombe frå andre verdskrigen i Vestfold fekk politiet forsterking med telt/lys og varme, og vakthald og sikring. Sivilforsvaret har også delteke i fleire store søk etter sakna personar. Dei to største leiteaksjonane var i Finnmark, begge på nesten 4 000 timer. I september hjelpte Sivilforsvaret politiet i det tverretatlege planleggingsarbeidet for sykkel-VM i Bergen for å sikre forsterka beredskap ved arrangementet. I tillegg stilte Sivilforsvaret med mannskap og materiell under arrangementet som ein auka beredskap (5143 timer). Også i 2017 har Sivilforsvaret hjelpt politiet med vakthald og sikring ved rørsler i fjellpartiet Mannen i Møre og Romsdal.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

Innsatsstatistikken viser ein auke i breidd, og at leveransar innanfor vakhald, sikring, samband, telt lys og varme har auka. Sivilforsvaret sine Mobile forsterkingseininger (MFE) har vore i innsats, blant anna ved flaumen i Agder og Telemark, der einingane sine lensepumper var ein viktig kapasitet under hendinga. I samband med flaumen i Telemark inngjekk amfibiekøyretøy, som er under utprøving som ein del av beredskapen. MFE-materiell med større aggregat har vore ein del av Fylkesmannen sin beredskap ved meldt uvær og storm. Sivilforsvaret sitt innsatsrapporteringssystem blir brukt for oppfølging av læringspunkt og røynsler etter innsatsar.

Sivilforsvaret inngår i atomberedskapen i landet og utfører på oppdrag frå Statens Strålevern rutinemessige beredskapsmålingar på fleire hundre målepunkt over heile landet. Målingane dannar bl.a. grunnlag for å kunne sjå endringar i bakgrunnsstrålinga over tid. Det er i 2017 utført 1052 referanse-målingar som er rapporterte til Statens Strålevern. Dette utgjer 92 % av totalt krav til målingar (1143).

Etablering av kapasitetar ved store hendingar
For å styrke Sivilforsvaret si forsterkingsevne ved store og komplekse hendingar, blir det oppretta nasjonale mobile forsterkingseininger (MFE). Frå 2015 er det etablert MFE i Trondheim, Tromsø, Oppland, Bergen og Kristiansand. Vidare blir MFE etablert i Bodø februar 2018. Einingane er godt mottekne av naudetataane og andre styresmakter og er i perioden 2015–2017 vorte brukte ved fleire høve som t.d.: i flyktningehandteringa på Storskog (telt), ved store skogbrannar i Østfold (ATV), som beredskap knytt til ekstremvêr i Sogn og Fjordane (aggregat), ved flaum i Agder og Telemark (pumpekapasitet), ved bortfall av EKOM i Finnmark (sambandsmateriell) og no seinast i samband med fare for flaum i Trøndelag knytt til snøras i Driva (lyssetjing).

Etableringa av MFE styrker den operative evna til Sivilforsvaret. Høvet til å flytte materiell for å auke beredskapen, ikkje minst når det gjeld oftare obsvarsel i samband med ekstremvêr, er svært viktig. Vidare gjev desentralisering av nasjonale ressursar auka tilgjenge, kortare responstid og styrkt regional og lokal beredskap.



På oppdrag frå JD, er det som ei vidareutvikling av Sivilforsvaret si operative evne oppretta eit pilotprosjekt for bruk av amfibiekøyretøy, som ein kapasitet ved større flaumsituasjonar. Behovet kom fram i samband med storflaumen i Rogaland. Prosjektet inneber utgreiing, anskaffing, utprøving og evaluering. Utgreiinga er sluttført og det er anskaffa to amfibiekøyretøy. Desse vil testast ut i Rogaland og på Starum i 2018, og instruktørar og tenestepliktige er under opplæring. I samband med flaumen i Telemark hausten 2017 deltok amfibiekøyretøy som ein del av MFE i beredskapen i kommunane. Prosjektet skal levere sluttrapport med evaluering og tilråding innan utgangen av 2018.

Beredskap knytt til asylantar

For å styrke beredskapen knytt til asylantar er det i 2017 anskaffa lagerhall på Starum for lagring av UDI-materiell (senger, madrassar og telt). Utstyret har tidlegare vore lagra på innleigd lager. I tillegg er det anskaffa 10 teltpakker, beståande av telt, lys, områdebelysning, stolar og bord pakka på hengarar, som er fordelt ut til distrikt for å auke beredskapen med tanke på framtidige flyktningsituasjonar. Vidare har tenestepliktige mannskap sluttført vaksineprogrammet sitt. Det er også i 2017 gjennomført beredskapsmøte med UDI.

Styrke, kompetanse og øving

Røynsler har vist at samfunnet har behov for ein operativ ressurs med stort volum, bestående av organiserte, godt utrusta og trente avdelingar som kan vere til hjelp ved eit breitt spekter av hendingar. Den operative evna til Sivilforsvaret er avhengig av avdelingar bestående av mannskap og befal, med riktig kompetanse, personleg utrusting og nødvendig materiell. Det er summen av desse som avgjer om Sivilforsvaret har den nødvendige operative evna som er kravd for å kunne løyse oppdrag i tråd med forventningane i samfunnet i dag og framover. Samtidig viser DSB sine målingar og statistikk at styrkane manglar kompetanse, utrusting og nødvendig materiell, noko som blir stadfest av Konseptutredning Sivilforsvaret 2016.

**FIGUR 9.** Utvikling av operativ styrke dei siste 4 åra.**Gjenomsnitt tal timer øvd per tenestepliktig per år.****FIGUR 10.** Øvingsnivået for Sivilforsvaret siste 4 år.

Styrke

Tenesteplikt er fundamentet for verksemda Sivilforsvaret. I 2017 vart Stortinget sitt mål om ein total styrke i Sivilforsvaret på 8 000 nådd. Oppfyllingane per distrikt varierer frå 70 % til 116 % for mannskap. Oppfylling av befal er på totalt 67 % og varierer frå 42 % til 96 %. DSB vil i 2018 prioritere å gjennomføre fleire befalskurs for å auke befalsoppfyllinga.

Kompetanse

I 2017 gjennomførte Sivilforsvaret kurs for 723 tenestepliktige, fordelt på 551 grunnkursplassar og 172 befalskursplassar. På befalskurs for avdelingsleiarar var kursoppfyllinga 80 %, trass i at det manglar befal i avdelingane. Sivilforsvaret har behov for motiverte befal for å vareta Sivilforsvaret sitt leveransekrav og tryggleiken til mannskap. Mangel på befal kan i ytste konsekvens føre til at Sivilforsvaret må seie nei til oppdrag.

Med bakgrunn i Konseptutredning Sivilforsvaret 2016, løyvde regjeringa i Prop. 1 S (2017–2018) 9,4 millionar til innføring av ny godtgjeringsordning for Sivilforsvaret. Ny ordning skal sikre at sivilforsvarstjeneste i form av opplæring, øvingar og innsatsar ikkje blir ei stor økonomisk belastning for den enkelte. Det er grunn til å tru at den nye godtgjeringsordninga som blir implementert i 2018, med lønskompensasjon på inntil 6 G (grunnbeløpet i folketrygda), vil gje auka motivasjon for å gå inn i befalsrolle og deltaking på befalskurs.

Øving

Sivilforsvaret øvde i 2017 88 % av den operative styrken (6 329 tenestepliktige i avdeling). Gjennomsnittleg øvingstid per tenestepliktig var 12 timer for mannskap og 22 timer for befal. I Sivilforsvaret sine øvingsreglar er 24 timer sett som minimum årleg øvingstid for å halde ved lag kompetanse og sikre varetaking av HMS for dei tenestepliktige.


I 2017 vart øving av befal prioritert. Intensjonen var å betre tryggleiken til mannskap gjennom auka kompetansen hos befalet. Tiltaket har i nokon grad styrkt kompetansen til befalet, men det er for tidleg å seie om det har hatt ønskt effekt med tanke på tryggleiken til mannskap. Stadig lågare øvingsnivå gjev aukande bekymring hos distriktsjefar og nasjonal leiing i Sivilforsvaret for tryggleiken og den operative evna til mannskap.

Kvalitetskontroll av ferdigheiter av alle tenestepliktige

Lågt øvingsnivå vil over tid utfordre Sivilforsvaret si evne til å løyse oppdraga sine. For å ha kunnsskap om kompetansen til dei tenestepliktige har DSB i 2017 gjennomført ei kartlegging og kvalitetskontroll av kompetansen til dei tenestepliktige.

Kvalitetskontrollen bestod av både teoretiske og praktiske prøvar i enkeltmannsferdigheiter og vart i stor grad gjennomført som ein del av øvinga i 2017. Det vart gjennomført kontroll i 4 tema: køyring av brannpumper, livreddande førstehjelp (HLR), kart- og kompass og bruk av verne- og måleutstyr innanfor CBRN.

AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET



FIGUR 11. Resultat av kvalitetskontroll opp mot eit minimumskrav.

Kvalitetskontrollen synleggjorde nivået på teoretisk og praktisk kompetanse hos den enkelte tenestepliktige, og i tillegg den samla kompetansen i avdelingane, og gjev DSB og sivilforsvarsdistrikta god dokumentasjon på gjeldande kompetansenivå. Resultatet viser at kompetansenivået innanfor dei kontrollerte tema er for lågt. Det stadfester at dagens øvingsnivå ikkje er tilstrekkeleg for å halde ved lag kompetanse frå grunnkurs, befalskurs og spesialkurs. Evalueringa og tilbakemeldinga frå både tenestepliktige og tilsette ved distrikta er at kontrollen har gjeve god lærингseffekt. Resultata vil bli brukte i utvikling av øvingsplanar for ei meir målretta øving/opplæring og kvalitetskontrollen blir vurdert vidareført i 2018.

St.meld. 22 (2007–2008) legg som ein føresetnad for styrken på 8 000 tenestepliktige at alle skal øvast og opplærast med tanke på forsvarleg innsats ved større og komplekse hendingar. For å halde oppe kompetansenivået er det nødvendig å øve dei aktuelle fagområda kontinuerleg. Dagens økonomiske situasjon gjev ikkje rom for dette.

Materiell og utstyr

Materiellsituasjonen i Sivilforsvaret er prekær innanfor fleire område, og Sivilforsvaret vart i 2017 tildelt 2,5 mill. kr frå JD øyremerk til materiellanskaffingar. Midlane er brukte til å finansiere dei mest kritiske materiellmanglane. Alle dei øyremerkte midlane er nytta til anskaffing av nye vernedrakter og vernemaskefilter.

Det har ført til at materielltilstanden innanfor CBRNE-området er betra, sjølv om det framleis er store manglar innanfor området.

For det andre materiellet i Sivilforsvaret aukar etterslepet. Materiellet er prega av høg alder, stor slitasje og store manglar. Vidare har vi ein auke i skadar på materiell som kjem av både manglande kompetanse hos mannskap, og ein aldrande materiellpark. Spesielt er tilstanden for operative køyretøy svært dårlig, noko som utfordrar mobiliteten i avdelingane. Mange køyretøy bør derfor utfasast så snart det finst midlar til nyanskaffingar. Sivilforsvaret har framleis for få naudnett-terminalar ut frå det operative beovet avdelinga har.

Dagens økonomiske situasjon gjev ikkje rom for fornying av utstyr, og ein aldrande park av materiell gjev auka drifts- og vedlikehaldskostnader.

Sivilforsvaret i framtida

DSB har på oppdrag frå JD gjennomført Konseptutredning Sivilforsvaret 2016. Konseptutgreiinga vart lagt ut på høyring med høyringsfrist juni 2017. Det kom inn høyringssvar frå både offentlege etatar på lokalt, regionalt og sentralt nivå, og frå interessergrupper og private (tenestepliktige). Eit samandrag av høyringsinnspela, og tilrådinga frå DSB "Fremtidens sivilforsvar – DSBs anbefaling til ny organisering og sivile beskyttelsestiltak" vart oversendt JD 1. desember 2017, med rapporten "Sivile beskyttelsestiltak" som vedlegg. Tilrådinga i konseptutgreiinga står i hovudtrekk fast, men med nokre viktige presiseringar, justeringar og tillegg. Det blir blant anna tilrådd å vidareføre styrken på 8 000, styrke regionalt nivå og organisere mot FM og at kaserneringsutgår. Vidare føreslår ein å opprette eige budsjettkapittel for Sivilforsvaret. For å oppnå nødvendig styrking og innretning krevst det vesentlege og nødvendige investeringar for Sivilforsvaret i framtida. DSB tilrår at det i større grad blir lagt til grunn at Sivilforsvaret er ein statleg, folkerettsleg verna etat med primæroppgåve å planleggje og setje i verk tiltak for å verne sivilbefolkninga, miljø og materielle verdiar.



Foto: DSB.

3.3.6 SIVILT VERN

Sivilforsvaret si primær oppgåve er å verne sivilbefolkinga i krig og er verna etter Genèvekonvensjonen. Sivile vernetiltak er tiltak for å verne sivilbefolkinga mot farar frå fiendtlege handlingar eller katastrofar, og tiltak for å leggje forholda til rette for at befolkninga kan overleve.

Forsvarets forskingsinstitutt (FFI) har utgreidd tiltak for vern av sivilbefolkinga. Rapporten "Vurdering av samfunnets behov for sivile beskyttelsestiltak" vart overlevert DSB i 2016 og oversendt JD mars 2017. Ei tilråding om vidare arbeid med sivile vernetiltak vart oversendt som ein del av tilrådinga knytt til konseptutgreiinga – "Fremtidens sivilforsvar – DSBs anbefaling til ny organisering og sivile beskyttelsestiltak".

Tilfluktsrom


Noreg har i dag 25 000 tilfluktsrom med plass til om lag 2 500 000 personar. Desse er fordelt med ca. 300 000 plassar i offentleg tilfluktsrom og 2 200 000 i private. DSB har ansvar for forvaltning av tilsyn med tilfluktsrom og føretok i 2017 ca. 100 tilstandskontrollar. Føremålet er å sjå til at eksisterande tilfluktsrom er i forskriftsmessig stand, og kan klargjerast innanfor 72 timer ved ein eventuell beredskapssituasjon. Tilsynet viser at tilfluktsrom som også blir brukt til andre føremål, er i relativt god stand.

Tilsynet har ein positiv effekt gjennom å auke medvitet hos eigarane både med tanke på vedlikehald og den beredskapsmessige verdien av romma.

Det er gjennom tilsyna avdekt behov for auka kompetanse både hos eigarar av tilfluktsrom og internt i DSB og Sivilforsvaret. På bakgrunn av dette har DSB utarbeidd eit utdanningsprogram for tilsynspersonell i sivilforsvarsdistrikta og for tilfluktsromeigarar. Det vil i 2018 gjennomførast kurs for tilsynspersonell, som igjen vil vere ansvarlege for opplæring av tilfluktsromseigarar.

Modernisering av Sivilforsvaret sitt varslingsanlegg
Befolkinga i Noreg må sikrast eit varslingssystem som gjer det mogleg med mottak av varsel ved fare eller akutte hendingar som trugar liv og helse. Utfasing av FM-nettet i 2017 medførte at nytt styringssystem for Sivilforsvaret sine lydberarar måtte innførast. Sivilforsvaret har i 2017 installert nye styreskap for alle tyfonanlegg i landet. Dei nye lydberarane var på plass før FM-sløkkinga i kvart enkelt område. Siste FM-sløkkinga var 13. desember.

Sivilforsvaret har 1 244 operative varslingsanlegg. Det blir gjennomført to varslingsprøvar i året. Ved varslingsprøven i januar 2017 var 87 % av anlegga operative, og for juni var tilsvarande resultat 90 %. Ved varslingsprøven i januar 2018 var tilsvarande resultat 95 %, det beste som er registrert. Utskifting til nye lydberarar, saman med ein ekstra gjennomgang av alle anlegg, førte til at færre anlegg feila ved varslingsprøven i 2018.



FIGUR 12. Resultat av varslingsprøvar 2012–2018.

Mobilbasert befolkningsvarsling

Ifølgje berekningar frå FFI har dagens tyfonvarslarar ein dekningsgrad på ca. 50 %. I tråd med St. melding nr. 22 (2007–2008) og tilrådingar frå FFI har JD gjeve DSB i oppdrag å gjere ei vurdering knytt til mobilbasert varsling, som eit supplement til dagens tyfon-varsling. Meldingsformidling via offentlege mobilnett er rekna for å vere eit eigna supplement ved alvorlege, tryggingspolitiske kriser og ved katastrofer/-ulukker/-hendingar i fredstid, som krev rask informasjon frå styresmaktene til befolkninga i eit definert område. *Ved å innføre ei mobilbasert varslingsteneste vil ein kunne nå tilnærma alle, inkludert dei fleste utanfor dekningsområdet for tyfonanlegga og dei i befolkninga som av ulike årsaker ikke høyrer dei akustiske varsla.*

DSB har gjort ei førebels vurdering av teknologi knytt til mobilbasert varsling. Cell Broadcast (CB) er ein utprøvd teknologi, som kan levere meldingar ved stor trafikk i mobilnettet uavhengig av annan trafikk (tale, data eller tekstmeldingar). Det vil sikre robusthet også ved alvorlege hendingar, då mobilnettet erfaringmessig blir overbelasta. CB-meldingar varslar med eit eige signal, som skil seg frå vanlege SMS-ar og er sikrare mot falske meldingar.

3.4

RESSURSBRUK OG EFFEKTIVISERINGSTILTAK

3.4.1 EFFEKTIVISERINGSTILTAK

Digitalisering

Ut frå identifiserte behov har DSB gjennomført fleire digitaliseringsprosjekt. Digitalisering er ikkje eit mål i seg sjølv, men eit verkemiddel for å halde ved lag høg fagleg kvalitet og sikre ei effektiv og god forvaltning av applikasjonane.

Det er gjort fleire vurderingar av DSB sitt behov for fornying og effektivisering gjennom ny eller forbetringar av eksisterande teknologistøtte. Det er identifisert behov for betre løysingar for å utnytte informasjonen som blir samla i nn til kunnskapsformål, samt behov for automatisering av arbeidsprosesser.

Med ny organisering og ei eiga avdeling for kunnskapsutvikling og digitalisering arbeider DSB med å ta eit heilskapleg grep på prosjekt- og porteføljestyring framover. Dette vil legge til rette for å ha oversikt og innsikt for å forvalte heilskapen og forstå korleis faglege og teknologiske prosessar grip inn i kvarandre.

Nytt forvaltningssystem i Sivilforsvaret

DSB skal implementere nytt forvaltningssystem "Personell Logistikk Informasjon og Styring" (PLIS) for Sivilforsvaret. *Systemet gjev opning for auka digitalisering i kommunikasjon og arbeidsprosessar, og oppgåvedifferensiering og spesialisering nasjonalt og regionalt i etaten.* Designerarbeidet er gjennomført i samarbeid med leverandøren, Novacura Norge AS, og detaljspesifikasjonen er ferdigstilt. Vidare er drifts- og vedlikehaldsavtalar er signert. Den totale gjennomføringsfasen for prosjektet vil strekkje seg inn i 2019. DSB fekk i mai ein klage på tildelinga av PLIS-kontrakten frå ein av tilbydarane. Tilbydaren har valt å klage DSB inn for KOFA. Klagen er ved utgangen av 2017 ikkje avgjort.

3.4.2 FINANSIERING

Den samla verksemda, inklusive tidlegare DNK, hadde i 2017 disponibele midlar på til saman 2 057,7 millionar kroner. Tabellen på neste side spesifiserer dette.

Beløp i tusen kroner

| DSB SINE FINANSIERINGSKJELDER | 2017 | 2016 |
|---|------------------|------------------|
| Løyvingar og meirinntekter: | | |
| Kap 451 post 01 driftsutgifter DSB | 744 022 | 707 223 |
| Kap 456 post 01 driftsutgifter tidl. DNK ¹ | 178 453 | 550 221 |
| Kap 456 post 02 spesielle driftsutgifter – infrastruktur Naudnett | 335 522 | |
| Kap 456 post 22 spesielle driftsutgifter – tenester og produkt | 73 682 | |
| Kap 456 post 45 investeringar Naudnett | 605 125 | 598 097 |
| Merinntekt kap 3451 post 03 sals- og kursinntekter | 5 860 | 5 135 |
| Merinntekt kap 3451 post 06 refusjonar | 20 274 | 17 821 |
| Merinntekt kap 3451 post 40 sal av eigedom | | 5 240 |
| Merinntekt kap 3456 post 02 refusjon driftsutgifter | 1 172 | 6 892 |
| Merinntekt kap 3456 post 04 refusjonar, investeringar | 14 838 | |
| Andre løyvingar og fullmakter: | | |
| Kap 451 post 21 spesielle driftutgifter – brannområdet | 7 382 | 7 325 |
| Kap 451 post 70 tilskot | 6 338 | 6 165 |
| Fullmakter og løyvingar på andre kapittel | 35 063 | 61 824 |
| Sum finansiering alle kapittel og postar | 2 057 731 | 1 965 943 |

¹ Innhold i postane på kap 456 har vorte omgruppert i 2017 samanliknna med tidlegare år.**TABELL 8.** Finansiering.

Bevilgningen til driftsutgifter (kap 451) var 774 mill. kroner og utgjorde 37,6 % av samlet finansiering i 2017. Midlene benyttes til alle tjenester i DSB unntatt det nye området nød- og beredskapskommunikasjon. Sivilforsvaret benytter den største andelen av bevilgningen, og andre store områder er brann og redning med Norges brannskole og analyse og nasjonal beredskap med Nasjonalt utdanningssenter for samfunnssikkerhet og beredskap.

Driftsbevilgningen til nød- og beredskapskommunikasjon (tidligere DNK, kap 456) var 178,5 mill. kroner og utgjorde 8,7 % av total. I avdelingen forvaltes investerings- og driftsbevilgning til Nødnett, som i 2017 var på henholdsvis 605,1 mill. kroner (29,4 %) og 409,2 mill. kroner (19,9 %).

Disponible merinntekter²⁷ bidrog med 42,1 mill. kroner av finansieringa. Inntektene kjem fra sals- og kursinntekter ved skulane og diverse refusjonar og inntekter (meirinntekt på 26,1 mill. kroner) og meirinntekter som gjeld Naudnett (16 mill. kroner).

Fullmakter og andre løyvingar utgjorde 35,1 mill. kroner av finansieringa. Belastningsfullmakt frå UD til finansiering av delar av internasjonal verksemid i DSB var den største delen av dette beløpet.


Figuren på neste side viser den forholdsmessige fordelinga av dei ulike finansieringskjeldene.

²⁷ Inntekter ut over tildelt inntektskrav.


AKTIVITETAR OG RESULTAT DETTE ÅRET

3.4.3 UTGIFTSGRUPPER – KVA RESSURSANE HAR GÅTT TIL

Utgifter rapportert til løvvingsrekneskapen var 1 788 mill. kroner i 2017. Dette omfattar utbetalingar til løn og andre utbetalingar til drift, og utbetalingar til investeringar og finansutgifter²⁸ i heile DSB²⁹.



FIGUR 13. DSB si løvving og anna fiansiering.



FIGUR 14. Fordeling på utgiftsgrupper.

²⁸Omtalen her gjeld alle kapittel og postar unntake betalt meirverdiavgift. Sjå Oppstilling av artskontorrapportering med notar i årsrekneskapen, Del VI.

²⁹Den konsoliderte rekneskapen består av 831,3 mill. kroner i DSB eksl. NBK og 626,3 mill. kroner i tidlegare DNK (NBK).

Utbetalinaer til løn og godtgjersler var 562,9 mill. kroner, som utgjer 31,5 % av samla utgift. Av dette utgjorde utgifter til løn i faste og mellombels stillingar, diverse tillegg og overtidsgodtgjersle til saman 438,2 mill. kroner. Andre ytingar som inngår i totale lønsutgifter er godtgjersle til innkalla mannskap og befal i Sivilforsvaret, godtgjersle til ekstrahjelp og andre personalutgifter. Det har vore utbetalt slike ytingar med til saman 27,2 mill. kroner. Arbeidsgjevaravgift og pensjonsbetaling utgjorde 110,3 mill. kroner av totalbeløpet til løningar. Innbetalte sjukepengar og andre refusjonar inngår i totalbeløpet med 12,7 mill. kroner.

Driftsutgifter til Naudnett utgjorde 489,4 mill. kroner, som tilsvarer 27,4 % av total. Utgiftene omfattar site- leige og straum på basestasjonar, vedlikehald og drift av nettverk og kontrollrom, og tilleggsutgifter i samband med Naudnett-kontraktar.

Samla investeringsutgifter i utstyr var 437,4 mill. kroner i 2017. Av dette utgjorde investeringar i Naudnett-infrastruktur 329 mill. kroner (18,4 % av totalt utgift i DSB). Investeringar utanom Naudnett utgjorde 108,4 mill. kroner (6,1 % av total), som vart brukt til inventar, transportmiddel, ombyggingar, programvarelisensar, utstyr og materiell, bl.a. i Sivilforsvaret.

Kjøp av framande tenester utgjorde 89,7 mill. kroner, som tilsvarer 5 % av samla utgift. Utgifta består av konsulenttenester og andre kjøp av tenester frå eksterne, bl.a. til IKT-utvikling, kurs og undervisning. Beredskap og flytid for skogbrannhelikopter inngår også i framande tenester.

3.4.4 TENESTER – KVA RESSURSANE HAR GJEVE AV AKTIVITETAR OG TENESTER

Tenesteomgrepet blir brukt til å kategorisere ressursbruken i DSB på dei aktivitetane og tenestene som direktoratet utfører og leverer³⁰.

Tenesteomgrepet er teke i bruk med verknad frå 2017. For utgifter til varer, tenestekjøp og variable godtgjersler skjer fordelinga av ressursbruk på tenesteområde gjennom løpende utgiftstilordning, medan det for løn og sosiale utgifter førebels ikkje blir gjennomført ei detaljert ressursfordeling på

³⁰Teneste avløyste i 2017 omgropa ansvarsområde og verkemiddel, som finst i tidlegare rapportar.

tenesteområde. Lønsutgiftene³¹ var på 499,2 mill. kroner i 2017, og utgjorde 27,9 % av samla utgift i DSB. Ved utgangen av året hadde direktoratet med underliggjande verksemder 674 tilsette, av desse 647 fast tilsette. Gjennomsnittleg tal årsverk for året var 610.

Naud- og beredskapskommunikasjon utgjer det største tenesteområdet i DSB, målt i utgifter til varer og tenester (859,1 mill. kroner og 48 % av total). Området er nytt for DSB etter verksemどsoverdraginga av tidlegare DNK i 2017. Den største delen av utgiffa i 2017 gjekk til investeringar i Naudnett-infrastruktur (431 mill. kroner). Vidare vart det brukt til saman 369 mill. kroner i driftsutgifter til infrastrukturen i Naudnett og til tenester og produkt, som i hovudsak blir finansiert ved brukarbetaling.

Andre tenesteområde med ein viss del av total utgift er kapasitet og bistand (123,6 mill. kroner og 6,9 % av total) og *utdanning og kursverksemd* (80,5 mill. kroner og 4,5 % av total). Kapasitet og bistand omfattar i hovudsak utgifter i DSB sine operative funksjonar, det vil seie Sivilforsvaret og oppgåver på brannområdet og innanfor nasjonal beredskap. Utdanning og kursverksemd går føre seg på Norges brannskole, Sivilforsvarets kompetansesenter og Nasjonalt utdanningscenter for samfunnstryggleik og beredskap.

Andre tenesteområde, der ressursbruken i hovudsak kjem fram som løn i stillingar, er saksbehandling (løyve, godkjenningar mv.), innsatsar (Sivilforsvaret og internasjonalt), øvingar, internasjonal verksemd, tilsyn og marknadskontroll og oversikt og analysar. DSB har bl.a. ansvar for ei rekke lokale, nasjonale og internasjonale beredskapsøvingar. Utgifter til varer og tenester innanfor øvingar var 17,3 mill. kroner og utgjorde 1 % av samla utgifter til varer og tenester.

Til *felles tenestestøtte* vart det brukt 94,3 mill. kroner (5,3 % av total). Dette er fellestestenester ved DSB sitt hovudkontor som betener heile verksemda, og består av direktør- og HR-funksjon, IKT-drift og -utvikling, arkiv, økonomi, anskaffingar og eigedomsfunksjon, og andre kostnader som ikkje naturleg kan reknast til tenesteområda.

³¹Løn i stillingar. Talet er lågare enn tal for utgiftsgruppa løn og godtgjersler omtalt i forre avsnitt, bl.a. fordi godtgjersler til mannskap i Sivilforsvaret blir tilordna til tenesta "Kapasitet og bistand".

KAPITTEL

04

Styring og kontroll
i versemada



4.1

DSBS OVERORDNA VURDERING AV STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

DSB har mål- og resultatstyring som hovudprinsipp, og arbeider kontinuerleg med å utvikle og forbetre styringa i verksemda. Frå 2013 har DSB brukt eit digitalt leiings- og styringssystem for å stø opp om styringa i verksemda. Verktøyet sikrar oppfølging av og rapportering på direktoratets økonomi, mål- og resultatkrev, styringsparametere, forvaltning av regelverk m.m. og ulike nøkkeltal på ein effektiv måte.

Direktoratet gjennomførte hausten 2017 ein prosess for å utarbeide ein ny verksemdsstrategi som vil bli ferdigstilt tidleg i 2018. Strategien vil synleggjere kva område DSB skal prioritere og ha særleg merksemd på i dei neste to åra for at ønskete samfunns- og brukarmål skal nåast.

DSB meiner at samla måloppnåing er god. Sjå nærmare omtale under kapittel III.

Som følgje av verksemdsoverdraginga av Direktoratet for nødkommunikasjon (DNK) 1. mars 2017 vart det utført ei tilvarande eigenevaluering av den nye avdelinga i DSB for Naud- og beredskapskommunikasjon. Eigenevalueringane er no integrerte inn i ei felles evaluering som viser at internkontrollen er forankra hos leiinga og i stor grad tilpassa eigenarten til verksemda, risiko og kor vesentleg ho er. I tillegg viser evalueringa at ansvar, myndigkeit og roller i DSB er relativt tydeleg definert. Evalueringa viser like fullt at direktoratet med fordel kan vidareutvikle dei andre kjenneteikna på god internkontroll; betre oppfølging, struktur og dokumentasjon.

Som ein del av arbeidet med å vidareutvikle god struktur og dokumentasjon innan internkontrollen vedtok direktoratet hausten 2017 ein ny intern dokumentstruktur og nytt internt malverk til bruk i styring og kontroll av direktoratet. Ei kartlegging av dei interne styrande dokumenta i direktoratet viste eit mangfold av dokumentasjon - hovudsakleg oppstått som følgje av at DSB består av fleire direktorat som over tid er slegne saman. Revideringa av dei interne styrande dokumenta i direktoratet er planlagt ferdigstilt innan utgangen av framdriftsplanen for utvikling av einskapleg internkontroll i DSB.

4.2

RISIKOSTYRING OG INTERNKONTROLL

DSB sine overordna risikovurderingar tek utgangspunkt i måla i tildelingsbrevet og blir gjennomført kvart tertial. DSB sender, som tidlegare år, direktoratet sine risikovurderingar i skriftlege utgreiing til departementet. Risikovurderingar med tiltak for dei ulike måla blir registrerte også i leiings- og styringssystemet til direktoratet.

Direktoratet starta i 2016 opp eit arbeid med å utvikle heilskapleg internkontroll i DSB, og i den samanhengen vart det utført ei eigenevaluering av internkontrollen i DSB.

4.3

NÆRARE OMTALE AV FORHOLD KNYTTE TIL STYRING OG KONTROLL I DIREKTORATET

Uvissa knytt til avgjerd om ei verksemdsoverdraging av DNK inn i DSB ført til ein del fråfall av nøkkelkompetanse i tidlegare DNK. Tapt kompetanse er delvis erstatta under 2017. Det har vore viktig for DSB å halde oppe kvaliteten på naudnett-tenesta under denne perioden, samtidig som det har vorte vigd mykje merksemd og ressursar til tryggingsområdet og til spesielt IKT-integrering av det tidlegare direktoratet inn i DSB.

I 2017 har DSB også gjennomført eit omstillingsprogram for å setje oss i betre stand til å vareta pålagde roller og oppgåver, og for å tilpasse fagavdelingane våre til eit endra utfordringsbilete. Omorganiseringa har også hatt eit mål om å skape eit framtidig økonomisk handlingsrom, då dette er svært avgrensa i dag. Vidare har omstillingsprogrammet hatt eit mål om å lage ein meir forståeleg organisasjon som speglar samfunnstryggleikskjeda og dessutan endre fokuset i verksemda frå fag til funksjon, då fleire av oppgåvene i noverande organisasjon er funksjonelt like sjølv om faga er ulike. Dette gjeld arbeid med blant anna regelverk, forvaltning, analyse, tilsyn og rettleiing. Nytt organisasjonskart vil bli gjeldande frå 1. mars 2018.

4.4

ØKONOMISTYRING

DSB har fokus på effektiv ressursutnytting og har stram økonomistyring. Det blir produsert månadlege statusrapportar til leiinga med overordna økonomistatus. Vidare blir det utarbeidd tertialvis ei meir omfattande intern økonomirapportering med avviksforklaringer, analysar, nøkkeltal og årsprognose. I tillegg blir det gjeve ekstern rekneskapsrapportering tertialvis til departementet.

Som følgje av verksemsoverdraging av NBK har DSB vedteke å endre rekneskapsprinsipp, og implementert periodisert rekneskap med verknad frå 2018. Prosessen med overgang til nytt rekneskapsprinsipp vart påbyrja i juni 2017, med hovudfokus på etablering av opningsbalanse for samanslede direktorat. Etablering av opningsbalansen med oversikt over samla eidegar og gjeld, og tilsvarande verdsetjing har vore eit omfattande arbeid. Overgang til nytt rekneskapsprinsipp er vurdert å gje direktoratet ytterlegare grunnlag for god økonomistyring.

4.5

OPPFØLGING AV REVISJONSMERKNADENE FRÅ RIKSREVISJONEN

Riksrevisjonen hadde ingen merknader til rekneskapen for 2016, og fann heller ingen forhold som tilsa at direktoratet si disponering av løvvingane var i strid med administrativt regelverk for økonomistyring.

Riksrevisjonen si forvalningsundersøking knytt til Justis- og beredskapsdepartementet sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap i 2014–2015 vart følgt opp med ei ny oppfølgingsundersøking på dei same områda i 2016–2017. Resultatet av oppfølgingsundersøkinga vart publisert våren 2017.

Oppfølgingsundersøkinga viste forbetringar på alle område som vart undersøkte på ny. Riksrevisjonen peika like fullt på nokre forbetringsspunt og direktoratet er i jamleg dialog med departementet om vidare oppfølging av tilrådingane frå Riksrevisjonen. Direktoratet er orientert om at Riksrevisjonen vil gjennomføre ei ordinær treårsoppfølging av oppfølgingsundersøkinga.

4.6

PERSONALPOLITIKK OG LIKESTILLING

Delen kvinnelege leiarar

Delen kvinnelege leiarar i DSB er ved utgangen av 2017 på 37 prosent, ein auke på 3 prosentpoeng frå 2016 og 9 prosentpoeng samanlikna med 2013. I mars 2017 vart DNK ein del av DSB og dette påverkar delen kvinnelege leiarar i DSB.

I 2017 er det oppretta to funksjonar som assisterande direktørar i DSB, ei kvinne og eni mann. På avdelingsdirektørnivå er 6 av 10 kvinner (60 prosent), tilsvarande nivået for 2016. 13 av 25 avdelingsleiarar er kvinner (52 prosent), ein auke på 9 prosentpoeng frå 2016. Av 18 distriktsjefar i sivilforsvaret er 2 kvinner (11 prosent), ein nedgang frå 2016 på 5 prosentpoeng, som kjem av at ein kvinneleg distriktsjef slutta i 2017 og er ikkje erstatta. Blant regionsjefane og skoledirektørane er det utelukkande menn.

For å tiltrekkje fleire kvinner til leiarstillingane er DSB medviten om at utlysingstekstar skal spegle at leiarstillingar er attraktive for begge kjønn. I 2017 har DSB ikkje tilsett i leiarstillingar.

Likestilling

DSB har i fleire år jobba med IA-arbeidet og fekk i 2015 IA-prisen for den beste IA-bedrifta i Vestfold for offentleg sektor. I alle stillingsutlysningane går det fram at DSB ønskjer kvalifiserte søkerar som speglar mangfaldet i befolkninga med tanke på kjønn, alder og etnisk bakgrunn.

Lærlingar

DSB har i 2017 hatt fire lærlingar.

| LEIARAR I DSB PR. 31.12.2017 | 2017 | | | | Delen kvinner 2016 | Delen kvinner 2015 | Delen kvinner 2014 | Delen kvinner 2013 |
|---------------------------------|----------------|-------------|-----------|------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|--------------------------|
| | Tal Kvinner | Tal menn | Totalt | Delen kvinner | | | | |
| Direktør | 1 | 0 | 1 | 100 % | 100 % | 100 % | 0 % | 0 % |
| Assisterande direktørar | 1 | 1 | 2 | 50 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % |
| Avdelingsdirektør | 6 | 3 | 9 | 67 % | 60 % | 56 % | 56 % | 56 % |
| Avdelingsledere | 13 | 12 | 25 | 52 % | 43 % | 45 % | 40 % | 40 % |
| Distriktsjefar | 2 | 16 | 18 | 11 % | 16 % | 15 % | 15 % | 15 % |
| Regionsjefar | 0 | 5 | 5 | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % |
| Skoledirektørar | 0 | 2 | 2 | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % | 0 % |
| Totalt | 23 | 39 | 62 | 37 % | 34 % | 32 % | 28 % | 28 % |

TABELL 9. Fordeling leiarar i DSB 2013–2017.

STYRING OG KONTROLL I VERSEMADA

KAPITTEL

05

Vurdering av framtidsutsikter



VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Klimautfordringar

Alvorlege skogbrannar, hetebølgjer, flaumar og skred har teke liv og ført til enorme skadar. Også i Noreg ser vi ein auke i ekstremvêr, og meir vil kome på grunn av klimaendringane. Førebygging er eit nøkkelord i møte med desse utfordringane – det løner seg, men vi veit for lite om kva hendingane kostar samfunnet.

Førebygging krev tilstrekkeleg tilgjengeleg kunnskap. Dagens kunnskap har manglar, og er fordelt på mange aktørar. Eit skritt på vegen er prosjektet Kunnskapsbanken, som DSB leier. Saman med NVE, Statens vegvesen og andre aktørar i naturfareforum skal vi leggje til rette for å samle og dele kunnskap, først for naturfarar, andre område innanfor samfunnstryggleik vil inkluderast etter kvart. Prosjektet blir støtta av DIFI si (Direktoratet for forvaltning og IKT) medfinansieringsordning for digitalisering. Samarbeid om deling av data bidreg også til effektivisering av offentleg sektor.

Totalforsvaret

Dersom ein alvorleg situasjon oppstår, er det sivile samfunnet og Forsvaret gjensidig avhengige av kvarandre. Summen av dei sivile og militære ressursane i landet, som jobbar saman for å førebyggje og handtere kriser, væpna konfliktar og krig, kallar vi Totalforsvaret. Dataåtak, terrortrugslar og ei auka spenning mellom aust og vest er berre nokre av utfordringane Noreg står overfor. Derfor har Regjeringa opprettet eit program for å vidareutvikle Totalforsvaret og styrke motstandsdyktigheita i samfunnskritiske funksjonar. Totalforsvaret handlar om å bruke alle verkemiddel vi har i samfunnet på best mogleg måte.

Totalforsvaret ser på heile spekteret av grep samfunnet kan gjere. At kvaliteten på tilfluktsromma i landet er høgst varierande, er eitt døme. Varsling om fare og kommunikasjon med befolkninga under kriser er andre element som må fungere. Moderniseringa av totalforsvaret vil bidra til eit vesentleg nasjonalt løft for vår evne til å forsvare landet, verne befolkninga og halde oppe eit fungerande samfunn ved ei krise.

Omstilling og tilpassing av organisasjonen

Samfunnstryggleiks- og beredskapsbiletet er endra på få år, det er stilt store og nye forventningar til DSB, og tildelte økonomiske rammer er reduserte. DSB skal bidra til den politiske ambisjonen om avbyråkratisering og effektivisering, og det er behov for både tydelege prioriteringar og kraftige satsingar for å møte utfordringane. DSB har derfor sett i verk eit omstillingsprogram som går frå 2016–2018. Det kan også nemnast at DSB i 2018 opprettar eit prosjekt for vidare oppfølging av "Framtidens sivilforsvar – DSBs anbefaling av ny organisering og sivile beskyttelsestiltak".

VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

KAPITTEL

06

Årsrekneskap



6.1

LEIINGSKOMMENTARAR

Innleiing

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) er underlagt Justis- og beredskapsdepartementet (JD) og har hovudkontor i Tønsberg. 1. mars 2017 vart DSB gjennom ei verksemdsoverdraging slege saman med Direktoratet for naud- og beredskapskommunikasjon (DNK) i Oslo.

Arsrekneskapen er gjeven i samsvar med reglar om økonomistyring i staten, rundskriv R-115/2016 frå Finansdepartementet og instruks frå eige departement. Rekneskapen gjev eit dekkjande bilet av DSB sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld.

Løyvingsrapportering

DSB sin rekneskap på kapittel 451/456 og 3451/3456 blir rapportert etter kontantprinsippet. Avdeling NBK (tidlegare DNK) utarbeider i tillegg på kapittel 456/3456 for 2017 eit vedlegg til årsrekneskapen etter periodisert prinsipp. I 2018 vil verksemdsrekneskapen for alle kapitla i DSB bli utarbeidd etter periodisert prinsipp og statlege rekneskapsstandardar (SRS).

Samla finansiering for DSB (ekskl. NBK) i 2017 er 822,8 mill. kroner. Av dette er løyving til drift 774,0 mill. kroner på kapittel 451 post 01. Samla finansiering for avdeling NBK i 2017 er 1192,8 mill. kroner, av desse er 178,5 mill. kroner på kapittel 456 post 01. Fordeling på kapittel og post kjem fram av tabellane nedanfor.

| FINANSIERING 2017 – KAPITTEL 0451 (BELØP I MILL. KRONER) | LØYVING/ FULLMAKTER | REKNESKAP | AVVIK/ MINDRE UTGIFT |
|---|------------------------|--------------|----------------------------|
| Kapittel og post | | | |
| 0451 01 Driftsutgifter | 774,0 | 791,3 | (17,3) |
| 3451 03, 06 og 40 (75 %) Merinntekt | | (26,1) | 26,1 |
| Sum kapittel 0451 post 01 (inkl. merinntekt) | 774,0 | 765,2 | 8,8 |
| 0451 21 Spesielle driftsutgifter | 7,4 | 6,5 | 0,9 |
| 0451 70 Tilskot | 6,3 | 6,3 | - |
| Sum kapittel 0451 (inkl. merinntekt) | 787,7 | 778,0 | 9,7 |
| Fullmakter på andre kapitler | 35,1 | 27,2 | 7,9 |
| Sum | 822,8 | 805,2 | 17,6 |

| FINANSIERING 2017-KAPITTEL 0456 (BELØP I MILL. KRONER) | LØYVING/ FULLMAKTER | REKNESKAP | AVVIK/ MINDRE UTGIFT |
|---|------------------------|--------------|----------------------------|
| Kapittel og post | | | |
| 0456 01 Driftsutgifter | 178,5 | 157,1 | 21,4 |
| 3456 02 Merinntekt | | (1,2) | 1,2 |
| Sum kapittel 0456 post 01 (inkl. merinntekt) | 178,5 | 155,9 | 22,5 |
| 0456 21 Spesielle driftsutgifter | 335,5 | 295,0 | 40,5 |
| 0456 22 Spesielle driftsutgifter – tenester og produkt | 73,7 | 74,0 | (0,3) |
| 3456 03 Merinntekt | | 0,8 | (0,8) |
| 0456 45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald | 605,1 | 431,0 | 174,2 |
| 3456 04 Merinntekt | | (14,8) | 14,8 |
| Sum | 1192,8 | 942,0 | 250,8 |

TABELL 10. Beløp i mill. kroner.**Kapittel 451/3451**

Sum ordinære driftsutgifter i rekneskapen for 2017 på kapittel 451 post 01 er 791,3 mill. kroner, av desse er 26,1 mill. kroner finansiert av meirinntektsfullmakt på kapittel 3451 post 03 og 06.

På kapittel 451 post 21 Spesielle driftsutgifter er løyving til skogbrannhelikopter den største posten.

Tilskot på kapittel 451 post 70 gjeld overføring til sentrale samarbeidspartnalar som Stiftelsen Norsk brannvernforening, Norsk Elektroteknisk Komité og Norges Sivilforsvarsforbund.

Belastningsfullmakt på 28,6 mill. kroner er gjeven av Utanriksdepartementet til finansiering av internasjonal verksemid i DSB. Det er i år disponert 26,7 mill. kroner innanfor motteken fullmakt. Dessutan er det gjeve belastningsfullmakt på 5,8 mill. kroner frå Direktoratet for forvaltning og ikt (Difi) til medfinansiering av to IKT-prosjekt. Prosjekta er under oppstart og berre eit mindre beløp på 0,4 mill. kroner er disponert i 2017, men prosjekta blir vidareførte til 2018.

DSB sine totale inntekter på kapittel 3451 post 01 Gebyr er 130,5 mill. kroner for 2017. Inntektene er relaterte til gebyr for tilsyn på el-området, og avgifter av tilverking og omsetning på sprengstoffområdet og avgifter for ilandføring av olje og gass. Opphavleg inntektskrav er redusert med 13,6 mill. kroner pga. færre tilsyn. Det er total innbetalt 129,6 mill. kroner i gebyr i 2017.

Inntektskravet på kapittel 3451 post 03 er 25,6 mill. kroner i 2017, og det vart innbetalt totalt 31,5 mill. kroner fordelt på DSB si skule- og kursverksemid ved Norges brannskole, Nasjonal utdanning senter for sikkerhet og beredskap og Sivilforsvarets kompetansesenter. Inntektskravet på kapittel 3451 post 06 er 2,1 mill. kroner i 2017 og det vart innbetalt totalt 22,4 mill. kroner. Dei største enkeltbeløpa på post 06 er tenesterefusjonar frå Valdirektoratet med 4,3 mill. kroner, refusjon frå Helsedirektoratet for materiell med 3,9 mill. kroner og tilskot frå EØS-sekretariatet med 2,5 mill. kroner.

Det ligg føre meirinntektsfullmakt på post 03 og post 06, og meirinntektene blir brukte til å dekkje meirutgifter på kapittel 0451 post 01.

Kapittel 456/3456

Avdeling NBK (tidlegare DNK) blir finansiert av eigne løyvingar på kapittel 456/3456 inklusive driftsorganisasjonen for support og drift av brann- og andre brukarar sine kommunikasjonssentralar og radioterminalar (BTS/BDO), og driftsutgifter til Naudnett, rest på styringsramma og fellesfunksjonen. Vidare inngår investeringar ved avslutninga av Naudnett-utbygginga. Sum ordinære driftsutgifter i rekneskapen for 2017 på kapittel 456 post 01 er 157,1 mill. kroner, av desse er 1,2 mill. kroner finansiert av meirinntektsfullmakt på kapittel 3456 post 02.

Drifta av Naudnettet (infrastrukturen) blir belasta kapittel 456 post 21. Utgifta på 295,0 mill. kroner i 2017 vart fullt og heilt dekt av abonnementsinntekter frå brukarane på kapittel 3456 post 01.

Kapittel 456 Post 22 gjeld utgifter på tenester og produkt som blir tilbydd brukarane ut over abonnementsordninga, gjennom DSB sine avtalar med leverandørar, og desse blir refunderte av brukarane på kapittel 3456 post 03. Av totalt 74 mill. kroner i utgifter i 2017 er 72,8 mill. kroner betalt inn av brukarane.

Kapittel 456 post 45 dekkjer dei avsluttande investeringane i Naudnett og utstyr i kommunikasjonssentralar og radioterminalar. Enkelte av utgiftene blir refunderte frå brukarane på kapittel 3456 post 04.

Av totalt 431,0 mill. kroner i utbetalingar til investeringar i 2017 er 98,0 mill. kroner refundert av brukarane. Mindreforbruket på kapittel 456 post 45 på 174,2 mill. kroner kjem av forskyving av endeleg avslutning av utbyggingsprosjektet, og forskyving av utgifter til uttaks-meirverdiavgift knytt til overdraging av eigarskap av kontrollrom og utstyr.

Vi viser elles til Note B for nærmere forklaringar på vesentlege forhold.

Artskontorrapporteringa

Artskontorrapporteringa viser at netto utbetalt til drift er 1 344,5 mill. kroner, der utbetalingar til løn og sosiale utgifter utgjer 562,9 mill. kroner mot 417,6 mill. kroner i 2016. Andre utbetalingar til drift

er 781,6 mill. kroner mot 258,5 mill. kroner i 2016. Utbetalingane til investeringar er 437,4 mill. kroner mot 92,2 mill. kroner i 2016.

Mellomverande med statskassa utgjorde 36,1 mill. kroner per. 31.12.2017. Oppstillinga av artskontorrapporteringa viser kva eidelelar og gjeld mellomverande består av.

Tilleggsopplysningar

Rekneskapen blir revidert av Riksrevisjonen. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert. Revisjonsmeldinga er venta å liggje føre i løpet av mai 2018, og vil bli publisert på DSB sine nettsider, så snart dokumentet er offentleg.

Tønsberg, 15. mars 2018



Cecilie Daae

Direktør

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

6.2

PRINSIPPNOTE TIL REKNEKAPEN

Årsrekneskap for Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) er utarbeidd og gjeve etter nærmere retningslinjer fastsett i reglar om økonomistyring i staten ("reglane"), fastsett 12. desember 2003 med endringar, seinast 18. september 2013. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i reglane punkt 3.4.1, nærmere reglar i rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og eventuelle tilleggskrav fastsett av eige departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen.

Oppstillinga av artskontorapporeringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomverande med statskassen.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i reglane punkt 3.4.2 - dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i reglane punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja "Netto rapportert til løyvingsrekneskapen" er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemder er tilknytte statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i reglane pkt. 3.8.1. Ordinære forvaltningsorgan (bruttabudsjeterte verksemder) blir ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved slutten av året blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt ved overgang til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som DSB har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen som DSB har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle eidegar og forpliktingar DSB står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/post.

Mottekne fullmakter til å belaste ei anna verksemd sin kombinasjon av kapittel/post (belastningsfullmakter) visest ikkje i kolonnen for samla tildeling, men er omtalte i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastningsfullmakter er bokført og rapportert til statsrekneskapen og visest i kolonnen for rekneskap.

Gjevne belastningsfullmakter skal inkluderast i kolonnen for samla tildeling, men skal ikkje bokførast og rapporteras til statsrekneskapen fra direktoratet sjølv. Gjevne belastningsfullmakter skal bokførast og rapporteras av verksemda som har teke mot belastningsfullmakta og visest derfor ikkje i kolonnen for rekneskap. Dei gjevne fullmaktene skal kome fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal DSB har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. DSB har ein trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og visest derfor ikkje som inntekt i oppstillinga. Note 8 til artskonto-rapporteringa viser forskjellar mellom avrekning med statskassen og mellomverande med statskassen.

Endringar i 2017

Etter verksemdssoverdraginga av DNK 1. mars 2017 (der DNK vart ei avdeling (NBK) i DSB), har DSB vore i dialog med DFØ om korleis rekneskapen til DNK skal konsoliderast inn i DSB sin rekneskap. DFØ har avgjort at DNK/NBK skal konsoliderast inn i DSB sin kontantrekneskap for heile rekneskapsåret dvs. frå 1. januar til 31. desember 2017, medan samanlikningstala for 2016 i artskontooppstillinga og notane er utan DNK. I tillegg er det utarbeidd periodisert rekneskap for DNK for 2017, som vedlegg til kontantrekneskapen.

Frå 2017 er det innført ordning med at utgifter til pensjonspremie for fast tilsette skal betalast inn direkte til Statens pensjonskasse. Ordninga skal vere budsjettneytral, og DSB si ramme for 2017 er auka med 51,2 mill. kroner og DNK si ramme med 12,8 mill. kroner som kompensasjon for ordninga. (I RNB for 2017 er DNK si ramme redusert med 0,8 mill. kroner).

6.3

LØYVINGSRAPPORTERING

Oppstilling av løyvingsrapportering for rekneskapsår 2017

| Utgifts-kapittel | Kapittelnamn | Post | Posttekst | Note | Samla tildeling | Rekneskap 2017 | Meirutgift (-) og mindreutgift |
|--|---|------|--|------|-------------------|------------------|----------------------------------|
| 0451 | Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap | 01 | Driftsutgifter | A | 774 022 000 | 791 321 037 | -17 299 037 |
| 0451 | Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap | 21 | Spesielle driftsutgifter | A | 7 382 000 | 6 513 955 | 868 045 |
| 0451 | Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap | 70 | Tilskot | A | 6 338 000 | 6 338 000 | 0 |
| 0456 | Naud- og beredskapskommunikasjon | 01 | Driftsutgifter | A | 178 453 000 | 157 099 066 | 21 353 934 |
| 0456 | Naud- og beredskapskommunikasjon | 21 | Spesielle driftsutgifter-infrastruktur Naudnett | A | 335 522 000 | 295 037 803 | 40 484 197 |
| 0456 | Naud- og beredskapskommunikasjon | 22 | Spesielle driftsutgifter-tjenester og produkt | A | 73 682 000 | 74 031 861 | -349 861 |
| 0456 | Naud- og beredskapskommunikasjon | 45 | Større utstyrsskaffingar og vedlikehald | A | 605 125 000 | 430 968 234 | 174 156 766 |
| 0400 | Justis- og beredskapsdepartementet | 01 | Spesielle driftsutgifter | A | 700 000 | 66 750 | 633 250 |
| 0163 | Utanriksdepartementet - internasjonal verksemid | 70 | Tilskot | B | | 26 664 508 | |
| 0540 | Direktoratet for forvaltning og ikt | 25 | Diverse | B | | 435 225 | |
| 1633 | Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift | 01 | Driftsutgifter | | | 47 922 345 | |
| <i>Sum utgiftsført</i> | | | | | 1 981 224 000 | 1 836 398 783 | |
| <hr/> | | | | | | | |
| Inntekts-kapittel | Kapittelnamn | Post | Posttekst | | Samla tildeling | Rekneskap 2017 | Meirinntekt (+) og mindreinntekt |
| 3451 | Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap | 01 | Gebyr | A | 130 504 000 | 129 587 395 | 916 605 |
| 3451 | Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap | 03 | Diverse inntekter | A | 25 617 000 | 31 476 935 | -5 859 935 |
| 3451 | Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap | 06 | Refusjonar | A | 2 116 000 | 22 390 151 | -20 274 151 |
| 3451 | Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap | 40 | Inntekter ved sal av eigedom | A | 0 | 0 | 0 |
| 3456 | Naud- og beredskapskommunikasjon | 01 | Abonnementsinntekter | A | 317 318 000 | 295 184 703 | 22 133 297 |
| 3456 | Naud- og beredskapskommunikasjon | 02 | Refusjonar driftsutgifter | A | 22 514 000 | 23 685 649 | -1 171 649 |
| 3456 | Naud- og beredskapskommunikasjon | 03 | Refusjonar spesielle driftsutgifter-tjenester og produkt | A | 73 682 000 | 72 833 316 | 848 684 |
| 3456 | Naud- og beredskapskommunikasjon | 04 | Refusjonar større utstyrsskaffingar og vedlikehald | A | 83 182 000 | 98 020 311 | -14 838 311 |
| 5309 | Tilfeldige inntekter i det store og heile | 29 | Ymse | | | 1 035 035 | |
| 5700 | Arbeidsgivaravgift | 72 | Arbeidsgivaravgift | | | 63 050 126 | |
| <i>Sum inntektsført</i> | | | | | 654 933 000 | 737 263 621 | |
| <hr/> | | | | | | | |
| <i>Netto rapportert til løyvingsrekneskaperen</i> | | | | | | | |
| Kapitalkontoar | | | | | | | |
| 60046201 | Noregs Bank KK /innbetalingar | | | | | 197 825 244 | |
| 60046202 | Noregs Bank KK /utbetalinger | | | | | -841 711 144 | |
| 60090401 | Noregs Bank KK /innbetalingar | | | | | 631 768 352 | |
| 60090402 | Noregs Bank KK /utbetalinger | | | | | -1 087 507 793 | |
| 704100 | Endring i mellomverande med statskassen | | | | | 490 178 | |
| <i>Sum rapportert</i> | | | | | | 0 | |
| <hr/> | | | | | | | |
| Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskaperen | | | | | | | |
| Konto | Tekst | | | | 31.12.2017 | 31.12.201 | Endring |
| 704100 | Mellomverande med statskassen | | | | 36 146 448 | 35 656 | 490 178 |
| | | | | | 271 | | |

6.4

NOTAR TIL LØYVINGS-RAPPORTERING

Note A Forklaring av samla tildeling

| Kapittel og post | Overført fra i fjor ¹ | Tildelingane i år ² | Anna ³ | Samla tildeling |
|--|----------------------------------|--------------------------------|-------------------|-----------------|
| 0451 01 Driftsutgifter | 13 600 000 | 760 422 000 | | 774 022 000 |
| 0451 21 Spesielle driftsutgifter | 289 000 | 7 093 000 | | 7 382 000 |
| 0451 70 Overføringer til private | | 6 338 000 | | 6 338 000 |
| 0456 01 Driftsutgifter | 11 104 000 | 167 349 000 | | 178 453 000 |
| 0456 21 Spesielle driftsutgifter - infrastruktur Naudnett | | 335 522 000 | | 335 522 000 |
| Kap 0456 22 post 22 spesielle driftsutgifter – tenester og produkt | | 73 682 000 | | 73 682 000 |
| 0456 45 Større utstyrsskaffingar og vedlikehald | 113 900 000 | 491 225 000 | | 605 125 000 |
| 3451 01 Gebyr | | 130 504 000 | | 130 504 000 |
| 3451 03 Diverse inntekter | | 25 617 000 | | 25 617 000 |
| 3451 06 Refusjonar | | 2 116 000 | | 2 116 000 |
| 3456 01 Abonnementsinntekter etatsbrukarar og andre | | 317 318 000 | | 317 318 000 |
| 3456 02 Refusjonar driftsutgifter | | 22 514 000 | | 22 514 000 |
| 3456 03 Refusjonar spesielle driftsutgifter | | 73 682 000 | | 73 682 000 |
| 3456 04 Refusjonar stø rre utstyrsskaffingar og vedlikehald | | 83 182 000 | | 83 182 000 |
| 0400 01 Utgreiing 700 Mhz | | | 700 000 | 700 000 |

¹ Overføring av mindreforbruk i 2016 med 13,6 mill. kroner på kapittel 451 post 01, 0,3 mill. kroner på post 21, og 11,1 mill. kroner på kapittel 456 post 01 og 113,9 mill. kroner på post 45 er stadfest i tillegg til tildelingsbrev av 7.4.2017.

² I samsvar med revidert tildelingsbrev frå JD datert 1.3.2017 (kap 0451/0456 og 3451/3456)

I tillegg kjem følgjande, som ikkje er inkludert i oppstillinga (post 01):

- Overskridingsfullmakt med inntil fem prosent av løyvinga på kapittel 451 til modernisering av styringssystemet i Sivilforsvaret sitt varslingsanlegg (tyfonar) og utskifting av Sivilforsvaret sine forvaltingssystem, mot tilsvarende innsparing i løpet av fem påfølgjande år.

ÅRSREKNEKAP

I samsvar med tildelingsbrev frå JD datert 24.8.2017 endring av løyving i RNB 2017:

på kapittel 0451 post 01 med:

- 9,2 mill. kroner auke til drift inklusiv øyremerkt til Sykkel-VM med 2,5 mill. kroner og til førebyggjande arbeid innanfor samfunnskritisk verksemder med 1,7 mill. kroner under PFN (program for styrking av naudmeldingstenesta).

på kapittel 0456 post 01 med:

- 0,8 mill. kroner reduksjon til kompensasjon for utgifter til pensjonspremie.
- 28,05 mill. kroner auke pga. fasforskyving av utgifter til utbygging av Naudnett og auka kundemaske for driftsorganisasjonen komm. sentralar og radioterminalar.
- 20 mill. kroner reduksjon mot ein tilsvarende auke av løyvinga på post 45.

på kapittel 0456 post 22 med:

- 10,029 mill. kroner til auka utgifter for linjeleige til komm. sentralar og tredjelinje support og tilleggbestillingar frå brukarar av naudnett.

på kapittel 0456 post 45 med:

- 20 mill. kroner auke overført frå post 01.
- 134,7 mill. kroner auke som følgje av auka omfang av tilleggskjøp frå brukarar av Naudnett.
- 5 mill. kroner auke til forbetring av tryggleiken i Naudnett.

på kapittel 3456 post 02 med:

- 0,761 mill. kroner auke jf. postomtale kapittel 0456 post 01

på kapittel 3456 post 03 med:

- 9,926 mill. kroner auke jf. omtale under kapittel 0456 post 22

på kapittel 3456 post 04 med:

- 82,737 mill. kroner auke knytt til auka omfang av tilleggsbestillingar frå brukarar av Naudnett og fasforskyving av utgifter jf. omtale under post 45.

I samsvar med tildelingsbrev frå JD datert 24.8.2017 endring av løyving i RNB 2017:

på kapittel 0451 post 01 med:

- 9,2 mill. kroner auke til drift inklusiv øyremerkt til Sykkel-VM med 2,5 mill. kroner og til førebyggjande arbeid innanfor samfunnskritisk verksemder med 1,7 mill. kroner under PFN (program for styrking av naudmeldingstenesta).

på kapittel 0456 post 01 med:

- 0,8 mill. kroner reduksjon til kompensasjon for utgifter til pensjonspremie.
- 28,05 mill. kroner auke pga. fasforskyving av utgifter til utbygging av Naudnett og auka kundemaske for driftsorganisasjonen komm. sentralar og radioterminalar.
- 20 mill. kroner reduksjon mot ein tilsvarende auke av løyvinga på post 45.

på kapittel 0456 post 22 med:

- 10,029 mill. kroner til auka utgifter for linjeleige til komm. sentralar og tredjelinje support og tilleggbestillingar frå brukarar av naudnett.

på kapittel 0456 post 45 med:

- 20 mill. kroner auke overført frå post 01.
- 134,7 mill. kroner auke som følgje av auka omfang av tilleggskjøp frå brukarar av Naudnett.
- 5 mill. kroner auke til forbetring av tryggleiken i Naudnett.

på kapittel 3456 post 02 med:

- 0,761 mill. kroner auke jf. postomtale kapittel 0456 post 01

på kapittel 3456 post 03 med:

- 9,926 mill. kroner auke jf. omtale under kapittel 0456 post 22

på kapittel 3456 post 04 med:

- 82,737 mill. kroner auke knytt til auka omfang av tilleggsbestillingar frå brukarar av Naudnett og fasforskyving av utgifter jf. omtale under post 45.

Note B Forklaring på brukte fullmakter og berekning av beløp som kan overførast til neste år

| Kapittel og post | Stikkord | Meirutgift(-)/mindreutgift | Meirinntekter i samsvar med meirinntektsfullmakt på inntektsposten | Sum grunnlag for overføring | Maks. Beløp som kan overførast ¹ | Mogleg beløp som kan overførast |
|---|------------------|----------------------------|--|-----------------------------|---|---------------------------------|
| 0451 01 Driftsutgifter ² | | -17 299 037 | 26 134 086 | 8 835 049 | 38 021 100 | 8 835 049 |
| 0451 21 Spesielle driftsutgifter | "kan overførast" | 868 045 | | 868 045 | 14 048 000 | 868 045 |
| 0451 70 Tilskot | | 0 | | 0 | | |
| 0456 01 Driftsutgifters | | 21 353 934 | 1 171 649 | 22 525 583 | 8 367 450 | 8 367 450 |
| 0456 21 Spesielle driftsutg. infrastruktur Naudnett | | 40 484 197 | | 40 484 197 | 16 776 100 | 16 776 100 |
| 0456 22 Spesielle driftsutg. tenester og produkt ⁴ | | -349 861 | -848 684 | -1 198 544 | 3 684 100 | 0 |
| 0456 45 Større utstyrssanskaffingar og vedlikehald ⁵ | "kan overførast" | 174 156 766 | 14 838 311 | 188 995 077 | 990 093 000 | 188 995 077 |

¹ Maksimalt beløp som kan overførast er 5 % av årets løying på kapittel 451 post 01 og kapittel 456 post 01, post 21 og post 22. For kapittel 451 post 21 og kapittel 456 post 45 er maksimalt beløp som kan overførast, sum av årets løying 2016 pluss 2017.

² Meirinntekter av kapittel 3451 post 03, post 06, post 40.

³ Meirinntekter av kapittel 3456 post 02.

⁴ Meirinntekter av kapittel 3456 post 03.

⁵ Meirinntekter av kapittel 3456 post 04.

Mogleg beløp som kan overførast på kapittel 451 post 01 er 8,8 mill. kroner, der 1,4 mill. kroner ikkje blir søkt overført, som spesifisert nedanfor:

Beredskapstiltak i samband med auka asylinnkomstar

Av total mindreutgift på 1,0 mill. kroner i 2017 søker vi berre 0,1 mill. kroner overført til 2018 til dekning av leigekostnader og materiell som kom på i 2017, men skal betalast i 2018.

Auka beredskap sykkel-VM

Auka beredskap ved arrangementet er gjennomført og mindreutgiffa på 0,5 mill. kroner blir ikkje søkt overført til 2018.

Restbeløpet på 7,4 mill. kroner, som blir søkt overført, dekkjer ikkje heile finansieringsbehovet for JD-prosjekt, som ikkje er ferdigstilt og må overførast til 2018. Prosjekta må derfor også finansierast over den ordinære driftsramma til DSB. Det gjeld:

Mobile forsterkingseinigar i Sivilforsvaret

Mindreutgiffa på 0,4 mill. kroner blir søkt overført til 2018 for å dekkje kurs og opplæring av mannskap ved etablering i Bodø i februar 2018. Dette er sjette og siste MFE som blir etablert i prosjektet.

MFE er tidlegare etablert i Trondheim, Tromsø og på Starum, og i vidare i Bergen og Kristiansand i 2017. Etableringa følger fastsett plan med tanke på anskaffingar, opplæring og øving, og siste etablering i Bodø vil gjennomførast i februar 2018.

Anskaffing av amfibiekøyretøy i Sivilforsvaret

Mindreutgiffa på 0,1 mill. kroner blir søkt overført til 2018 for å dekkje kostnader til utprøving og evalueringssrapport. Prosjektet inneber utgreiing, utprøving og evaluering, der utgreiinga er ferdigstilt i 2017. Arbeidet med utprøving og evaluering strekkjer seg over i 2018.

Etablering av fagskule for brann- og redningspersonell

Regjeringa vedtok å opprette ein statleg fagskule for brann- og redningspersonell ved Norges brannskole, og det vart løybd 18,9 mill. kroner til dette arbeidet i 2017, der 3,5 mill. kroner av desse utgjer omstilling ved Noregs brannskole. Totalt utgiftsført på prosjektet er 13,5 mill. kroner med ei mindreutgift på 5,4 mill. kroner, som blir søkt overført til 2018. Omstillingsdelen av dette er 3,5 mill. kroner, medan andre prosjektkostnader utgjer 1,9 mill. kroner.

Arsaka til mindreutgifa er at omstillingsprosjektet ikkje er kome langt nok i prosessen til at kostnader har kunna bli realiserte. Resterande mindreutgift kjem i hovudsak av at det vart planlagt med innkjøp av brukarutstyr for ny fagskule som av anskaffingsårsaker ikkje lét seg gjennomføre i 2017.

Samlokalisering av 110-sentralane og politiet sine operasjonssentralar (SAMLOK)

I 2017 vart det løvv 49 mill. kroner til gjennomføring av samlokaliseringa. I tillegg vart det overført 10,3 mill. kroner frå tildelinga i 2016. Dette utgjer til saman 59,3 mill. kr disponibelt for prosjektet i 2017, der 33,3 mill. kroner av desse er utgiftsførte. Mindreutgifa på 26 mill. kroner kjem av at gjennomføringa av samlokaliseringsprosessane i Aust og Sør-Aust tek lenger tid enn først rekna med. Resterande midlar på 26 mill. kroner blir søkt overført til 2018. Igangsette prosessar som blir slutførte i 2018, har økonomiske forpliktingar, og resterande midlar vil bli brukte i desse prosessane.

Nytt forvaltningssystem i Sivilforsvaret (PLIS) må finansierast av overskridingsfullmakt

Dagens forvaltningssystem i Sivilforsvaret har veldig kort attverande levetid, og eit bortfall av Sivilforsvaret sine datasystem vil kunne få store og alvorlege konsekvensar. Det har ikkje vore mogleg å finansiere denne investeringa innanfor ordinær driftsramme, og DSB har fått godkjent søknad om å finansiere prosjektet med overskridingsfullmakt. Fordi fakturering av bl.a. lisenskostnadene knytte til milestolpar i prosjektet ikkje kom DSB tidsnok i hende for betaling i 2017, er berre 5,5 mill. kroner av den totale utgiftsramma på 24 mill. kroner utgiftsført i 2017. Pga. mindreutgifter på andre prosjekt finansierte av JD, kan ikkje overskridingsfullmakta nyttast i 2017, og utgifa på 5,5 mill. kroner blir ei meirutgift i den ordinære driftsrekneskapen til DSB. Det er gjeve ny overskridingsfullmakt for å finansiere resterande utgifter på 18,5 mill. kroner i 2018.

Avhending i Sivilforsvaret

I 2017 har det berre vore utgifter til avhending, som er belasta kapittel 451 post 01. Det vesentlege er utgifter knytte til miljøopprydding av Hauger magasin i Bærum. Anlegget vart selt i 2016 med inntekter i desember, medan oppryddingsutgiftene kom i 2017. Vidare er det nokre utgifter knytte til oppstart avhending av magasin Nyborg.

Salet vart gjennomfort seint i 2017, medan overtakinga av anlegget først er 1. februar 2018. Dette medfører at også innbetalinga kjem først i 2018.

NBK kapittel 456 post 01

Ein del av løyvinga på post 01 er knytt til styringsramma for landsdekkjande utbygging av Naudnett. Løyving i 2017 var 74,0 mill. kroner. Av desse vart 37,1 mill. kroner nedjustert i nysalderinga, og vil bli søkt reløyvd i RNB i 2018. Styringsramma er også budsjettet å skulle dekkje forventa meirforbruk knytt til Drift NBK med 20 mill. kr. Reelt meirforbruk til NBK Drift er på 15,7 mill. kr. Det gjev eit mindreforbruk på 13,7 mill. kroner, der 9,3 mill. kr kjem av at utgiftena i fleire prosjekt og aktivitetar er forskyvd til 2018. Særleg gjeld det stans i prosjekt knytte til Tiffany grunna utfordringar relaterte til tryggleik.

For BTS/BDO er det eit mindreforbruk i på 5,1 mill. kroner, og for Fellesfunksjonen er det eit mindreforbruk på 4,2 mill. kroner, og for support og drift av kommunikasjonssentralar og radioterminalar er det på kapittel 3456 post 02 mierinntekter på 1,2 mill. kroner.

Maksimalt mindreforbruk som kan overførast på kapittel 456 post 01 er 8,9 mill. kroner, som blir søkt overført til 2018.

NBK kapittel 456 Naudnett post 21 post 22 og post 45

Andre utgiftsløyvingar på kapittel 456 gjeld drift og investeringar i Naudnett. Driftsutgiftene blir i hovudsak dekte av brukarane gjennom abonnementsinntekter og refusjonar.

På post 21 er det utgifter til utstyr, linjeleige, drift og vedlikehald av basestasjonar, og desse blir i stor grad dekte av brukarane av Naudnett i form av abonnementsinntekter på kapittel 3456 post 01. Abonnementsinntektene er 22,1 mill. kroner lågare enn budsjett. Dette kjem av at enkelte kundar betaler faktura tilhøyrande 2017 i 2018. Differansen gjeld spesielt frivillige organisasjonar og avklaring av mva.-kompensasjon, som ligg til behandling hos JD.

Det er ei mindreutgift på post 21 knytt til infrastruktur Naudnett og kostnader knytte til kontrakt med Motorola. Dette kjem av årleg oppgjev av kostnadstak knytt til transmisjon og siteleige.

I 2017 får ein ein to-års effekt grunna tidlegare oppgjev frå Motorola. Mindreutgifa på 16,8 mill. kroner blir søkt overført til 2018.

Post 22 gjeld tenester og produkt som blir tilbydd brukarane ut over abonnementsordninga, gjennom DSB sine avtalar med leverandørar, og desse blir refunderte av brukarane på kapittel 3456 post 03. Netto er det meirutgift på post 22 (inkl. justering for mindreinntekt Post 45) dekkjer dei avsluttande investeringane i radionett og utstyr

Mottekne belastningsfullmakter

| Kapittel og post | Fullmaktsbeløp | Utgifter | Ubrukt |
|---|-------------------|-------------------|------------------|
| 0163 70 UD - internasjonal verksemd ¹ | 28 563 120 | 26 664 508 | 1 898 612 |
| 0540 25 Difi - Medfinansieringsordninga for lønsame IKT prosjekt ² | 5 800 000 | 435 225 | 5 364 775 |
| Sum | 34 363 120 | 27 099 733 | 7 263 387 |

¹UD internasjonal verksemd omfattar drift av Norwegian Support Team (NST), samarbeidet med UNDAC og internasjonalt arbeid med katastrofeforebygging og klimatilpassing. Fullmaktsbeløpet inkluderer delkontingent på 3,1 mill. kroner til samordningsmekanismen i EU.

Gjennom fullmaktsbrevet finansierer UD 31,4 mill. kroner. Av dette gjeld 2,8 mill. kroner internasjonale kurs på Starum, der utgifa blir belasta på DSB sitt kapittel og refundert frå UD.

Resterande 28,6 mill. kroner kan belastast UD sitt kapittel etter fullmakta. Det vart brukt til saman 26,7 mill. kroner, og 1,9 mill. kroner vart fristilt til disposisjon for UD. I beløp var den største posten i årets internasjonale aktivitetar 11,5 mill. kroner til innsats i Irak – humanitært bidrag gjennom samordningsmekanismen i EU. Utgiftene gjaldt Noreg sin del av transportkostnader, og gjenanskaffing av utsendt materiell. Vidare vart det brukt 5,3 mill. kroner til Norsk Emergency Medical Team, der rekruttering av personell og gjennomføring av kompetansestiltak er i samsvar med plan. Alle planlagde anskaffingar er gjennomferte, og sertifisering av EMT vil skje i februar 2018. Det vart brukt 4,3 mill. kroner til NST, som har gått til opplæringsstiltak med fokus på tryggleik, og til suppleringkjøp av utstyr, bl.a. innan påkleding og kjøken. NST har ikkje vore i regular innsats i 2017. Det har også vorte brukt 2,7 mill. kroner innanfor fullmakta til EU sin innsats i tredjeland. Inkludert i dette er UD sin del av Noreg sin kontingent til samordningsmekanismen i EU.

i kommunikasjonssentralar og radioterminalar. Enkelte av utgiftene blir refunderte på inntektspost 04. Det er mindreutgift på post 45 knytt til investeringar over styringsramma. Dette kjem av forskyving av endeleg avslutning av utbyggingsprosjektet, og uttak mva. knytt til overdraging av eigarskap av kontrollrom og utstyr. Dette vil skje i 2018, og mindreforbruket på 189 mill. kroner blir søkt overført.

²Difi (Direktoratet for forvaltning og IKT) har gjeve belastningsfullmakt i samband med "medfinansieringsordningen for lønnsomme IKTprosjekter", til dekning av utgifter til Nasjonal løysing for farlege produkt (3,8 mill. kroner) og Kunnskapsbanken (2 mill. kroner). Det er gjeve tilsegn om medfinansiering i 2017 og 2018 for den førstnemnde, og i 2017, 2018 og 2019 for Kunnskapsbanken.

Prosjektet for Nasjonal løysing for farlege produkt starta med konseptfase i 2016. Det er engasjert ein ekstern prosjektleiar som er i ferd med å utarbeide ein detaljert prosjektplan for å vareta framdrift og kostnader. Andre midlar i prosjektet vil kome frå det ordinære budsjettet DSB har, og andre deltakande styresmakter på produktområdet. Det er ikkje brukt midlar frå fullmakta i 2017, og etter avtale med Difi vil midlane kunne nyttast i 2018.

Det blir rapportert at arbeidet med Kunnskapsbanken er godt i gang. Heile beløpet vart ikkje nyttta i 2017 som følgje av at prosjektet ikkje hadde kome langt nok i forhold til å få utnytta budsjettet. Det er avklart med Difi at ubrukte midlar kan overførast til 2018. DSB si eigenfinansiering til Kunnskapsbanken blir det gjennom interne arbeidstimar. Prosjektet har ikkje møtt på nokon utfordringar med å allokere fagressursar til arbeidet. Ressursinnsats frå dei to eksterne samarbeidspartnerane skal tilsvare 1 mill. kroner.

6.5

ARTSKONTORAPPORTERING

| | Note | 2017 | 2016 |
|--|------|----------------------|--------------------|
| Driftsinntekter rapportert til løyvingsrekneskapen | | | |
| Innbetalingar frå gebyr | 1 | 129 587 395 | 147 494 209 |
| Innbetalingar frå tilskot og overføringer | 1 | 4 666 359 | 9 385 337 |
| Sals- og leigeinnbetalingar | 1 | 535 613 073 | 40 542 952 |
| Andre innbetalingar | 1 | 3 235 054 | 7 339 606 |
| Sum innbetalingar frå drift | | 673 101 881 | 204 762 104 |
| Driftsutgifter rapportert til løyvingsrekneskapen | | | |
| Utbetalingar til løn | 2 | 562 928 603 | 417 558 625 |
| Andre utbetalingar til drift | 3 | 781 563 966 | 258 546 122 |
| Sum utbetalingar til drift | | 1 344 492 570 | 676 104 747 |
| Netto rapporterte driftsutgifter | | 671 390 689 | 471 342 643 |
| Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen | | | |
| Innbetaling av finansinntekter | 4 | 76 580 | 27 835 |
| Sum investerings- og finansinntekter | | 76 580 | 27 835 |
| Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen | | | |
| Utbetaling til investeringar | 5 | 437 393 423 | 92 205 534 |
| Utbetaling av finansutgifter | 4 | 252 446 | 24 451 |
| Sum investerings- og finansutgifter | | 437 645 869 | 92 229 985 |
| Netto rapporterte investerings- og finansutgifter | | 437 569 290 | 92 202 150 |
| Innkrevjingsverksem og andre overføringer til staten | | | |
| Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m. | 6 | 153 280 | 141 720 |
| Sum innkrevjingsverksemdog andre overføringer til staten | | 153 280 | 141 720 |
| Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten | | | |
| Utbetalingar av tilskot og stønader | 7 | 6 338 000 | 6 165 000 |
| Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer til andre | | 6 338 000 | 6 165 000 |
| Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel | | | |
| Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309 inntekt) | | 881 755 | 793 722 |
| Arbeidsgjevaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700 inntekt) | | 63 050 126 | 45 652 835 |
| Nettosøringsordninga for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift) | | 47 922 345 | -38 128 115 |
| Sum inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel | | -16 009 536 | 8 318 442 |
| Netto utgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen | | 1 099 135 162 | 561 249 630 |

Oversikt over mellomverande med statskassen

| Eigedalar og gjeld | 31.12.2017 | 31.12.2016 |
|--|-------------|-------------------|
| Fordringar | 54 832 974 | 239 747 |
| Skuldig skattetrekk | -17 002 622 | -19 351 204 |
| Skuldige offentlege avgifter | -1 596 867 | -226 569 |
| Anna gjeld | -87 036 | -932 898 |
| Sum mellomverande med statskassen | 8 | 36 146 448 |
| | | -20 270 923 |

6.6

NOTAR TIL ARTSKONTORAPPORTERING

Note 1 Innbetalingar frå drift

| | 2017 | 2016 |
|---|--------------------|--------------------|
| <i>Innbetalingar frå gebyr</i> | | |
| Avgift for tilsyn på el-området ¹ | 65 199 610 | 81 130 615 |
| Avgift for førsteleddsomsetning ² | 64 387 784 | 66 363 594 |
| <i>Sum innbetalingar frå gebyr</i> | 129 587 395 | 147 494 209 |
| <i>Innbetalingar frå tilskot og overføringar</i> | | |
| Tilskot frå EU | 35 792 | 3 528 329 |
| Tilskot frå organisasjon og stiftingar | 1 028 244 | 0 |
| Tilskot frå næringsliv og private | 0 | 1 260 000 |
| Andre tilskot og overføringar | 3 602 322 | 4 597 009 |
| <i>Sum innbetalingar frå tilskot og overføringar</i> | 4 666 359 | 9 385 337 |
| <i>Sals- og leigeinnbetalingar</i> | | |
| Salsinmbetaling varer ³ | 1 817 223 | 2 105 790 |
| Salsinmbetaling tenester | 532 593 445 | 37 580 472 |
| Leigeinnbetaling fast eigedom | 1 202 406 | 856 691 |
| <i>Sum sals- og leigeinnbetalingar</i> | 535 613 073 | 40 542 952 |
| <i>Andre innbetalingar</i> | | |
| Salsinmbetaling anleggsmiddel | 760 060 | 7 334 995 |
| Anna driftsrelatert innbetaling | 2 474 994 | 4 611 |
| <i>Sum andre innbetalingar</i> | 3 235 054 | 7 339 606 |
| <i>Sum inntekter rapportert til løvingsrekneskapen</i> | 673 101 881 | 204 762 104 |

¹ Avgift for tilsyn på el-området inkluderer tilsyn med sterkstraumanlegg og elektromedisinsk utstyr.

² Avgift er kravd for førsteleddsomsetning av petroleumsprodukt og løysingsmiddel, for islandføring av petroleumsprodukt i røyrleidning frå sjøområde, og for førsteleddsomsetning av sprengstoff og krut. Innbetalingane er avhengige av føregåande års omsetning- og/eller produksjonsnivå.

³ Innbetalingar refusjonar frå brukarar av Naudnett (for 2017) og innbetalingar frå kursverksemd ved Noregs brannskole, Sivilforsvarets kompetansesenter og Nasjonalt utdanningssenter for samfunnstryggleik og beredskap.

Note 2 Utbetalinger til løn

| | 2017 | 2016 |
|---|--------------------|--------------------|
| <i>Utbetalinger til løn og sosiale utgifter</i> | | |
| Løn ¹ | 438 200 882 | 357 760 992 |
| Arbeidsgjeveravgift | 63 065 095 | 45 652 835 |
| Pensjonsutbetalinger | 47 176 226 | 0 |
